

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**



Årbok 2010  
Samnanger historielag

2010

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**  
*2010*



## Innhald

|                                                |         |
|------------------------------------------------|---------|
| Føreord                                        | side 7  |
| Minne frå krigsåra                             |         |
| <i>Av Aud Nygård</i>                           | side 9  |
| Klokkargarden i Samnanger                      |         |
| <i>Av Knut Tveit</i>                           | side 47 |
| Krigsåra 1940 til 1945                         |         |
| <i>Av Knut Tveit</i>                           | side 58 |
| Strabasiøs tur over Nordsjøen                  |         |
| <i>Intervju med Leif Utskot</i>                | side 62 |
| Tysse-minne frå 1950-åra                       |         |
| <i>Av Marit Fjæreide (Gåsda)</i>               | side 67 |
| Livet på Haga for 60 - 70 år sidan             |         |
| <i>Av Ingvald Haga</i>                         | side 69 |
| Isfiske                                        |         |
| <i>Av Solveig Røen</i>                         | side 76 |
| Vevgogn til perlebelte                         |         |
| <i>Av Hanne Y. Aadland</i>                     | side 83 |
| «Sterke-Nils'n» - Nils Dyrhovden (1907 - 1955) |         |
| <i>Av Bente Kleivane Getz</i>                  | side 87 |
| Rettingar                                      | side 89 |
| Årsmelding for Samnanger historielag           | side 90 |



## Føreord

I år (2010) er det 70 år sidan Noreg vart okkupert av Tyskland og nordmenn flest fekk kjenna korleis dette påverka liva deira. I denne utgåva av «Gamle dagar i Samnanger» er hovudvekta difor lagt på artiklar som har med krigen å gjera. Både Aud (Høysæter) Nygård og Knut Tveit minnest barndom og oppvekst under krigen, medan Leif Utskot fortel om ein heilt spesiell tur over Nordsjøen i kjølvatnet av krigen.

I årboka finn du elles barndomsminne frå Reistad, Tysse og Haga, du kan lesa om isfiske på Samnangerfjorden, om «Sterke-Nils'n» som no har fått ein ost oppattkalla etter seg og om eit par heilt spesielle små vevstolar som har dukka opp på Ådland.

Stor takk til alle artikkelforfattarane!

Ingvald Haga, som har skrive om livet på Haga i gamle dagar, gjekk bort tidlegare i år.

Om du som lesar let deg inspirera til å skriva om egne opplevingar for så å dela med andre, er me sjølvsagt umåteleg takksame for det. Ta gjerne kontakt med underteikna eller andre i Samnanger Historielag dersom du har spørsmål kring dette.

**Magda Haugen, redaktør**





*Denne artikkelen er skriven i 2000 og er eigentleg ei forteljing som Aud Nygård (fødd Høysæter) har skrive til sine etterkomarar. Me har fått lov å nytta artikkelen som her vert attgjeven i ei noko avkorta form. Me har vektlagt det som har med kvardagslivet og personlege opplevingar å gjera. Skildringane om dei militære bevegelesane og kampane har me i stor grad utelete då dette er historie som kan lesast i andre bøker.*

*Aud Nygård er fødd og oppvaksen på Høysæter. Foreldra hennar var Amanda (1898 - 1979) f. Nordbø og Engel Høysæter (1894 - 1984). Mor hennar var lærarinne og dei budde difor i skulehuset på Høysæter. Det var heilt vanleg rundt om i grendene at læraren budde med sin familie i skulehuset. Aud var fødd i 1929 og hadde fire søsken: Kåre f. 1923, Bjørg f. 1931, Egil f. 1934 og Agnar f. 1941.*

## **Minne frå krigsåra**

*Av Aud Nygård*

*9. april 1940*

9.april 1940! Det er ein dato som står meisla inn i minnet. Ingen annan dato frå heile livet mitt – korkje gode eller triste minnedatoar – er så fastbrente. Det er den dagen eg hugsar som den første med verkeleg uro og ein uklar angst. Noko heilt utruleg og uhyggeleg hadde hendt! DET VAR KRIG I VÅRT LAND!

Dagen byrja som ein heilt vanleg dag. Eg gjekk i skulestova til bibel-soga i første time, og visste ingenting før i første friminutt.

*Aud Nygård fekk i si tid nokre personar til å lesa gjennom det ho hadde skrive. Ein av dei var Atle Drageset, fødd 1928, frå Børdalen. Han hadde følgjande merknad her: Før me ungane gjekk heim 9.april, avslutta mor til Aud skuledagen med å lesa Fadervår. Så song me Gud signe vårt dyre fedreland.*

Frå skulestova og inn i vårt husvære var det berre nokre steg, og eg hadde eitt eller anna ærend på kjøkkenet vårt. Hilda i Svendsdalen var hushjelp hos oss då, og ho var komen etter at me gjekk i skulen. I Svendsdalen hadde dei radio, og dei hadde høyrt at tyskarane hadde

gått til åtak på landet vårt. Dei hadde alt okkupert Bergen, det var krig. Eg ser enno for meg mor og Hilda som sto der så alvorlege, og eg kan endå kjenna den lammande følelsen. Krig! Det var uverkeleg. Gru-somt! Truande! Eg hadde ei rar kjensle av at eg krympa og blei veldig liten. Og FAR! Far som var på Ulven og var offiser! KVAR VAR HAN NO?

Det vart ikkje meir skule den dagen. Me fekk fri, alle ungane vart sende heim. Eg gjekk for meg sjølv bak huset, der sette eg meg og grov og grov i snøen med hendene. Eg tenkte mest på far som no truleg var i krig. Krig var noko forferdeleg noko, og eg hadde ei førestilling om at få eller ingen kom levande frå krig. Tuna-Trino – bestemor til venninnene våre – hadde ein bror som hadde vore i krigen, og han var den einaste eg visste om som hadde kome frå krigen i live. Kom far til å bli drepen no? Eg kan ikkje hugsa at eg fraus der eg sat i



*Bilete av familien teke under krigen. Frå venstre Aud (som har skrive artikkelen), Engel, Egil, Agnar (på armen til mora), Amanda og Bjørg.*

snøen, heller ikkje kva mor sa med oss syskena. Men eg kjenner endå tyngsla.

Seinare fekk me helsing frå far, at han var på veg til Voss. Kåre gjekk på framhaldskule på Tysse, og den skulen stengde og dørene. Truleg kom Kåre heim utpå dagen 9.april. Om det var han som kom med helsinga frå far, hugsar eg ikkje. Men han hadde i alle fall fått vita at far hadde vore i bygda tidleg på dagen og sett opp mobiliseringsordre på Ådland. I alle fall fekk me ei helsing om at han var på veg til Voss. Eg hugsar lette – han var då i live.

Far døydde ein 9.april, men ikkje før i 1984. Då var han 90 år.  
*(Så fortel Aud litt om kva som egentleg hadde skjedd med faren og om realitetane i kampene som gjekk føre seg her på Vestlandet)*

### *Onsdag 10. april*

Tidleg om morgonen kom ein gut frå Langeland på ski, og skulle gå over fjellet til Voss. Eg trur det var Botna-Johannessen. Han var svært ivrig etter å kunna kjempa mot tyskarane. Dei skulle UT! Forsvars-viljen var stor. Eg hugsar at etter overgjevinga såg me med litt forakt på dei som ikkje hadde vore med å forsvare landet vårt.

Evakueringa frå Bergen var i full gang 9.april, men eg trur ikkje det kom nokon til oss før dagen etter. Etter kvart vart det fullt i alle hus. Bygdefolket laga plass og opna dørene. Det vart stort sett tydd til slekt og kjende, men det vart ikkje nok. Alle ville hjelpa så langt dei kunne, og litt meir -. Hos oss budde det fire vaksne og to born. Mor kjende ei av dei; Kristine Haugland frå Ullvareutsalget i Bergen. Ho kom saman med ein ven, Hilmar, og broren Johannes med familien sin. Kona hans heitte Alma, og dei hadde to små born. Kristine og Johannes var frå Valevåg i Sunnhordland. Men å reisa sjøvegen dit var uråd då.

Mor med Egil flytta ut av arket, dei laga seg plass på kontoret, og familien Johannes fekk arket. Kvar me andre vart plasserte, kan eg ikkje hugsa. Det vart nok ”slunkabol” rundt i huset. Kristine og Hilmar fekk truleg det andre soverommet oppe. Me ungane hadde aldri noko mot å liggja på flatseng. Men eg kan tenkja meg at det var trongt på kjøkkenet og ved komfyren, det var ikkje så stort kjøkken me hadde. Men mor var van med trafikk der og. Eitt av abera med å bu i eit skulehus, var at vårt kjøkken måtte brukast ved juletefestar, basarar

og tilstellingar elles i krinsen.

I alle fall kan eg ikkje hugsa anna enn at gjekk fint. Mangt var bagatellar slik tilhøva var desse aprildagane. Me borna fann det nok litt spennande og, med så mange ukjende i huset. Og så tok det tankane litt vekk frå suta for far og frå krigen. Me var ofte innom på arket. Det var kjekt å høyra på småjenta Kari når ho song "Liten ekorn satt...". I staden for at ørna fekk lyst på kjøt, song ho: "Lyst på fløte den får". Det var no litt meir finsleg, men ørna "forterte den med hud og hår" likevel. Og så var det moro å sjå at Johannes hadde fått med seg ein raggsokk av kvart slag i farten då han rømde byen. Det var faktisk litt å le av; både ørna som ville ha fløyte og sokkane som ikkje var par.

### *Torsdag 11. april – laurdag 13. april.*

Dagar og datoar går litt over i einannan. Men det er i alle fall ei lita rettesnor om "begivenhetenes gang".

Det var mykje flytrafikk over oss etter kvart. Og lyden av fly på veg til Voss var nifs. Me var redde for far, og me var redde for oss sjølve og. Det hende me gøymde oss attmed bergveggar når me var ute og flya kom. Aldri godt å vita kvar dei kunne sleppa ei bombe!

*(Her fortel Aud om kva som hende i bygda elles. Seinare vart me kjende med stor aktivitet både til lands og til vanns. Etter rykte om engelsk landgang vart tyske båtar sende til Samnangerfjorden. Norske militære dreiv oppklaring etter rykte om at tyske krigsskip hadde landsett ca. 100 mann på Ådland. Rykta sa og at det var norske troppar i Eikedalen, i Kvitingen, i Vaksdalsfjella og på Hisdalsfjella. Desse rykta var det nok hald i.*

.....

Dagane 11. – 13. april sende tyskarane fleire rekognoseringspatruljar langs hovudvegen til Hardanger. Og truleg var det ein av desse som kom til Høysæter første gongen.

Ein av desse dagane fekk me vårt første møte med tyske soldatar. Då me såg ut vindaugo mot vegen nedanfor skulehuset, fekk me ein skikkeleg støkk i oss. Synet av væpna soldatar – ein og ein på rekkje – med lyng (og brake?) festa på hjelmane, det trur eg står fast i augo våre endå. Egil var ikkje gamle karen då, men jamvel har han biletet med

seg. Me vart temmeleg skjelvne, kva skulle vel skje no? Ville dei skyta? Ta oss til fangar? Kanskje drepa nokon? Eg har mange gongar tenkt på kor roleg mor var. Eller rettare sagt; kor roleg ho verka for oss borna. Ho viste oss ikkje om ho vart redd, og det var sjølv sagt ei stor hjelp for oss.

Me fekk eit fredeleg besøk. Ein offiser, og eg trur to soldatar, kom på døra. Dei to soldatane sto i gangen, etter det eg hugsar. Offiseren var inne på kjøkkenet og i stova. Hilmar sat i trappa opp til lemmen, Kristine slo seg for bringa og sa "bange! bange!". Offiseren baud oss skrømde ungane drops, og var både venleg og blid. Men me trekte oss vekk og tok ikkje i mot snop frå fienden! Nei takk! Ikkje på tale. Mor



*Egil, bror til Aud, fotografert på Høysæter.*

snakka med offiseren på eit vis, eg hugsar ikkje om kva. Men det eg hugsar godt, og som trass alt gjorde eit sterkt inntrykk på meg, var den eine soldaten. Offiseren bad om vatn til han, og han såg ut som han var sjuk. Han støtta seg til gangdøra ut, og var så bleik. Og så ung! Eg synest han såg ut til å vera jamgamal med Kåre, som då var 16 år. Og så var han soldat i eit framandt land -. Og i krig! Han var då ikkje skikkeleg vaksen! Det er eit bilete som har festa seg og som har fylgt meg gjennom åra. Eigentleg rart at medynk skulle vera følelsen som sto att. – Eit sårt minne.

Vel, tyskarane var høflege og fredelege om dei såg skræmelege ut med våpen og kamuflasje, og dei gjekk snart sin veg. Eg kan ikkje hugsa at dei gjekk vidare opp til Høysæter, eg trur mest dei snudde ved Tjødnaleet. Men det gjekk ei god stund før me fall til ro.

Kor lenge Haugland-familien budde hos oss, veit eg ikkje. Eg hugsar at Johannes Haugland var til Bergen ein tur for å henta klede, m.a. kanskje fann dei det ikkje så fredeleg på Høysæter når alt kom til alt, og med tyskarar på døra. Trongt om plassen var det og. Men me kom godt ut av det med kvarandre alle, så langt eg veit.

Rundt oss på alle kantar var det militær aktivitet. Mykje meir enn me visste då. Tyskarane rykka fram mot Kvamskogen og Vaksdal. Det var ein tysk knipetangbevegelse mot Voss, og me låg midt i knipetanga.

### *Måndag 15. – torsdag 18. april*

*(Her fortel Aud om korleis dei tyske troppane befestar seg i Samnanger og om opptakten til slaget ved Fossen Bratte.)*

*Også her har Atle Drageset noko å fortelja: Atle fortel at mor hans hadde vore til Tysse og handla, og hadde gått Svensdalsbrekka nedover. På veg heim att tok ho riksvegen. Det var då lagt ned personell-miner, og ho måtte gå gjennom minefelt frå Frøland og til Mørkhølen. Ein tysk soldat fylgde henne gjennom feltet og mellom minene. Han var både venleg og hjelpsam Han gjekk føre, og ho skulle fylgja i hans fotspor. Ho fortalde at det var ikkje vanskar med å sjå kvar minene var gravne ned, og ferda gjekk bra. Ei påkjenning må det likevel ha vore. Kor langt det var lagt ned miner er uvisst. Men geiter gjekk på minene og blei drepne. Olav Borge misste 3-4 av sine geiter. Atle meiner å*

*hugsa at han fekk erstatning frå tyskarane.*

### *Fredag 19. april*

.....

No har me tråkla oss fram til den dagen me evakuerte. Alt tyder på at det må ha vore 19.april tyskarane okkuperte skulehuset. Kanskje kan det ha vore same patruljen som trekte seg frå Fossen Bratte. Eg kan ikkje hugsa kor mange mann det var, men det kunne vel vera i underkant av 10. Dei slo seg ned i skulestova, og sette opp maskingevær i dodøra og på skuleplassen. Det såg ut som dei tenkte å slå seg til ro, og det heile var ei skræmende oppleving. Me kunne sjølvsagt ikkje bu i huset med slikt selskap. Mor tok med seg ungar og sølvtøy, og me gjekk opp til Helgeland. Der fekk me overnatta.

Kvifor me gjekk til Helgeland, har eg ofte lurt på. Kanskje det var fordi den garden låg øvst og langt frå skulehuset? Kanskje det var fullt alle andre hus? Kanskje mor var god venn med Helge-Magret? Men det første me såg då me kom opp, var ein tyskar som sto på høgda der stien gjekk ned Lia. Det må ha vore ein av okkupantane våre som kika innover mot Kvitingen.

I alle fall var det hjarterom hos Magret, og dermed var det husrom og. Store plassen var det ikkje, dei hadde ikkje meir husrom enn dei trong sjølve. Og me vona sjølvsagt at det vart kortvarig. Me kunne ikkje ta med oss hunden vår, Laila, ho hadde kvalpar. Så ho måtte vera att i kjellaren med sine ungar og tyskarane. Seinare gøydde ho alltid på tyskarar, ho gøydde elles aldri på folk.

Natta mellom 19. og 20. april vart II/IR9 overført til Valdres med tog til Gol. Der var far med. –Ikkje visste me at han var på veg til Valdres, og ikkje visste han at me måtte røma huset for tyske soldatar. Og godt var vel det, god natt hadde ingen av oss.

### *Laurdag 20. april*

Tyskarane var framleis i skulehuset. Mor var ein tur tilbake for å sjå etter Laila (hunden vår), og dessutan henta ho klede og anna me hadde



bruk for. Truleg matvarer.

*(Her fortel Aud vidare om kva som skjedde i området Vaksdal / Tren-  
gereid / Ådland)*

.....

### *Sundag 21.april*

.....

Tidleg om morgonen denne sundagen var mor ute på do, og hørde då skraping på skaresnøen i lia bak garden. Ho såg ingenting med det same, men det viste seg å vera to norske soldatar i kvite kamuflasje-drakter. Helge-Magret kom frå floren, og dei to soldatane vart bedne inn i stova der me hadde overnatta. Det var vel ikkje fritt for at me gjorde store augo, me ungane. Først tyske soldatar inn i "vårt" hus, og no norske soldatar i stova på Helgeland! Eg meiner å hugsa at dei i alle fall fekk varm mjølk hos Magret. Kanskje fekk dei mat og. Dei fekk i alle fall det dei var ute etter: opplysningar om tyskarane i skulehuset med maskingevær og det heile.

Seinare har Egil råka på offiseren som leia patruljen og som var inne på Helgeland. Han kontakta Egil på eit møte i ein offisersorganisasjon, då han hørde at han heitte Høysæter. Og han fortalde då at dei hadde vore 9 mann oppe i lia den morgonen. Egil hugsar ikkje namnet hans, anna at det var eit kort namn, og eit lett namn. Så eg trur me kan gå ut frå at dette har vore dåverande sersjant Moe.

Korleis meldingane gjekk vidare frå han, er uvisst. Men ei melding nådde i alle fall I/IR9 ved Fossen Bratte ved middagstider. Då fekk løytnant Åberg melding om at det var tyskarar på Høysæter, og han ga ordre om sikring i nordre flanke av sin stilling. Det vart sett opp vaktpostar oppe i dalen frå Teigen, der dei hadde godt oversyn til høgdene mot Høysæter.

Tilbake til familien.

Utpå ettermiddagen 21.04. kunne me frå Helgeland sjå ein tysk soldat koma springande innmed tjørna og opp til skulehuset. Det var tydeleg hastverk, for okkupantane i skulen pakka saman i full fart, og drog sin veg.

Me flytta heim att til hus, hund og kvalpar. Alt var i orden. Ingen skade eller merke etter soldatane. Dei hadde fare fint fram. Men lukta



av tobakk , uniform og tysk soldat hang lenge i veggane i skulestova. Eg kjenner endå lukta når eg tenkjer tilbake; - Det var ingen god lukt. Krigen var komen oss tett inn på livet.

Seinare høyrde me rykte om at natt til 22.april hadde det vore rundt 40 (eller 60) norske soldatar oppe i liene over skulehuset. Dei skulle ta tyskarane. Årevis framover drøymde eg om krig inne i stova vår, om skyting og nærkamp rundt stovebordet. Reine mareritta var det.

Det viser seg no at når eg byrja rota i diverse bøker frå krigen på Vestlandet, at det ikkje berre var eit rykte om norske soldatar i nærleiken. *(Her fortel Aud om korleis dei norske troppane vakta på tyskarane og planla åtak mot dei på Frøland / Totland. Men dette vart ikkje noko av. Osv)*

.....

### *Måndag 22.april*

*(Her fortel Aud om åtaket på Storli-garden og om sjølve kampene ved Fossen Bratte.)*

.....

Dette var slikt me fekk vita seinare. Men skytinga høyrde me på Høysæter, og me var klar over at det var kampar i gang. Me rekna med at det var difor tyskarane i skulehuset vart henta dagen før. Og skytinga varde ved utover natta, så det var nok ikkje mange på Høysæter som sov godt den natta.

### *Tysdag 23.april*

Rundt midnatt kom tyskarane i ryggen på nordmennene, og dei norske styrkane trekte seg attende. To norske soldatar vart lettare såra under kampen. Men tre frivillige skyttarlagsfolk fall, og to vart hardt såra. Dei gjorde ein stor innsats, dei som kom frå skyttarlaga. Og dei var gode skyttarar. Dei tyske tapa er det tvil om. Norske befal og soldatar meiner at tapa var store. Men frå nøyaktige tyske rapportar, er det berre nemnt ein drepen. Kor mange som vart såra, er det ikkje nemnt noko om. Det er blitt hevda at det var mange, og at nordmennene tok såra for å vera døde.

Tidleg morgon 23.april kom ei tysk stridsgruppe til Norheimsund. Den norske styrken kom frå Fykkesund og Ålvik til Granvin ved 06.00-

tida. Den hadde då fått hjelp av ein lokalbåt som låg i Ålvik, og to rekvirerte motorbåtar.

Det gjekk rykte om at vegen nedanfor Fossen Bratte var full av blod, og lastebilar med døde (?) og såra vart sett av folk i bygda. Det var fælt å høyra, sjølv om det var tyskarar som var sett. Men forvitenskapen var stor og høgst levande, så Kåre og Birger i Svendsdalen for inn til Brudesløret for å sjå på krigsarenaen. Dei kom heim att med ein tysk hjelm med kulehol i. Eg synes det var for grotesk, så eg orka ikkje sjå på hjelmen. Eg trur ikkje mor lika fangsten heller. Hjelmen vart i alle fall vekke, eg trur mest at Birger fekk den med seg til Svendsdalen. Om den enda opp der, kan eg ikkje hugsa.

*(Her fortel Aud om kampen på Skjervet)*

.....

Me visste no at tyskarane nærma seg Voss, både frå Vaksdal og Samnanger-Norheimsund. Og på Voss var far! Me hadde uroa oss for far heile tida. Stadig fly på veg til Voss og rykta om bombing gjorde det ikkje betre. Eg trur me fekk melding om at far var sendt til Valdres, men når me fekk greie på det, er eg ikkje sikker på. Kanskje var det ikkje før mannskap som hadde kapitulert på Voss kom heim.

Det var i alle fall mange lange og tunge dagar med sut for far. Etter kvart kom onklane våre, og andre som hadde vore med i krigen heim att. Men far høyrde me ikkje noko frå; ingen visste noko om han. Det nådde oss rykte om at han var fanga, at han var drepen og jamvel at han var blitt galen. Vekene gjekk, snart var alle komne attende frå krigen. Berre ikkje far!

Eg hugsar eg gjekk og vakta på vegen. Såg eg nokon ute med Stemma som eg ikkje straks drog kjensel på, blei eg livredd. Kanskje var det einkvan som kom med beskjed om at far var død! Eg ba mange stille bønner, og lettelsen var stor kvar gong det ikkje var noko gale. Så byrja eg på nytt å vakta på vegen. Det er stort sett det eg hugsar frå denne tida: uroa for far. Han var med i alle kveldsbønene våre. Mor sa ikkje så mykje, men bibelen låg framme på nattbordet. Og gjerne tydde ho til salmestrofer som "Seg, kvar skulle me vel ganga, utan Jesus her på jord?"

Slik gjekk resten av april. Og mai. Og delvis juni. Me venta og venta. Meir og meir redde for at han aldri kom heim att i livet. Det var ein

tung vår.

Ein dag ut i juni var Bjørg og eg i Svendsdalen og henta mjølk. Som vanleg hadde tante Kristine spurt etter far. Og me var nok triste, for tante "Krestina" som me sa, trøysta oss best ho kunne, endå ho var nok redd for broren sin. Ho sa at no kom han nok snart. Kanskje var han i ei utløe i nærleiken. Eg hugsar ikkje om det hjelpte så mykje, men me hadde kanskje litt meir von med oss heim att.

Så kom me over Bryllaupshaugen, og det synet me der møtte er av dei som står festa på netthinna. Oppover skuleplassen frå grinda kom far gåande i uniforma si!! Mor kom springande mot han med Laila i hælane. Ja, det me følte då, det kan ikkje beskrivast. Det var ei glede så stor at det ikkje er ord for det. Ugløymeleg! Me sprang det me kunne for å koma fort fram til far.

Og det vart ein kveld i glede. Onkel Nils og onkel Johannes kom om kvelden, det var nok fleire og. Eg synes i alle fall å hugsastova full og prat langt mot natt. Truleg deler av natta og. Det blei nok teke med ei takk i kveldsbønene våre denne kvelden.

Etter kapitulasjonen i Valdres, hadde far sete som krigsfange på Grini. Han hadde ikkje hatt dårleg behandling under fangenskapet, så langt eg veit. Men han hadde mykje å fortelja frå krigshandlingane som hadde gått hardt for seg. Det vart snakka mykje utover kvelden. Me ungane fekk sjølvstund ikkje med oss alt. Men eg hugsar ting eg synest var fæle: Såra tyskarar som låg i skogen og ropte på mamma. Ein lastebil full av døde tyskarar, dei talde støvlar. Fly som heile tida var over norske styrkar. Far hadde måtta springa frå ein proviantbil og finna ly i skogen. Det var bombing frå fly og bombekastarar. Der tyske soldatar hadde måtta røma frå privathus, var det reine grishusa. Dei hadde gjort frå seg på golva og tørka seg med gardiner.

Det var stykkevis og delt det eg fekk med meg. Men det gjorde sterkt inntrykk. Særleg det med soldatane som låg såra og ropte på mamma. Men etter det eg har lese i bøker frå krigen i Valdres, var det ofte lureri. Norske soldatar fekk åttvaring mot å gå bort; dei risikerte å bli skotne ned av dei "såra".

1.mai 1940 møtte oberst Østbye den tyske generalen Engelbrecht på Gol hotell. Dei underteikna ordre om kapitulasjon, og køyrde saman til Lomen i Vestre Slidre der dei naudsynte ordrar vart gjevne til

avdelingane i Vestre og Østre Slidre.

Om ettermiddagen same dag hadde norske avdelingar levert inn sine våpen, og byrja samling mot Fagernes. Delvis med bil, delvis til fots, alt med tysk eskorte. Sersjantar og menige vart samla i fangeleir, medan offiserane kom på Fagernes Hotell og i næraste hus. 3. mai kom det ordre om at alt befal av fenriks grad og høgare skulle møte på stasjonen for avreise kl. 16.00. Om lag 250 norske offiserar kom med bussar til Hønefoss utover natta. 4.mai gjekk turen vidare gjennom Oslo til Akershus. Det gjorde inntrykk på dei fanga norske offiserane at livet i byen gjekk som vanleg før overfallet. Etter to timar på Akershus, vart offiserane køyrde til Grini, og innkvarterte der ca. kl. 22.00.

10. mai vart om lag 170 offiserar frigjevne, mest uløna og vernepliktig befal. "Faste" offiserar skulle skriva under ei erklæring om ikkje å kjempa meir mot Tyskland. 12. mai godtok tyskarane at distriktsoffiserar og fast innbeordra offiserar skulle sendast heim utan å måtte skriva under på erklæringa. Desse vart då sette fri. Att på Grini var det då ca. 120 yrkesoffiserar. Dei fleste av dei underteikna erklæringa, og blei sende heim 22 mai. Berre få offiserar som ikkje ville skriva under noko erklæring, var då igjen i leiren, og dei siste offiserane reiste frå Grini i første halvdel av juni.

Ingen av oss hugsa om far skreiv under erklæringa. Men at han kom ut frå Grini så seint, og det faktum at far var ein svært sta mann, tyder på at han var mellom dei som ikkje skreiv under.

### *Før 9. april*

Barndomen fram til 9.april var sorglaus, trygg og glad. Det var i "dei harde 30-åra", men me borna merka lite til det. Me hadde inga overflod, men hadde det me trong av mat, klede og omsorg. Foreldra våre var kunnskapssterke og kunnskapsrike, samfunnsinteresserte og opptekne av kulturarven. Begge hadde godt "handalag". Far var ein meister i treskjering, noko sjakkbrikkene våre vitnar om. Han laga fine dokkemøblar til Bjørg og meg, og mor sydde dei mest forseggjorte dokkeklær. Far var heime i lange periodar, han hadde noko militært kontorarbeid heime. Så han hadde bra med tid til oss. Han var ein god teiknar, dikta eventyr og teikna til. Me lærde gamle regler og spel, og me spela sjakk. Ikkje å gløyma; me lærde eit utal av kabalar

og kortspel. Me spelte mykje kort, frå gris, gnav og femkort til whist og tjueeitt. Men kortspel vart av mange sett på som synd, så når presten kom på besøk vart det full fart med å gøyma kortstokkane. Det kunne me heilt sikkert ha spart oss.

Me var med far på bærturar i skogen og på fjellet. Han var lomme-kjent i ”fjell og finnar”, og fortalde oss om plantar, småkryp, dyrespor, fuglar og fuglelåtar. Det var ikkje mykje han ikkje visste.

Folk frå grenda kom til far for å få hjelp med ymse skriv, det hende for å låna pengar. Han sa aldri nei til å hjelpa. Skulle det undersøkjast farleg fjell, var det far som vart hengt ned i tau, både i Gjelet og i berghenget under Bjørnehiet. Men Egil seier at far likte godt å klatra. Når han var med far på molteturar i fjellet, vart det i meste laget med dristig klatring. Far var ein fredeleg og snill mann, grundig og rett-schaffen i alt, og ein stor optimist. Men han var sta, og hadde han be-stemt seg, var han ikkje lett å rikka. Me hadde stor respekt for han.

Mor var tolig, klok og hjartevarm med stor omsut, og humoristisk. Me gjekk ofte vegen om mor når me hadde noko på hjarta: ”mor, kan ikkje du spørja far...”. Mor var både god mor, husmor og lærar, dyktig med alt. Ho var kreativ og oppfinnsam, litt av ein tusenkunstnar. Og ho var flink med alt handarbeid, frå nuppereller til vev. På symaskina sydde ho det meste av kleda våre. Me jentene lærde tidleg å brodera, hekla og strikka. Mor både måla og pussa opp i huset, ho likte å pynta og å laga fine dekorasjonar. Eg trur ingen av oss gløymer når mor og far pynta stove og furu til julaftan. Då fyrde dei i omnen på arket, me fekk ikkje koma inn i stova før etter bading og bestekleda på. Når me opna døra og me fekk sjå – utanom nøkleholet – stova i all si prakt... Ai – Ai!

Mor hadde orgel, og ho prøvde å læra oss å spela. Det var no helst Kåre som blei flink på orgelet. Han spela og fele og trekkspel. Egil fekk trekkspel til jul då han var 3-4 år. Det var ei glede for han, og for oss som såg den hoppande glade guten. Mor var glad i song og mu-sikk, og både heime og på skulen fekk me med oss ein stor song- og salmeskatt. Far tok og ofte ein trall. Han song alt mogeleg for oss, frå ”Mannen han gjekk seg i vedaskog” til ”It’s along way to Tipperary”. Det gjekk no mykje på folkeviser. Så hadde han ei vise som me ung-ane likt godt, men som mor riste litt på hovudet av. Bjørg hugsar det

eine verset, eg det andre, og dei tek eg med. Så ver så god!:

*Kongen spiste middag med sin gode venn,  
statsminister Michelsen.*

*De pimpa og drakk til glassene klang  
og alle sammen sang;*

*Refr:*

*Prima votio susannia,  
traketrokia you for me.*

*Aleksandria dra i madora bri  
aroviti, aroviti i.*

*Kongen han kom ut igjennom losjens dør,  
og kjerringane huja og sprang.*

*Konstablane dei gjorde honnør,  
og alle sammen sang*

*Refr.*

Det kulturelle spekteret var breitt og mangfaldig —. Aroviti i-i-i.

Me vaks opp med mange bøker, aviser og blad. Eg trur me hadde alle norske klassikarar i samla verk, oppslagsbøker, historie- og eventyr-bøker og dei fleste nynorske forfattarar. Me hadde Nynorsk Vekeblad, For Bygd og By og Gula Tidende. Norsk Barneblad hadde me borna abonnement på i tur og orden, og selde "Juletre" til jul. Mor heldt kvinnebladet "Urd". Mangel på lesestoff var det aldri. Seinare gav far alle oss borna kvar sine utgåver av Snorre og bygdesoga.

Ein del av det som er fortalt, heldt sjølv sagt fram etter aprildagane. Eg synes at foreldra våre fortener eit par skrytesider. Me hadde ein god heim, og dei gav oss mykje god ballast.

Rundt oss hadde me mykje familie. Gamlabesto (oldemor), bestefor-eldre, tanter, onklar og syskenborn. Bjørg og eg var ofte innom til Gamlabesto, mor til bestefar. Hos bestefar og bestemor var me mykje. Me henta og mjølk der kvar kveld. I Svendsdalen var me og rett som det var. Tante Kristine gav oss gjerne kvar sitt egg med. "Ho er alltid så snill med slike litne folk", sa Egil. Og ho var flink til å fortelja om gamle dagar. Ei bjørnehistorie frå Gjerde, eit drap og spøkeri på Gjerde og Ilaget var passeleg nifst, og måtte forteljast om att. Ein tur innom til den gamle bestemora til kusinene våre, Gamla-Anno, hørde med. Ho hadde lege til sengs i årevis og hadde silkehender. Bjørg og eg fekk ein

gong kvar sin rosemåla tretallerk hos henne. Dei har me teke godt vare på.

Alt rundt oss var gardsbruk, så me fylgde med i gardsarbeidet. Me fekk vera med Gunnhild og overnatta i Tuna-sættet ei og anna helg. Då låg sæterjentene over på Kvandalen. Elles måtte dei heim med mjølka til meieriet, og for å vera med i slåttene. Me drakk varm kakao i lyset frå talgalys i flaske, og laga skuggebilete på veggen medan hubroen ulte i lia. Så låg me 4 i ei seng, to i kvar ende – eventyrleg! Sætervegen var eit eventyr i seg sjølv, med gamle segn og rituale. Fantasien fekk blomstra.

Far fortalde at Sjura-Gonlo (ho heitte Gunnhild) påsto at ho hadde sett huldra. Ho var bestemor til Sjurajentene, der me gjekk på Kinamisjonsforening, og ho døydd i 1930. Så det var no ikkje så grueleg lenge sidan ho levde. Og huldra med.

Og nissen budde i Vetlali-utløa om sommaren, og flytta inn på vår kattalem føre jul. Når musene klorde i veggane, var det nissen som arbeidde med julegåver.

Troll og tussar kunne det vera mange stader, i fjell og berg. Bjørg og eg prøvde å få Egil til å tru at det var eit troll i vedalaet utanfor skuledoa. Det greidde me ikkje, men me vart så redde sjølv at me måtte ha fylgje på do. —. Gudsmannen hadde fått namn etter ein engel som hadde vist seg der. Me kikka litt etter engelen. Og me leitte litt etter skatten som Rikehardingen skulle ha gøymt. Rikehardingen skulle ha vore ille plaga på garden sin av eit utyske. Bygdesoga fortel at presten Sandberg måtte til Høysæter og hjelpe til. Han mante styggeskapen ned i eit hol i Bryllaupshaugen. Det holet ville me no ikkje leita etter. Meieriet hadde vore Rikehardingen sitt hus. Det var så gamalt og spesielt at det burde vore teke vare på. Diverre vart det rive.

Vintrane var lange og harde på Høysæter. Men det var stor glede når isen la seg på tjørna, og når snøen kom. Me laga snøhytter og grov oss inn i fonner. Ski gjekk me på nesten så snart me kunne føta oss. Eg hugsar Agnar sine første ski. Mor og far klipte av gamle gummistøvlar, og spikra skodelen på skiene. Då var det lett å koma laus når han datt eller rende seg fast.

Det var hopping som var gjæveste sporten mellom gutane, og det var hoppbakkar over alt. Store og små, og nokre med spretthopp. Ein gong

braut Kåre foten i hoppbakken på Åsenden. Det var seint på kvelden, og me skulle til å eta kveldsmat då dei kom med han på slede. Som regel hadde me havregrynsgraut til kvelds, den kvelden hadde me semulegrynsgraut. Det var svært populært. Me vart oppskjorta og redde for Kåre, og Bjørg gret. Eg var og noko skjelvande, men eg ville trøysta vetlasøsto. I mi hjelpeløyse sa eg: "Ikkje grin Bjørg, me har mjølkegraut til kvelds!" Bortkasta ———. Kåre fekk spelka leggen, og måtte liggja lenge.

Eg har mange gongar lengta etter vintrane på Høysæter. Med skumringstimen før parafinlampene vart tende, og mor kvilte middag. Stille, stille i stova. Berre knitring av bjørkeved i omnen. Fredfullt.

Høysæter var ei avsides grend, utan bilveg, elektrisitet eller telefon til etter krigen. Men det var ein fin og god plass å veksa opp. Eg er i alle fall glad for at eg fekk ha barndomen der, med mykje familie og mykje fin natur. Med gode foreldre og mange gode minne. Og mykje for fantasien——.

Eg såg nissen! Den raude hua hans hang ned framfor stovevindauga då han kikka inn. Han hadde nok klatra bort under takskjegget. "... .så mange kunstar kunne han."

### *Etter 9.april*

Åra etter 9.april vart noko annleis for oss alle. Me kjende oss ikkje så trygge lenger. Etter at far kom heim frå Grini vart det meir normalisering, men det var framleis mykje uro og mykje å vera redd for. Meir og meir blei forbode, med strenge straffer for dei som "forbraut" seg. Norske flagg skulle ikkje visast, ikkje eingong dei små flagga som mange prøvde seg med på jakkeslaget. Nisseluer var det forbod mot. Ei tid gjekk jøssingane (gode nordmenn) rundt med binders på jakker og kåper. Det var ei melding om at "vi held saman". Strengt forbode. Det var ikkje dei tyske soldatane me var reddaste for. Norske nazistar og dei "stripete" var verre. Og nordmenn som gav seg ut for jøssingar, kunne gjerne vera infiltratørar. Det var mange slike. Ein måtte kjenna folk godt for å stola på dei. Tyskarjentene og potetskrellerskene var me og forsiktige med. Bjørg spytta etter ei av tyskarjentene på Tysse ein gong, før ho hadde tenkt seg om. Jenta snudde seg og sa at Bjørg måtte passa seg, for ho kunne fortelja om spytinga til tyskarane. Då



var me redde ei god stund.

Det vart etter kvart ein god del galgenhumor og vitsing om Wehrmacht og deira sympatisørar. På Nitedals fyrstikkøskjer vart Nitedals lese bakvendt: "Slik løper alle damene etter tyskerne i Norge". På baksida av øskje var det ein hest i fullt sprang. I 1941 fekk me 1-kronesetlar i papir, ein "usling". I 1942 kom 2-kronesetelen, det var ein "Quisling".

I familien var det fleire triste hendingar. Gamlabesto døydde 8.9 i 1940. Ho var då 95 år. Bestefar på Steintveit døydde 20.8 i 1940. Det gjekk sterkt inn på meg, eg hadde vore mykje på Steintveit opp gjennom åra. Han var tolig og snill, og så kalla han meg "Gudla". – Det var ei stor sorg for oss alle. Så døydde bestemor på Høysæter 20.11 i 1942. Det var og eit stort tap, og eit tomrom me merka. 2.10 i 1941 vart syskenbarnet til far, Nils hos Janane, arrestert av tyskarane i samband med avsløringa av Stein-organisasjonen. Han vart sendt til Tyskland i konsentrasjonsleir og døydde der rett før krigen var slutt. Denne organisasjonen var etablert alt sommaren 1940, og var ein av dei første i motstandsørsla. Det var snart bortimot 1500 mann knytte til gruppa. Av dei vart 200 personar arresterte i oktober 1941, og mange av dei fekk dødsdom.

Quislingar vart dei kalla som sveik landet vårt og arbeidde for fienden på ymse vis. Å vera i tyskararbeid var slett ikkje bra, for ikkje å snakka om Hirden. Tyskarjentene er alt nemnde. Me forakta dei alle. Kanskje av og til urettvist. Me brukte same kammen.

Björg hugsar godt då tyskarjentene vart tekne etter krigen. Ho gjekk for presten, og det var samling for presten i bedehuset på Tysse. Dei på Tysse som gjekk med tyskarane vart samla inn i kjellaren til Blindings-Borghild natta før sending. Så vart dei plasserte i ein lastebil med open karm til spott og spe. Konfirmantane var ikkje til å halda inne i bedehuset, dei sette på dør for å sjå. Björg fortel at presten fekk ein del kritikk etterpå fordi han hadde lete dei gå. Men ho seier at det var urettferdig, han kunne ikkje halda dei inne. Dette var noko mange hadde sett fram til, at "tyskarjentene" vart straffa.

I desember 1941 hende det noko som var til stor glede for oss alle i familien. Me fekk ein liten bror! Og det var stor stas. Agnar vart teken i mot med opne armar, me slost nesten litt for å passa han. Eg hugsar i


alle fall at då sommaren kom, krangla Bjørg og eg om å vaska og henga ut bleiene hans. Me prøvde etter beste evne å skjemma han bort. Han var no slik ein fin og god liten gut og.

Far som var offiser hadde sjølv sagt ikkje arbeid lenger i det militære. Dei første åra meiner eg å hugsa at han var oppsynsmann eller noko i den lei – på vegarbeid. Vel å merka: ikkje tyskararbeid! Det var oppsitjararbeid på vegen opp Gjelet. Seinare hadde han arbeid som likningssekretær. Då krigen var slutt, var han tilbake til det militære. Han fekk kapteinsgrad ei stund etter.

Då far kom heim frå krigen i Valdres og fangenskapet, var det ikkje lenge før han kjøpte radio. Det var viktig å få nyhenda frå London og BBC. Norsk radio og presse var tysk propaganda no. NTB vart oversett til "Not To Believe". Det var "Røysta frå London" folk ville lytta til. Øksnevad si stemme høyrer eg i øyro endå. Men eg var mektig forarga på at Øksnevad og London kom på same tid som "Norsk radio" sende musikk med Brandelius. Det vart lite Brandelius på meg. Radioen var ikkje heime etter stort meir enn eit år. Ut på ettersommaren 1941 kom det ordre om å levera inn alle radioar innan 7. august. Berre NS-folk skulle få ha apparata sine. Vernemakta likte lite at nordmenn høyrde på nyhenda frå London, og ikkje på deira propaganda.

Men det var mange som lurte unna radioane sine. Vår vart først gøymd i blindkjellaren i nyehuset, det budde ikkje nokon i huset då. Men etter razzia vart radioen flytta ut under ein hilder bak Sørليا. Så kvar kveld mellom 19.00 og 20.00 om lag, var far ute og gjekk. Det var nokre nervepirrande opplevingar i samband med dette. Ein kveld medan far var bak Sørليا, kom ein tysk soldat opp Gjelet. Han gav seg til å spaserar fram og tilbake frå øvste brua og inn på Neset. Me følgde med i vindaugo, med hjarta i halsen. Heldigvis var far, og dei som var med han, ekstra seine den kvelden. Dei hadde høyrte på eit anna program etter nyhenda. Om tyskaren var ute på radiojakt, eller kva ærend han hadde, veit me ikkje. Ein gong etter at Ysten (Johannes Tvedterås) blei NS-ordførar i 1943, kom han og skulle snakka med far akkurat i London-tida. Eg hugsar eg var sjuk i magen medan Ysten sat i stova og venta. Far kom, og Ysten såg i alle høve ikkje kvar han kom frå. Det vart aldri meir enn skrekken av det heller. Ysten var elles ein grei ordførar slik. Han melde aldri nokon, tvert om hjalp han somme frå

å bli tekne. Det vart sagt etter han då han vart teken i 1945, at han hadde hjelpt mange, men ingen hjelpte han når han trong det. – Kanskje at det var han å takka at far ikkje blei arrestert då 1100 norske offiserar vart tekne og sende til Polen i 1943. Frå før var 200 offiserar i tysk fangenskap. Det var snakk om at han trong far i likningsnemnda.



Teikna av Aud Nygård.

Dette veit me ikkje. Men me veit at Gestapo var hos lensmannen på Tysse og spurde etter far. Lensmannen hadde sagt at det var nokre mil innover Kvamskogen. – Gestapo kom ikkje til oss. Takk og pris! Kvar det blei av dei inne på Skogen, har me aldri høyrte gje til.

Me var mange gongar redde for far. Fleire gongar var det razzia hos oss, og det var utriveleg. Tyskarane var høflege. Dei oppførte seg fint og var ikkje trugande. Men redde var me. Når den første razziaen var hos oss, kan eg ikkje hugs. Men far hadde eit lite lager av militærstøvlar på tørkeloftet. Han hadde i all hast fått det kjørt vekk frå eit depot under krigsutbrotet, for å få det vekk for tyskarane. Det kom til Børdalen med lastebil ein eller annan gong. Norvald Drageset meiner det var fetter Gunnar som hadde kome med sekkane. Dei vart mellombels lagra i gamlestova deira. Derifrå vart det flytta til tørkeloftet vårt. Og det var jo ”gefundenes fressen”. – her er då utstyr til eit heilt kompani, vart det sagt. – Det var vel ei overdriving, eg veit ikkje kva måte det vart sagt på eller korleis reaksjonane var. Men i alle fall fekk far i full fart i stand ei utdeling av støvlar til alle på Høysæter som ville ha. Resten vart gøymt ute i Smogaholene ein plass, ifall tyskarane kom att. Og det gjorde dei så visst. Men støvlane spurde dei ikkje meir etter. Dei leita etter andre ting.

Ein gong gjekk dei så grundig til verks at dei løyste opp alle rullane med stoffrestar som mor hadde på tørkeloftet. Fleire ønskjer. Det var nok ammunisjon dei leita etter då. Me hadde litt av ein rydde-jobb etter dei. Nokon tok det lettvint, andre var svært så grundige. Ein gong vart skap og skuffer i buffeen i stova gått igjennom. Det kan ha vore fillerestrotarane. Ein gong beundra dei sabelen til far si uniform.

Dei fann heldigvis aldri noko. Men ein gong hadde far ei illegal avis i ei jakkelomme som hang på gangen. Det var nervepirrande, men det vart ikkje gått gjennom klede og lommer. Var det ammunisjon dei leita etter, rekna dei vel ikkje med at det låg i lommene.

Stort sett var det berre til oss dei kom. Men hos Janane hadde dei rota ein gong, mellom anna i klokkekassen. Det kan ha vore den gongen dei gjekk forbi oss. Det var snakk om at det hadde vore ein mann i Eikedalen som hadde vore lausmunna, og sagt at i det første kvite huset var det radio. Sidan huset vårt var skulehus, gjekk dei

til neste kvite hus.

Ein gong me hadde husundersøking sende mor og far oss jentene opp til bestefar med beskjed til onklane Nils og Johannes om at det var tyskarar hos oss. Me sprang opp ved Storesteinen og vegen over haugane, slik at ikkje tyskarane skulle sjå oss. Heseblesande kom me til bestefar og vekte opp onklane som sov middag. Dei fekk fart på seg, kva no det var dei skulle gøyma. Me lurde på om det var gevær eller illegal avis.

Me ungane visste eigentleg altfor mykje om det som var gøymt vekk av ulovlege ting. Far sin bajonett var gøymt bak Storesteinen. Den fann me no aldri igjen.

*Etter at Aud har skrive dette har det kome fram følgjande om bajonetten til far: Det var snakk om to bajonettar. Agnar fann dei då han var i 11-årsalderen. Han og Terje på Haugen leika bak Storesteinen, og kom over dei tilfeldig. Eine slira var då mykje rusta. Gutane bruka bajonettane til å leika med, dei øvde på å kasta dei på trestammer. Den eine bajonetten fekk Terje.*

*Agnar hadde den andre, og mor brukte den på kjøkkenet som kniv. Så fekk Bjørg bajonetten med seg til turkniv. Den hang på veggen i Bø i mange år etterpå. No er bajonetten komen attende til finnaren, og Agnar har den no på sin vegg. Og det var historia om bajonettane som kom fram att i dagens lys.*

Egil og Sigmund leita seg fram til radioen vår. Og eg har eit lite minne om at Bergliot visste om eit gevær i vårfloren deira. På Steintveit sat eg i stova og hørte Øksnevad si radiostemme frå lemmen deira. Det synest eg var vågeleg, så mykje tyskarar det var på Reistad og der omkring. Eg har mange gongar tenkt på kva risiko me ungane kunne vore om me vart pressa.

Ein vinterkveld hugsar eg at me kvakk skikkeleg til. Brått vart alt utanfor huset opplyst av skarpt grønt lys. Då hadde tyskarane ein øvelse rundt skulehuset. Om dei kom inn i huset den gongen, hugsar eg ikkje. Men eg trur at far snakka med dei ute. På Engjalistølen – mellom Mørkhølen og Geithusa – hadde dei ei tid skyteøvelsar. Dei skaut med granatar, og Egil var og samla opp delar av dei. Mor lika det lite, ho var redd det kunne vera blindgjengarar og. Egil fortel at han hadde ei lita sam-

ling av endestykke i kjellaren.

*Atle Drageset har følgjande kommentar: Tyskarane hadde meldt frå om at det var 7 udetonerte granatar i området. Det vart leita etter dei, men om dei vart funne, er usikkert. Så heilt ufårleg var det nok ikkje å samla endestykke.*

Det var litt artige hendingar og. På eitt eller anna vis hadde far fått tak i, og kome heim med, ein heil haug med ugyldige tyske mark. Dei hadde me til å leika med. Egil hadde rigga seg til med leikebutikk rett utanfor grinda til skuleplassen. Der var ein av dei steinane me leika på. Så kom det tyske soldatar forbi. Den gongen var dei berre på tur, det hende det og. Men dei stussa over å finna gamle tyske mark i ei fjellgrend i Noreg, og gav seg i prat med smågutane. Egil kan ha vore 9-10 år, han hugsar at Agnar for og stabba på skuleplassen. Egil og Sigmund hadde laga seg til med bogar og piler med knappenålsspissar fastsurra i enden. Egil sto bak eine tyskaren og spente bogen på tull. Så gjekk pila av ved eit uhell, og traff tyskaren i baken. Det var ein liten spiss i ei tjukk uniform, så Egil trur ikkje at tyskaren kjende noko særleg. Men han hoppa til og klaska seg på pistolen. Truleg berre for å skræma dei litt, eller tøysa litt med ungane. Men skræmde vart dei. Dei stakk til skogs, og gjekk i dekning under fossen i Vetlelia. Der var dei til det mørkna. – Ja, den skal tidleg krøkjast... Komande bror major øvde.

Siste gongen me hadde tyske soldatar i huset trur eg var i 1944. På den tid skreiv eg dagbok, og no skriv eg av frå dagboka mi

”Torsdag 20. april.

Ja no vart det nokre dagar før eg skreiv att. Difor hugsar eg ikkje så mykje att heller. Måndag 17.april var me i skulen og tysdag 18. var me og i skulen. Mor skulle i begravelse etter gamle Svensdals-Anna onsdag, difor skulle me gå både måndag og tysdag. Ho var til Lavika med kåpa si som ho skulle sy til jakke. Ho skulle få passa neste tysdag. Så var ho til frisørdama B. Totland og skulle bestella time til permanent til seg sjølv. Men det var fullbestelt til over pinsa. Ja, Bjørg har endeleg fått lov til å ta perm. Ho har tota så mykje om det og att! Berit skal òg ta endå. Ho har nett klipt håret sitt så kort. Mor var nedover og tok mot far om kvelden. Ei lita tid etter at dei kom, kom Egil. Han hadde vore i Børdal. Han fortalde at ein bil med to tyske offiserar var



på veg oppover gamlevegen i Gjelet. Men oppfor brua vart han ståande, kom seg 'kje lenger der. Ei stund etter kom Nils i Svensdal. Han sa at det sat tyskarar i hjå Lassen i Børdal. Tyskarane hadde visst sendar med seg. Midt på natta vakna me av at mor kom inn og sa at tyskarane var ute. Dei var på utedøra vår og riste i ho og ville ha ho opp, men døra var låst. (Det var eit hell at eg gjekk opp og la meg og ikkje låg på kontoret som eg hadde gjort ei tid.)

Til slutt gjekk far ned og ut til dei. Dei ville i skulestova og sova. Så laut dei få gjera det. Dei sa dei skulle gå til morgonen for far sa at det skulle vera skule dagen etter.

Onsdagsmorgonen den 19. då eg reis opp var dei ikkje gått. Dei for 'kje før etter at mor og far var gått til Svensdal og då var kl. snart halv 11. I halv eitt tida for gravferdsfolka forbi her. Det var onkel Johannes som hadde hest med og køyrde kista. Mor var inn etter taskene sine. Ho skulle opp til Steintveit om kvelden og ikkje koma att før torsdagskvelden. (I kveld). Me var så redde for at tyskarane skulle koma opp-att då når me var åleine, men til all lukka kom dei 'kje. Om kvelden hadde me saupegraut, nam-nam, og så lærde Borghild oss ein ny "leik". Eg var etter mjølk, og då leika eg med Sverre heilt til Agnes og Nils'n kom. Sverre kan klappa søte og spela munn, gjera lang nase og plystra. Når han plystrar så ser han så skøyaraktig ut at!

I dag torsdag den 20. regnar det.

I dag tenkjer eg det minkar på snøen. I går minka det fælt og. No skal eg og Agnar nedover til møtes med mor. Agnar har skreke om det no i 3 timar."

Så seier dagboka. Det er litt av kvardagane våre på den tida. Det som har slege meg når eg les dagboka, er kor mykje me gjekk til møtes med kvarandre. Både store og små. Og det synes eg har vore ein fin skikk. Elles har eg ikkje skrive mykje om skrekken me fekk når tyskarane dundra på døra midt på natta. Men eg hugsar det godt endå. Me var ikkje ukjende med at mange var blitt arresterte på den måten. Og offiserane var i faresona.

Saman med far skulle eg ein gong ta Blåbussen til besøk i Sandalen. Det kan ha vore i 1943. Då bussen kom, kom sjåføren Håkon Skutlaberg ut og ba far vera med bak bussen. Han skulle gje far beskjed om at no var dei byrja arrestera offiserane i Kvam. Eg vart sjuk i magen med ein

gong far fortalde det. Men me reiste som planlagt. Eg skulle vera i Sandalen ei stund, men far skulle berre ein kort tur. Han reiste snart heim att. Og dei dagane eg var att i Sandalen gjekk eg heile tida i ank for far. Det var ikkje telefon på Høysæter, og uvisse om far vart arrestert då han kom heim att, den gnog hardt. Men det gjekk bra den gongen og. Far var framleis heime.

I 1942 spissa det seg til mellom skulen og styresmaktene. Lærarane nekta å melda seg inn i Norges Lærersamband. Gjennom dette sambandet og NS“ Ungdomsfylking skulle lærarar og elevar påverkast til ”rett lei”, det vil seia til nazismen. Lærarane – dei aller fleste – nekta å bruka NS-propaganda i skulen og å medverka til deltaking i ungdomsfylkinga.

*Kommentar frå Aud etter at artikkelen var skriven: Listene over dei som skulle arresterast skulle ha med ”de verste motstanderne” mellom lektorar og lærarar. I Samnanger vart to lærarar kalla inn til forhøyr og arresterte. Far til Randi (Tveit Haugland red. mrk), og far sitt syskenbarn; Ingjald Tveit var ein av dei. Den andre var Tomas Isene. Desse to vart sende til Solheim skole i Bergen. (Randi Tveit Haugland har lese det Aud har skrive og har følgjande kommentar: Ein dag vart far hennar og Tomas Isene henta inn frå luftegarden. Dei norske vaktene meinte det kunne tyda på at dei skulle ha sikring. Det ville seia at dei kom på eineceller, og faren hadde då tenkt at han kanskje hadde vore for stor i munnen under forhøyret. Dei var heldige og vart sette fri. Knut Tveit (gamle-klokkaren) hadde søkt om fritak for sonen. Han grunna det med at kona hans var sjuk, og dei hadde små born. Dessutan dreiv Ingjald Tveit gardsbruk ved sida av læraryrket, og var åleine om arbeidet på garden. Dette med garden var noko tyskarane la vekt på. Tomas Isene vart sett fri på grunn av at han var formann i forsyningsnemnda. Eit par dagar etter at dei fekk reisa heim, vart dei arresterte lærarane sende til Kirkenes).*

Eg hugsar det kom mykje propagandamateriell til skulen. Mellom anna mange bøker som såg freistande ut. Fine fargar og fint utstyrt. Det kom aldri i skulestova. Noko hamna i leikekassane våre, synes eg å hugsar. Og noko på bål.

Så kom arrestasjonane av 1100 lærarar i mars 1942. Lensmenn som nekta å arrestera lærarane vart avsette. Men det var først menn som



vart tekne, dei vart sende på straffearbeid i Kirkenes. Sjølv sagt var me urolege og redde for mor i samband med dette. Men me vona og trøysta oss med at ho var kvinne, og så hadde ho eit lite barn på berre få månader.

Om skulen og okkupasjonstida seier bygdesoga det slik: "Arbeidet i skulestovene gjekk sin jamne gong på trass av tysk press." (Nils Lauvskard: Samnanger II ( red. mrk)).

Og mor fekk halda fram si gjerning med å gje ei kristen oppseding og skapa gagns menneske. Ho gjorde i alle fall sitt for at me skulle bli det. Me lærde, song salmer, ba morgonbøn og las Fadervår på omgong. Eg trur me lærde alt som fanst av fedrelands-songar, og song nok den ulovlege kongesongen og.

Å feira 17.mai var sjølv sagt "verboden". Norske flagg var som nemnt straffbart å bruka. Men Egil hugsar at me feira 17.mai i skulen. Skuleborna samlast ved Tjødnaleet, og gjekk så i prosesjon ut til Stemma. Fleire vaksne var og med på feiringa. Flagget var det og med. Både i prosesjonen og på samlingsplassen på flatmarka bak den nove-rande hytta til Øye. Der var det hengt opp eit stort norsk flagg i eit tre, det var truleg vårt flagg. Me hadde lenge flagg utan flaggstong. Og så song store og små "Ja, vi elsker", drakk saft og åt kanskje nistematen. Denne flaten låg litt vekke frå vegen, litt bortgøymt. Samstundes kunne festlyden fylgja med kven som kom opp Gjelet.

Ungdomsfylkinga har vore nemnt. I 1940 vart det innført arbeidsteneste, AT. Den var friviljug i byrjinga, men i 1941 vart det plikt for menn i 20-årsalderen. Denne tenesta vart gradvis nazifisert, og befalet skulle bruka nazi-helsing. Etter kvart vart det sett på som unasjonalt å vera med i AT. Ein vart redd for at det kunne brukast til tvangsutskrivning til krigsteneste.

I mars 1944 sende leinga i heimefronten ut parole om boikott av AT. Den var effektiv både på grunn av sabotasje mot registreringskontora, og fordi ungdomane gjekk i dekning. Kåre var i den utsette alderen. Han gjekk på Voss Landsgymnas, og hadde eitt år att på skulen. Som-maren 1944 låg han og ein kamerat, Ole Hopland, i dekning på Høysæter. Eg trur dei ei tid og låg på Kvandalen, men der er eg usikker. I alle fall gjekk me stadig på vakt. Eg hugsar det kom bil opp den som-maren, og det var den første bilen på Høysæter. Vegen var ikkje skikke-

leg ferdig, og bilen kom ikkje lenger enn rett inn for Stemma. Det var berre tyskarane som hittil hadde prøvekjørt Gjelet, så me frykta det var dei då og. Bjørg og eg var på spionasjetur i haugane ovanfor. Me smaug oss fram gjennom lyng og kratt med hjarta i halsen. Stor var letta då mennene i bilen snakka norsk, og etter kvart drog me kjennskap på den eine. Han hadde vore på Høysæter før, utan bilen med nr. 1001. Så me slapp springa vidare med fåremelding den gongen.

Kåre reiste tilbake til Voss då skulen byrja. Men derifrå vart det ordna med reise til Sverige ikkje så lenge etter. Me fekk eit brev postlagt på Magnor med helsing frå Engel. Det var ein noko innpakka beskjed om at han var komen over til Sverige, og at alt sto bra til. Seinare meiner eg me fekk ei melding om at han var komen over til England. Det var ei melding gjennom løynde kanalar. Då krigen var slutt, fekk me helsing gjennom radioen at alt var bra med han. Sommaren 1945 kom han heim att, til stor glede. Om hausten fekk han ta siste gymnasåret i



*Aud og Kåre med studenhuene på.*

ein ekstraklasse for dei som måtte bryta av. Det var på Tanks i Bergen.

Julafta 1944 var første jula me ikkje var samla alle. Me var og usikre på kvar Kåre var, og korleis han hadde det. Det var ikkje den rette julestemninga, me prøvde no likevel så godt me kunne å halda humøret oppe. Men då me sat rundt bordet til julemiddagen og skulle syngja "Eg er så glad kvar julekveld", greidde ikkje Bjørg det lenger. Ho byrja gråta. Og så gret me visst litt nokon kvar. Eg trur faktisk det letta litt på trykket.

1.mars 1944 var far 50 år. Men då låg han på sjukehus for magesår. I dagboka mi står fylgjande datert 7.mars:

"Hev vore til Mørkhøl, eg og Egil, me venta far. Arthur sa at han kom i kveld eller i morgon kveld. Dei har vel ikkje plass lenger no då, han har berre lege 2 vekor og han skulle vore 4 vekor. Hardangerbilen var komen då me kom ned, men far var ikkje med. Borga-Marta og Atle sa at Tyssebilen skulle til Eikedal og då ville me venta og sjå om han kom med den. Men det vart så kaldt at me måtte gå heim att før han kom. Annemor og Borghild S. kom ei tid etter me kom (heim). Dei kom med Tyssebilen og då var kl. halv 11."

Onsdag 8.mars har eg skrive at far kom heim. "....fordi at dei fekk ikkje liggja lenger enn 14 dagar for magesår no."

"Laurdag 11.mars

I kveld skal me ha selskap. Far sin 50-årsdag som no skal feirast. 10 dagar etter. Me skal ha fisk, poteter og gulrøt. Så rømmegraut og brus og brennevin og til slutt ein gong i natt kaffi og kjeks og heimebaka gode tebrød. Vafler og ferske skiver. Du verda. Eg gled meg til å byrja å eta. Det er berre 1 1/2 time til dei skal koma no. Dei er bedne til kl. 8.

Sundag 12.mars

Åh, eg vart så svevnug i dag att! Endå me var no ikkje oppe meir enn til kl. var halv 1. Dei var så svevnuge gjestane og. Men du kor god mat me hadde. Eg åt mykje meir enn eg hadde godt av. Bjørg kasta opp i dag tidleg ho."

Desse utdraga viser at det vart skore ned på sjukehusopphald den gongen og. Men mest av alt viser det skilnaden på festmenyane då og no. Det fortel og at det var mageproblem for borna og. Me var ikkje vane med å eta oss stapp-mette. For det første var det lite mat, og for det andre var det mykje dårleg mat som me streva for å få i oss. No kan

det henda at me hadde fisk fordi far var på diett, men det var ikkje det store utvalet heller. Far fekk kort på kveitemjøl p.g.a. magesåret, Bjørg hadde og kveitekort ei stund. Mjølrasjonane var på 200 g. pr. person pr. dag. Krisemjølet me fekk som bakemjøl var grovt, tilsett kritt og lite brukande. Me blanda poteter i brød og vafler. Og så var det fiskemjølet då! Det tenkjer eg på med gru, det smaka fisk av brødet. Ein gong var det åmer i fiskemjølet. Me kunne ikkje kasta det, så me sat å plukka dei vekk for så å bruka mjølet. Det var ikkje anna råd! Solsilda tenkjer eg på med gru. Me hadde spekesild som var god, men me blei lei av det. Så hadde me nok aure. Og poteter hadde me rikeleg. Me hadde potetåkrar hos bestefar. Kålrabi hadde me mykje av. Me brukte ofte steikte kålrabiskiver til kveldsmat. Det var svært godt. Me svalt ikkje, og me åt oss stort sett mett om noko smaka dårleg. Det var berre nons-måltidet som vart rasjonert ut.

Mor var oppfinnsam når det gjaldt krisematen og. Men det må ha slite på dei som stod for matlaging. Smør blei det etter kvart verre med. Me fekk no litt her og litt der hos slekta. Mjølkk fekk me som vanleg, og mor skumma fløyten av mjølka og samla til smør. Me rista på fløytespannet til me fekk smør av det. Det vart av og til kokt rømmegraut og, av oppsamla fløyte og rømme.

Det var ikkje så lett å få smør på gardane. Det vart etter kvart bytemiddel. Bytehandel og svartebørs blomstra. Smørsbrua i Gjelet har fått namnet sitt etter smørbyte mot jarn. Me hadde ikkje gard, så me hadde lite til å byta med. Eg synes eg hugsar at far brukte brennevinsmerke til eit eller anna byte. Tobakksmerke hadde han nok ikkje til overs. Men dyrking av tobakksplanter vart snart vanleg. Dei hang til tork på tørkeloftet, og over omnen. Men det lukta noko heise ille. Egil fortel at far hjelpste han til å dyrka tobakk. Han kunne tena nokre kroner på å selja blada. Og Egil stelte plantene, dei blei store og fine, og han såg for seg stor fortjeneste. Då dei vel var turka og snart kunne seljast, var krigen slutt. Så han var litt seint ute med handelsvara si.

Ein gong var Bjørg og eg til fjells med far for å plukka grisemose. Det var mykje av mosen rundt Rukjen (på vegen til Kvanndalen), og me plukka fleire fulle sekkar. Eg trur det med kalla grisamose eigentleg heiter filltav. Då mosen tørka og blei malen, var det ikkje rare greiene att. Mor brukte mosemjølet til vafler, og smaken var god. Men det blei

med den eine turen.

Klede var det etter kvart store problem med å skaffa, så det vart mykje omsying av gamalt. Ingen ting kunne kastast, det kunne kanskje bli bruk for det. Det blei mote med skjørt i fleire breidder og ulikt stoff. Og eg fekk m.a. ei bukse etter Kåre omsydd til skjørt. Skotøy var ikkje mindre problem. Me brukte mykje tresko, men det var lite populært. Bestefar på Steintveit laga gode tresko, lette å ha på foten og utan å gje gnagsår. Men han døydd i 1940, så det vart ikkje fleire bestefarssko, når me vaks ut av dei me hadde. Så hadde me militærstøvlar frå det bortgøymde lageret, så lenge det varde. Me fekk fine sko av fiske-skinns med tresålar under. Dei varde ikkje lenge, synest eg å hugsa.

Mor fekk seg rokk, og det blei karda og spunne. Strikka gjorde me jentene og, sokkar og labbar og gensarar. Bjørg likte godt å sy, men det blei snart vanskar med sytråd og. Alt var mangelvare. Alt var rasjonert. Men det var slett ikkje alltid rasjonane var å få i forretningane. Sjølv om me hadde berre gardsbruk rundt oss, var det ikkje så enkelt å få kjøt. Bøndene skulle gje opp krøtertalet, og fekk berre ein liten kvote til eige bruk. Det var tvangslevering frå hausten 1942. Og kontrollørar gjekk rundt på gardane og såg etter at alle dyr var gjevne opp. Men desse kontrollørane var ikkje alltid like strenge, det hende dei såg mellom fingrane med – eller ikkje såg – litt lureri. Dei fleste bøndene prøvde så godt dei kunne å gøyma unna eller ha ”tap” av sauer på sommarbeite. Me hadde ein sau hos bestefar, eg meiner me fekk alt kjøtet av den. Om det gjekk av kjøtrasjonen, veit ikkje. Men eg trur det var utanom.

Det vart litt moro med ein gardbrukar som hadde ale opp ein gris, utan at den var registrert. Men å slakta gris plar ikkje vera lydløst. Grisen skreik så det høyrdest over heile Høysæter. Heilt hemmeleg vart det nok ikkje, men det var ikkje sladderhankar på gardane.

Me prøvde oss med kaninhald, med vekslande hell. Eit kull kom seg ut or buret og vart søkk borte. Me rekna med at dei blei mat for hønsehauken som stadig var på jakt. Men så fekk me ein grå og ein svart kanin som me vart så glade i. Særleg den gråe. Han vart heilt tam, og hoppa i hælane på oss når me skulle gå etter mjølk, så me måtte jaga den heim att. Men då hoppa han fint heim til huset att. Han fylgde etter oss opp trappa og inn i stove og kjøkken. Om nettene sov han i ein

kasse med høy i vedakjellaren. Det vart eit koseleg kjæledyr. Og spør om me grua oss til at han skulle slaktast... Men ingen veg utanom. Då den kaninsteika kom på middagsbordet, greidde ikkje me ungane eta. Bjørg tok til tårene, og me gjekk frå bordet. Det var slik ein makelaus kanin...

Likevel var det lite mot det at me måtte ta livet av Laila (hunden vår). Det vart etter kvart større problem med mat. Og Egil meiner ho hadde hofte-problem. I alle fall hoppa ho ikkje lenger, han måtte hjelpa henne opp på steinar der ho før lett hoppa. Det kunne nok vera aldersproblem. Kåre fekk den tunge jobben med å gå med Laila til Svensdalen, der ho vart skoten. Geværa vart av og til henta fram frå gøymsla. Bjørg og eg gjekk heimanfrå før Kåre for med hunden. Me orka ikkje sjå Laila ta ut på sin siste tur. Sorga varde i lange tider. Endå gjer det vondt å tenkja på at Laila måtte drepast. Kanskje var det mest vondt for Egil. Han og Laila leika mykje saman. Og Laila passa vel på Egil. Ville ein av oss gje Egil ein dask, fauk Laila på oss. Me hadde litt moro med å slå etter han på tull. Laila var på pletten, hoppa på oss og ville ha oss vekk.

Egil leika ikkje berre med Laila. Han hadde litt av kvart for seg. Far hadde ståande ein kasse med øvingsammunisjon på kattalemmen. Den hadde ikkje tyskarane funne, men det gjorde Egil. Det var patroner til Krag-Jørgensen, med treproppar som kule. Treproppane vart fjerna, og fram kom krutet. Egil strødde det ut i lange remser, og tende på i eine enden. Så freste det bortover. Eg hugsar det så vidt, og Egil meiner far visste om det og gav oppskrifta. Så det var visst under kontroll...

Når me skulle handla, måtte me til Tysse. Det var ca 1 mil frå oss. Me kunne ta buss frå Mørkhølen, men det var eit stort problem å koma med. Ofte måtte me gå heim att. Så me gjekk ofte ned Svensdalsbrekka til Langeland, over Ilaget til Tysse, og vona på å koma med bussen oppover att. Det var eit lotteri. Ofte måtte me venta lenge på bussen, og det var nesten alltid forseinkingar. Dei kjørde på knott, det gjekk seint, og det var få bussar. Knott var vedstykke som vart fyrst på, og rett som det var måtte sjåføren ut og fylla på ny knott i generatoren.

Bensin var ikkje å få.

Fekk me ikkje plass på by-bussen, og Tyssebilen ikkje køyrde, måtte me berre ta beina fatt og gå heim att og. Då var det gjerne byrja li langt på kveld. Det hende me ikkje var heime før i elleve-tolvtida om kvelden. Ja, det var mange gonger eit slit, med tunge ryggsekker dersom me hadde fått alle rasjoneringane våre. Alle erstatningsvarene: kaffierstatning, krise-smør, elendig mjøl, B-såpe som var sandpapir. Men likevel ville me gjerne til Tysse, me var fleire gonger i veka. Det var og viktig å følgja med om det var komne sjeldne varer i forretningane. Varemangelen var stor.

Tyskarane hadde hestestallane sine eit stykke opp for Tyssebrua. Stallane låg på begge sider inntil vegen. Me likte ikkje så godt å gå forbi dei, så kloss innpå tyske hestar og soldatar. Men me var aldri ute for noko ubehageleg. Egil fortel at ein gong han gjekk oppover saman med mor, var det ein tyskar som blotta seg. Mor såg vekk og raska på, Egil sperra opp augo og sakka på farten... Dette fortalde ingen av dei til oss jentene. Kanskje var det like bra.

Björg og eg gløymer ikkje ein av desse heimturane frå Tysse. Me hadde vore med Egil til legen. Det har nok vore hausten 1941. Då byrja Egil på skulen, og han skulle på legesjekk. Guri var med Bergljot. Ingen av oss fekk plass på rutebussen, og måtte byrja gå den lange vegen heim. Seint var det, mørkt og kaldt, me var glade for at me hadde ein vaksen med oss. Egil var då 7 år, Björg 10 1/2 og eg 12 år. Då me kom opp til Ulland, fekk Guri og Bergljot sitja på i førarhuset på ein lastebil. Me følte oss temmeleg fortapte då. Og ikkje reint lite forarga. Me syntest at Egil kunne fått Guri sin plass. Dei hadde kunna gått åleine frå Mørkhølen, Egil og Bergljot. Ja, me gjekk og me gjekk, aldri kan eg hugsa at vegen var så lang som den gongen. I Børdalen var me inne til Kristi Drageset og fekk vatn. Me var stuptrøytte. Björg meiner at Kristi då fortalde oss at mor var komen heim med Agnar. Og då skunda me oss slik opp Gjelet at me mest måtte dra Egil etter oss. At dette var på dei tider då mor enten var nær fødselen eller nær etter, kan forklara kvifor ho ikkje sjølv fylgde Egil til legen. Så det er mykje mogeleg at Björg hugsar rett her. Egil og eg er blanke, Egil etter Ull-

and, og eg etter Børdalen.

Ein mørk kveld kom far heim og skulle snakka med mor. Det var noko me ikkje skulle høyra og vita. Me fekk no greie på det likevel. Far hadde høyrt noko inne i vognhuset, det viste seg å vera to russiske fangar på røming. Dei hadde gøymt seg der inne, og ville vita vegen austover. Dette var veldig hysj-hysj, så me fekk sikkert ikkje vita alt. Me lurte på om dei fekk noko mat.

*I ettertid har Aud skrive denne merknaden til hendinga: Eg hugsar at me lytta til at far nemnde Bent Drageset. Kjøkkendøra var ikkje heilt lydtett. Så eg kontakta Atle (Drageset red mrk.) for å høyra om han kunne fortelja noko om rømlingane. "Javisst!", sa Atle. "Dei var hos oss, dei." To unge gutar var det. Språkvanskar gjorde at det var problem med å snakka med dei, så det vart teiknspråk. Det var eit skikkeleg ruskever den kvelden, med regn og vind. Og gutane var gjennomvåte, hugsar Atle. Så dei fekk tørka klærne sine, og fekk mat og drikke. Dei fekk og store matpakkar med seg, sjølv om det var matmangel hos dei fleste i 1944. men han kan ikkje hugsar om far var innom dei.*

*Det var i alle fall snakk om mat på kjøkkenet vårt. Og nyleg fortalde syskenbarn Klara i Svendsdal, at broren Nils hadde vore saman med far då dei kom frå Tysse seinkveldes og kom over flyktningane i Vognhuset. Ho meinte og at broren hadde gått ut att med mat. Etter som Bent'n sitt namn var nemnt av far, tyder det på at det var dei same russarane. Desse to skal ha blitt tekne i Ålvik, etter det Klara hadde høyrt.*

*Mellom Svendsalsgardane og Svendsalsbrekka låg det ei utløe, Sandbrekkeutløa. Vegen vidare til Langeland og Tveit gjekk forbi denne utløa. Der kom onkel Knut i Svendsdal over to russarar. Han hadde vore ute og henta ein sau i marka då han såg folk i utløa. Dei kvakk til, alle tre, og rømlingane spurde han "russisk kamerat?". Han nikka ja til det. Dei viste og fram merka dei bar om halsen, og Klara meiner dei hadde eit slag kart dei gjekk etter. Onkel Knut gjekk heim og gav beskjed til Stin'n, og frå begge gardane vart det laga mat til russarane. Klara trur dei var i utløa nokre dagar. Fetter Ludvig råka på dei på veg frå Svendsalen. Dei gøymde seg bak ein steinmur då dei såg han, og det siste dei såg av dei var at dei gjekk over Skarva. Dette må ha vore om hausten, og det kan ha vore dei same rømlingane som var i*



*Børdalen. Men slikt snakka ein lite om då, det måtte haldast løynleg.*

*Det gjekk mange historier om russiske fangar som vart skotne i området ved Tveit. Me var aldri sikre på kva som var sant, og kva som verkeleg hadde hendt. Randi (Tveit Haugland, søster til Solveig Tveit Nygård, red. merk.) kom tett inn på denne hendinga, og no er det ho som fortel vidare:*

## OM TO RUSSISKE FANGAR SOM RØMDE – TRULEG FRÅ ESPELAND LEIR

Det måtte vera vinterstid 1942 eller -43. I huset til Sigurd Tveterås – Totræ – var det eldste dottera Berta som stelte for søskena sine. Mora var død.

Ein dag kom to ustelte menn inn i huset. Dei gjorde teikn til at dei ville ha mat, og dei såg på sokkar som hang til tørk over omnen. Berta og ungane vart skræmde og ville ikkje gje dei noko. Då tok dei seg til rette med både litt mat og sokkar.

Sverre, som var ein gut i 12-årsalderendå, meiner at dei kom på ski. Dei for nedover bakken til utløa som var full av tørrrhøy på den tida. Utløa var Ingjald og Vincent Tveit si, som dei delte. Her la russarane seg til.

Berta var framleis uroleg og utrygg, ho meinte det var best å melda i frå til politiet. Otto, som då var i 14-15-årsalderen, vart send heim til Tveit der det var telefon. Han melde om rømlingane til politien, som me trur heitte Moe. Moe var kjent med Vincent og ba han visa seg utløa. Dei fann russarane der og prøvde å gje seg til kjenne som ”venner”. Men dei ba dei om å ikkje verta verande der, men fara vidare.

Vel attende på Tysse fekk nok Moe ”kalde føter”, og vart redd for at dette vart kjend. Han kom i alle høve attende til utløa saman med tyskarar. Tyskarane skaut inn i løa, og russarane var der enno. Ein kom ut med armene over hovudet, den andre låg død der inne i høyet.

Tyskarane grov ei lita grøft attmed løa og la den døde der, ikkje skikkeleg gøymd. Den andre sette dei bak på ein motorsykkel og for med han. Det er mykje truleg at han også vart teken av dage, - ein fange sitt

liv var ikkje mykje verd for dei.

Dei tre gardbrukarane Vincent og Ingjald Tveit og Johannes Lange-land – Guleiksjoansen – gjekk saman om å få russaren skikkeleg begravd. Dei snekra saman ei kiste, og mor fann noko klede til å ha i kista. Så for dei med hest og slede innover mot løa på Træ. Kven som var med i dette følget, hugsar me ikkje heilt, men far og mor og to av søstrene mine var med. Vincent og ein av karane hos Guleikane var der, men sikkert fleire og.

Solveig hugsar at borna måtte stogga bortanfor løa og stå der medan dei vaksne ordna med den døde og fekk han i kista. Dei fekk laga ei grav på Olstramyra på slåtta til Vincent. Far og følget las og song over grava.

I lomma til russaren fann dei ei notisbok, og han hadde eit soldatmerke på seg. Dette tok far vare på til etter krigen. Då leverte han det frå seg - kanskje til lensmann eller like til den russiske ambassaden? Eg hugsar dei vona på at dette måtte koma fram til Russland og den avdøde sin familie. Eit kart fann dei og.

*Så er det Aud som har følgjande kommentar etter Randi si forteljing:*

Så langt Randi si forteljing med fakta frå denne hendinga.

Det er ei trist forteljing om ulukkelege lagnader, og viser noko av den redsel og brutalitet som følgjer med krig. Det må ha vore store påkjenningar for dei som fekk dette inn på livet. Det er og ei gripande forteljing om medmenneskeleg varme og stor respekt for den døde soldaten. Han fekk trass alt ei verdig gravferd med bøn og song.

Rømlingane det er fortalt om her hadde ikkje hellet med seg, og sikkert fleire med dei enn det me veit om. Men det var russiske fangar som vart haldne i skjul til krigen var slutt, og såleis berga livet.

Grunnen til at eg har skrive dette tillegget, er først og fremst at det har vore så mykje uklårt og så mange gjetningar når det galdt desse rømlingane. No er i alle høve ein god del av brikkene på plass, og mange spørsmål har fått sine svar.

Sommaren 1944 gjekk eg for presten, og skulle konfirmerast 1.oktober. Alt i mars byrja jakta på konfirmasjonsklede. Det var ikkje stoff å oppdriva i forretningane. Men far kjende ein mann som arbeidde på Voss, eg trur det var i ein ullvarebedrift, og han skaffa kåpetøy. Kvar

kjoletøyet vart funne, hugsar eg ikkje. Det vart ikkje side kvite kjolar på konfirmantane, bortsett frå ei. Mor sydde ein fin kort kjole til meg av eit mørkeblått taftliknande stoff. Ho trekte ut trådar til mønster i bærestykket, det blei veldig fint. For å få undertøy måtte eg til forsyningsnemnda og søkja skriftleg om tilvising på m.a. underkjole og hoftehaldar.

Me hadde eit lite selskap heime. Kven som var bedne og kva mor hadde fått til av selskapsmat, kan eg ikkje hugsa. Varemangelen var berre blitt verre og verre. Men mor var utruleg flink til å finna utvegar. Me hadde pliktår heime i huset første året etter endt skulegang. Kåre hadde hatt sitt år, eg hadde mitt. Då greidde mor seg utan hushjelp. Middagskokinga vart stort sett å koka poteter og ta opp spekesild. Då eg fylte 15 år, måtte eg ha pass. Eg var i Norheimsund og tok passfoto. Det var eit tufsete foto, men eg var mektig stolt over passet, for der hadde eg "hushjelp" som yrke!

Det byrja bli snakk om at det gjekk dårleg for den tyske krigsmakta. Det var eit lyspunkt i ei stadig vanskeligare tid. Men korleis avslutninga ville bli i Noreg, var uvisst. Det var langt frå sikkert at dei tyske styrkane i Noreg ville leggja ned våpna godvillig. Då tyskarane trekte seg attende frå Finnmark etter at russiske styrkar hadde gått inn i Varanger, brukte dei "Den brente jords taktikk". Nord-Troms og Finnmark låg for ein stor del i ruinar.

## *Fred*

7.mai 1945 om kvelden var eg med mor nedover i Gjelet for å ta i mot far. Eg går ut frå at i alle fall Agnar og var med. Me traff far i siste brattebakken ned mot Børdalen. Og der tok me i mot den fantastisk glade bodskap: NO VAR DET SLUTT PÅ KRIGEN!! Tyskland hadde kapitulert! Våpna var lagt ned!

Der er noko eg endå ser for meg. Me stogga opp og far fortalde. Me våga mest ikkje å tru at det var sant. Endeleg! Endeleg!

Då me kom heim, var far i buffet-skapet og henta fram konjakkflaska. Den var gøymt på til freds-skål. Mor og far skålte med kvar sin konjakk i drammeglas. Og Bjørg og eg fekk kvar sitt lite drammeglas av mor sin grønne curacao! Utruleg! Alt var utruleg! Slutt på krigstilstan-

den! Fred! Endeleg FRED!

8. mai skulle konfirmanthuset mitt på fest hos presten, Knut Gjesdal, på Tysse. Det var ein strålende vakker vårdag, med sol og varme. Gunnlaug og eg sykla nedover saman. Me traff folk som kom syklande med radioen på bagasjebrettet. Og me såg flagga koma opp rundt i bygda. Etter 5 år bortgøymde og forbodne, vaia Noreg sine fargar på flaggstengene. Raudt, kvitt og blått! For eit vedunderleg syn! For ei kjensle...

På Tysse fekk me beskjed om at prestefesten var avlyst, me skulle no møta til gudsteneste i kyrkja. Så me sykla vidare til Ådland. Sjeldan og aldri har me vel trødd syklane så lett som den dagen. Det var høgtid! Det var fest! Det var fred! Me kunne synga "Gud signe vårt dyre fedreland" høgt og fritt! Ein dag ingen av oss gløymer.

Og okkupantane var stort sett letta og glade dei og. Våpna vart fredelig lagde ned. Mange soldatar gav og uttrykk for glede. Men det hadde kosta. Noko alle krigskyrkjegardane rundt om i verda, mellom anna, er triste vitne om. Den allierte invasjonen i Normandie 6.juni 1944 var avgjerande for vendepunktet i verdskrigen. Saman med Kåre, Bjørg, Leif og Walter var eg i Normandie i 1995. Berre på den amerikanske kyrkjegarden på Omaha-stranda står ufattelege 9000 marmorkors og minner om unge menn som betalte prisen. Det er sterke inntrykk. Og berre ein liten del av det som vart ofra for freden... Tal seier lite. 9000 kvite kors gjorde tala synlege der.

Me hadde og ein frigjeringsfest i skulehuset på Høysæter. Det var sett opp bord og benker i skulestova, og alle i skulekrinsen tok del. Det vart servert rømmegraut, det var nok eit spleiselag. Det eg hugsar best frå den festen var problemet med å finna nok tallerkar og skeier til alle. Me hadde mykje moro med ein som måtte prøva å eta graut med ei fløyteskei. Det gjekk no på ein måte, det og. Men han sleikte visst i seg det meste. Egil hugsar at det sto eit glas halvfullt med rømmegrautfeitt på kjøkenbordet vårt. Birger i Svendsdalen spurde mor om han kunne få det, og det fekk han. Og så drakk han alt feittet! Det imponerte Egil slik at det er hans minne frå festen. Stemning var det i alle fall.

Radioane kom inn att i stovene. Etter ei tid kom det melding frå Kåre i radiosending frå London, at alt sto bra til med han. Snart skulle han koma heim. Far var tilbake i det miliære om sommaren, og heile fami-

lien fekk bu hos tante Anna i Sandalen. Der var mykje hjarterom, og me stortrivdes i Sandalen, der var det alltid kjekt å vera. Freds-sommaren var ein glad sommar. I staden for marsjerande grønkledde kom no engelske Red Devils. Trass i namnet var det trivelege, blide soldatar. Det hende dei kom til tante Anna og ville kjøpa egg. Me prøvde å forstå kva dei sa, det var ikkje engelsk språkopplæring i folkeskulen i dei dagar. Men det kom eit skår i gleda. Mor fekk sitt første hjarteanfall den sommaren. Diagnose angina pectoris. Det gav oss alle ei ny stor bekymring. Kanskje alle påkjenningane og slitet i krigsåra hadde blitt for mykje for henne.

Etter ei tid i Sandalen, flytta me inn i ei tysk offisersbarakke i Roald Amundsensvei på Minde. Den låg i krysset til Nansensvei, og der budde onkel Lasse og tante Johanna. Det var ein uvanleg bustad, eit stort slåk med eit husvære i kvar ende. Ein svær sal i midten og mange dusjar på rad og rekkje. Same lukta hang i veggane der som i skulestova etter tyskarane sine besøk. Opp gjennom åra har eg hatt mange vonde draumar frå denne barakka. Eg er panikkarta redd, og spring frå dør til dør for å låsa før eitt eller anna skræmeleg kjem inn. Og så er det utruleg mange dørar å låsa.

Der budde me alle ei tid. Kåre og Arne Mugås i den eine enden. Då skulen byrja, reiste mor med Bjørg, Egil og Agnar opp att til Høy-sæter. Egil hadde forresten nytta tida på Minde til å reisa rundt i Bergen med trikken. Det var ikkje så langt bort til Inndalstrikken, så 10-åringen tok ut på eiga hand.

Bjørg gjekk for presten i Samnanger den sommaren, og reiste litt fram og tilbake. Ho vart konfirmert om hausten, og det ordna seg med kvit sid kjole. Eg byrja på Den Norske Realskulen Med Gymnas, og Kåre og Arne Mugås på Tanks – i ekstraklasse for dei som måtte bryta av under krigen. Seinare kom Bjørg til Bergen og, i frisørlære. Far var i militærteneste på kontor i Handelens og Sjøfartens hus i Olav Kyrres-gate. Der var det strengt vakthald, og det var litt spanande å besøkja han der. Der fekk eg endeleg bruka det lite fine passet mitt. Me gjorde oss ærend til far med vafler.

Far bytta barakka med Bergens mekaniske sitt husvære på Møhlen-pris. Dei ville ha hyblar til læregutane sine, og me fekk eit åtteroms husvære att. Det var i meste laget for oss, så far var så snill og delte

med ein løytnant han kjende. Det var sånn passeleg kjekt, men det varde ikkje så lenge før den familien flytta heim att. Guri var blitt enkje, og ho og Bergljot fekk eitt rom, og eine kjøken-anretningen saman med oss. Me budde der med far så lenge han var i teneste i Bergen. Etter ei tid fekk han kapteins grad. Kontoret vart flytta til Bergenhus. Kåre, Bjørg og eg vart buande i Bjerregårdsgata.

Med 1945 byrja eit nytt kapittel i familiesoga. Me var ikkje så ofte samla alle lenger. Men samhaldet i familien var alltid sterkt. Og mor og far fylgde opp både born og borneborn så godt dei kunne så lenge dei kunne.

Trass alt var dei fem magre åra lærerike år, ei lekse om nøysemd og samhald, og verdien i fridom.

Ynskje og ord frå far og mor:

Far: "Tru godt, så går det godt."

Mor: "Får de det så godt som eg ynskjer, då får de det godt."



*Aud si teikning av foreldra.*



## Klokkargarden i Samnanger

*Av Knut Tveit*

Inst i Samnangerfjorden, innafor Notaholmen mellom Reistadelva og Ådland, ligg Skottabakken. Namnet tyder på at skottane kom hit en gong i fortida. Dei var sikkert ute etter skipstømmer. Eik var eit ettertrakta materiale til skip, og mykje tyder på at i området rundt her, var det bra med slik skog. (Sjå Samnanger 1 av N. Lauvskard)

Frå gamalt av var dette eit husmannsbruk under garden Reistad, kalla Bakken. Ole Nilsen Reistad kjøpte bruket i 1890. Eigedomen var på 0,49 Skyld mark eller ca. 10 da innmark og fleire da skog med beite rett i Reistadmarka. Bruket fekk namnet Fredlund (namnet er berre brukt i skøyte) til dagleg Bakken. Ole Nilsen Reistad døydde i 1910. Same år selde enka, Brita Reistad, bruket til Samnanger skulekommune (?, slik står det i skøytet, red mrk). Huset på bruket, det som seinare



vart kalla Klokkarhuset, vart bygd av Ole Nilsen Reistad, i 1890- åra ein gong.

Kor stor i kvadratmeter bygningen var, er eg ikkje sikker på. Anslagsvis ca 100 kvadratmeter i grunnflate. Huset vart oppført i tømmer og kledd utvendig med furupanel. Det var to stover med gang og kjøken i midten. Huset var i halvannan etasje med soverom på lemnen. Det var kjellar under heile huset. Glasverandaen og arket vart truleg bygd seinare. Likeeins vart kjøkenet på nordsida bygd på huset rett før siste krig. Då vart også huset isolert innvendig.

Etter at kommunen kjøpte bruket til lærar- og klokkgard, vart det sett opp flor og løe. Skytja og utedoen trur eg stod der frå før.

Klokkarhuset vart rive i 1980 åra. Det var ein del diskusjon om det skulle rivast, eller setjast i stand. Fylkeskonservatoren gjekk inn for vern av det 100 år gamle huset, som han meinte hadde en planform som var typisk for hus på 1800-talet, og at det er eit fint og stilreint døme på vestlandsk byggeskikk. Det hadde vore dårleg med vedlikehaldet i lengre tid etter at far flytta og fleire leigebuarar budde der i kortare periodar. Rådmannen i kommunen meinte at å setja i stand huset, ville verta for dyrt, ca. 130.000 kr., og kommunestyret fann ut at det ikkje var "vøla" verd. Floren og løa samt uthusa vart rivne tidlig-



*Bakken ca. 1950.*



are.

Det er kome nye bygningar på tunet der Klokkarhuset stod. I hagen er det støypt ein diger betongtank der kloakk vert samla opp, så der det før var grønt gras og blomar, er det no betong og asfalt. Spor etter det som var, er borte for alltid, men for oss som vaks opp på Bakken, vil minnet om den finaste plassen i bygda nok aldri bli borte. Men tida endrar seg og mange små gardar vert borte, så også med Klokkar-



*Biletet viser tunet med hønsehuset, litt av floren og skytja. 17. mai i 1953 eller 1954. Ragnhild, mor, far, og Frøydis.*

garden.

Det var eitt lite hus til på Fredlund, nær der som Peder Nordbø bygde sitt hus. Ole Larsen Stentvedt fekk leiga ein hustomt på livstid, og bygde hus til seg og kona Pernille. Huset hadde to rom og loft med trapp. Det var påbygd ei halvskjekke til skytje. Eg meiner huset ikkje var særleg over 30 kvadratmeter. Pernille som vart nokså gamal, trong hjelp i huset, og Sesilia Reistad, som ho var tante til, flytta inn til henne. Etter at Pernille døydde, tidleg i trettiåra, vart Sesilia buande til ho flytta på Samnangerheimen der ho døydde i slutten av 1950 åra. Huset vart overteke av slektningar til Sesilia, og flytta til Teigavika ved Bjørkheim.



*Bildet er frå mor og far sin sølvbryllupsdag i 1953.  
I bakgrunnen ser me huset til Pernille og Sesilia*



*Bakka-Brito, Brita Reistad.*

## *Om livet og folket på Klokkargarden*

Bestefar min, Knut Tvedt, var lærer i Reistad skulekrins og klokkar i Samnanger i 1910. Han budde delvis på Bakken og delvis på Tveit. Frå 1897 budde han og kona Ragnhild Monsdotter Kleppe i skulehuset på Reistad. Dei hadde då fått fire born som vart fødde på Kleppe. Seinare kom det seks born til, som vart fødde på Tveit. Frå 1925 og ei kort tid, budde svigersonen Vilhelm Røen på Bakken med sine fire døtre. Dei kom heim frå Amerika etter at kona Kristina Knutsdotter døydde i 1925.

I 1927 vart Mons Knutson Tveit konstituert som klokkar og lærer etter sin far, som vart førtidspensjonert på grunn av sviktande helse. Vilhelm Røen valde då å dra attende til Amerika saman med tre av døtrene. Den yngste, Kristina, vart igjen på Olderbakken hos tanta og



*Biletet er frå 50-åra, og viser tunet i klokkargarden. Bilen er Odd sin gamle DKV. Motorsykkelen er Hans Nygård sin Indian 1200 m3*

onkelen sin, Anna og Andreas Røen.

Mons Tveit og kona Nanna Nikolaisen gifta seg i 1928, og i 1932 vart Mons Tveit tilsett som lærar og klokkar og dei tok bustad i klok-kargarden på Reistad.

Det var todelt skule på Reistad då. Andreas Røen og Mons Tveit delte lærarpostane i Trengreidfjord (Stolpane skule) og Reistad mellom seg. Det var ikkje bilveg til Trengreidfjord og heller ikkje bru. Dersom elva var stri og stor, måtte dei gå den lange vegen om Oppheim. Det måtte også borna i Hisdal, då det ikkje var skulehus der.

Nanna og Mons fekk fire born. Knut i 1929, Odd i 1932, Frøydis i 1936 og Ragnhild i 1938. Me fire er dei einaste eg veit som er fødde i Klokkarhuset.

Klokkargarden var ein fin plass for born å veksa opp på. Den vesle garden med kyr og sauer, ein gris og høner med kyllingar. Eg hadde ansvaret for ein kanin som etterkvart fekk fine små ungar. Odd hadde fått ein geitekillling som leikekamerat ei stund. Så hadde me også ein katt. Den var det småjentene som stelte med, kledde av og på og tukta til å liggja i dokkesenga. Han var så snill den pusen, men ein farleg god rottejegar, som jaga dei store fæle rottene som ville eta opp maten



*Nordbygda skulehus ca. 1936. Andreas Røen t.v. og Mons Tveit.*



for hønene.

Leikeplassen var heile garden, berre me ikkje trakka i graset, det var nesten ei dødssynd.

Så måtte me passa oss for bekken, for Bakkabekken kunne av og til verta stor og farleg for småungar. Me leika også i fjæra. Det var slik ei fin badestrand på Bakken. Det kom ofte folk frå bygda også og bada der. Gardane på Reistad og i Nordbygda hadde naust i Bakkafjæra. Faren for dei badande var glaskår, som kom med bekken frå brusfabrikken. Difor måtte me ikkje gå berrføtt ved bekke-utløpet. Det var brusfabrikk i nabohuset like fram til krigen, då Hansa kjøpte den ut. Samnanger Mineralvannfabrikk hadde ord på seg å levera god brus og gamle brusmannen var en snill mann.

Dagane gjekk med arbeid og leik, og me borna fekk være med på alt som gjekk føre seg.

Dei såkalla harde 30-åra kan eg ikkje hugsas som vonde for oss ungane. Far hadde arbeid og fast løn frå staten. Men det var mange i dei åra som ikkje hadde utkomme til dei mest naudsynste ting som mat og klede. Eg minnest frå tida då far var formann i fattigvesenet i bygda, og det kom folk på døra som måtte ha hjelp. Det var berre det, at det var ikkje særleg med pengar å hjelpa med. Folk var kreative og nøysame. Det er utruleg kor lite som skulle til for å livberga seg.

Me hadde tenestetauser i den tida me ungane var små, som hjelpte til både ute og inne. Det var ungjenter frå bygda. Dei hadde kosten saman med oss, og nokre budde også hos oss. Dei passa og stelte med oss ungane både natt og dag. Me vart sjølvstekt veldig avhengige av og glade i desse jentene som var vortne en del av familien. Nokre hugsar eg betre enn andre. Særlig minnest eg Signe, som var hos oss i byrjinga av 30-åra. Og så Borghild som var i teneste frå like før krigen og til freden kom, og var den som budde hos oss lengst.

Seselia som budde på Bakken, "Sesselo" som me sa, kan ikkje gløymast. Ho var med både inne og ute. Ho var så lettvindt, og budde så nære. Ho hadde vore i teneste på gard, og var vel van med dyr. Sesselo levde enkelt, og var ikkje van på maten. Hun kokte i ein fiskebollebok; "turelut" som ho sa. Brødmaten åt ho på eit papir som

ho gøynde til fleire måltid. Sesselo var ”nøtten” og åt det andre ikkje såg mat i, men ho var aldri sjuk. Ho hadde nok ei jarnhelse. Ho var ikkje fattig, men sparte på kronene sine og det var pengar att etter henne.

Mor som var byjente og ikkje van med dyr, gjekk helst ikkje i floren, så det måtte tausene eller far gjera.

I utearbeidet om sommaren var mor med. Elles var hagen og blomane det som ho likte best å stella med. Det blømde fint på Bakken i hennar tid. Ho hadde husmorskule og laga god og varierende mat. Ho var eit ordens menneske og strevde forgjeves med få å oss til å rydda og ordna etter oss. Mor hadde god hukommelse, og like til det siste visste ho kvar ho hadde tinga sine. Ho stelte med oss når me var sjuke, og det var me ofte. Det var så godt å ha mor heime. Så godt å ha nokon å gå til når livet gjekk oss imot. Mor var sosial og hadde lett for å koma i kontakt i med folk. Ho vart tidleg med i foreiningslivet i bygda. Ho var med i Norges Husmorlag, og ein periode var ho leiar i Hordaland krins. Eg hugsar at det til tider var mange koner på strikkemøte heime. Dei strikka og broderte, song og las, og laga ting til utlodning for humanitære føremål. Det var ikkje aldersheim i bygda, så arbeidet for eige hus engasjerte henne med stor iver. I 1954 fekk ho sjå at aldersheimen stod ferdig. Sjølv syntest ho at ho aldri vart gamal og skrøpeleg nok til å flytta dit, og ho budde i huset sitt til ho døydde nesten 98 år gamal.

Far var ofte borte på møte og liknande, så han leigde hjelp til vedlikehaldsarbeid og vedhogst. Det var oftast unge menn som var hos oss. Dei var glade og takksame når dei fekk arbeid og sjølv om betalinga var lita, ville dei så gjerne ha blitt lenger hos oss. Veden måtte hentast i marka, sagast ned og dragast heim. Om vinteren på skikjelke, noko me gutane fekk vera med på. Det vart Odd og eg som måtte passa på så det var ved i skytja (vedbua). Og veden måtte vera tørr, elles vart det klage på rå ved som ikkje ville brenna.

Eg kan ikkje hugsar at me nokon gong vart nekta å bruka øks og sag. Det hende nok av og til at blodet kom fram, men då var det inn til mor å få klut på, og så var alt bra igjen. Far hadde høvelbenk og verktøy i kjellaren, så Odd og eg tjuvlånte det han hadde, og laga oss båtar og

bilar.

Far likte å driva med trearbeid, han laga leiker, små bord og stolar til oss ungane. Han var så flink å skjæra ut dyr, hestar mest, men også kyr og sauer. Eg minnest ei jul då han hadde laga kopi av fjøset vårt med alle dyra i. Det var noko til julegåve, me skjønna ikkje då kor fin og sjeldan gåve me fekk. Han sat i floren og spikka på trekubbar slik at figurane skulle verta mest mogeleg like dei dyra som var der. Me hadde denne leikefloren lenge, drog den med ut og gløymde å ta den inn att, så den for ofte ille. Dyra gjekk seg bort etter kvart, og til slutt hadde regnværet øydelagt heile det fine floren.

Det kom ofte folk innom som ville snakka med far. Å skriva til det offentlege var ikkje så mange som følte seg i stand til den gong, og difor var det naturleg å kontakta klokkaren for å få hjelp. Samnanger fekk ikkje eigen prest før 1939. Det var klokkaren som førte kyrkjebøkene, og far heldt god orden, og hadde fin handskrift. Når det var dødsfall i bygda, var det klokkaren som hjelpste til. Han var forsongar ved gravferd i presten sitt fråvær, og heldt ein kort andakt. Jordpåkastinga gjorde presten ved første gudsteneste sundagen etter. Samnanger hadde prest saman med Os kommune.

Me største ungane var med far i kyrkja på preikesundagen. Då sat me to gutane i klokkarstolen. Eg hugsar enno delar av kyrkjebøna og koralboka. Det vart til tider litt kjedeleg å sitja stille, minuttane vart som timar og presten si preike var ikkje for smågutar. Men eg trur likevel ikkje at me tok særleg skade av det. Kanskje det har vore ein god ballast?

Far var ikkje nokon indremisjonsmann. Han kunne være morosam og veltalande og vart ofte nytta som kjøkemeister i bryllaup og liknande.

Me borna gjekk alle i skulen til far. Han var streng og sette høge krav. Eg vil tru at han ofte var skuffa over oss. Det var vanskeleg å leva opp til hans forventningar. Det var mange som var flinke i realfag som rekning og naturfag, men hadde lese- og skriveproblem, og trudde seg difor dumme. I dag får elevane hjelp for slikt. Dysleksi og liknande var ikkje på timeplanen til lærarskulen i den tid. Dei som ikkje klarte å hengja med, eller ikkje kunne leksene sine, fekk i beste fall anmerkningar. Det hende også at nokon ikkje oppførte seg skikkeleg, eller gjorde fant. Var det riktig gale, kunne det vanka bjørkeris, då



måtte krinsformannen og vitne være til stades. Eg meiner å hugsa at det skjedde ein gong, men det var før eg byrja i skulen. Eg kan ikkje hugsa at nokon av oss fekk tokt, men tilsnakk fikk me, og etter at ar kom heim, opplevde eg til tider skulemeisteren på nytt. Dei 7 åra i skulen hugsa eg i sum som positive og lyse. Det var sikkert også mørke og tunge stunder, men som naturen så viseleg har lete oss gløyma. Me var glade då leksepugging og skuletida var over, og me slapp fram for presten.

Tida skulle vise at det slett ikkje var slutt med skule og lesing. Det var no kampen om karakterar og jobb byrja

# Krigsåra 1940 til 1945

Av Knut Tveit

Eg hugsar vårdagen 9. april 1940. Me hadde nok høyrte at Noreg kunne koma i krig, men me møtte på skulen til vanleg tid. Og då far kom inn i klassen, stod me ved pulten og helste som me skulle. Eg trur nok også me song, og kanskje vart det lese Fadervår, som alltid kvar morgon. Så vart ikkje skuledagen lengre. Radioen fortalde at Noreg var i krig. Det gjekk rykte om at tyskarane var på tur innover frå Bergen. Norske soldatar skulle møte dei ein eller annan stad her i Samnanger. Det gjekk rykte om at Tyssebrua skulle sprengjast, at det var engelske soldatar på veg, og at me måtte vera budde på å røma til skogs. Heime var ryggsekker pakka, og me skulle til Lauvhilderen i tilfelle krig.

Dei første tyske soldatane eg såg, var to ordonansar på motorsykel, som hadde stoppa i ein sving oppe i Ådlandslia for å sjå seg om. Dei hadde grønne uniformer, hjelm, og handgranater i støvlane. Eg trur nok dei såg oss tre nyfikne smågutar, men dei gjorde ikkje teikn til å skemma oss eller ta kontakt.

Det var vel andre dagen, 10. april, at dei første soldatane kom. Dei sperra vegen mellom Bakkasvingen og Bjørkheim med landminer i

vegbana. Flyktningane frå Bergen kom ikkje lenger, og det vart fort lang kø av bilar. Nokre tyske offiserar kom opp i tunet til oss og snakka med far som kunne litt tysk. Dei ville vita om her var engelske soldatar i nærleiken.

Far sa at han hadde ikkje sett nokon rundt her, og trudde ikkje at det var soldatar her i nærleiken. Tyskarane oppheva blokaden og bilane kunne kjøra vidare. Seinare fekk me vita at det hadde vore kampar på Fossen Bratte mellom norske og tyske styrkar.

Etter kvart kom det fleire tyske soldatar, mange med hestar og vogner. Slike ekvipasjar hadde me aldri sett. Hestane var digre og tunge som elefantar. To hestar framfor store firehjuls overbygde vogner med gummi hjul og brems. Innimellom kom offiserar med blanke ridestøvlar og revolverar, ridande på flotte rasehestar. Fotsoldatar følgde etter, syngjande marsjerte dei med gevær på aksla og skaft- granatar i beltet. Først så tok dei ungdomshuset som kaserne, og deretter skulehuset.

Det vart ei vanskeleg tid både for lærarar og skuleungar. Me hadde skule i stova til "Stølabonden," Tomas Nordbø, som hadde Reistad-Stølen ei tid. Først når tyskarane hadde fått opp barakker på Ådland, kunne me flytta attende i skulehuset.

Dei tyske soldatane breia seg ut over bøane, og tok det dei hadde trong for utan å spørja. Merkeleg nok så var me ikkje så redde, dei gjorde oss ikkje noko heller dersom me ikkje provoserte dei. Etter kvart vart me nokså vane med dei. Ein dag kom to tyske soldatar over Osphaugen og ned til Odd, bror min, og meg. Me leika med bilane våre inne ved bekken og dei viste oss pengar; ville vel kjøpa nokre leikebilar. Det vart ingen handel. Seinare i krigen lærte me å tena pengar på dei. Me selde kaninar og gamle høns. En gong også ein sjølvdaue hane.

Det skifta ofte soldatar; nye kom og dei som hadde vore ei stund, vart borte. Hestane vart bytte ut med bilar. Barakkebygginga gjekk sin gang, det var mange ledige hender å få fatt i, så norske arbeidarar kom snart i tyskararbeid. Det vart bygd bomberom og festningar. Vegane vart utbetra og utvida slik at dei store lastebilane kunne koma fram. Dette dreiv dei på med under heile krigen. Samnangerfjorden vart minelagd ved Gaupholm, så ingen båt-trafikk fekk passera. Landminer vart plasserte i skogkanten på Ådland, noko som førte til at sauer vart drepne.

Dei kunne sjølvsagt ikkje lesa varseloppslaget: "Achtung".

Eg minnest ein tysk soldat, Herberth Plathe. Han kom heim til oss av og til og opna seg for far. Han var ikkje Hitler sin mann, eller gut, for han var berre 18 år gamal og frå Austerrike. Han trudde ikkje på tysk siger, men det var det dødsstraff for å hevda. Etter krigen fekk far brev frå Herbert. Sjølv hadde han overlevd krigen på Austfronten, men mista heile sin familie i Austerrike.

Skyteøvingar var det mange stader rundt i bygda, både med gevær og kanonar. Det var til tider så kraftige smell at vindaugsrutene vart knust. Dei plasserte kanonar nede i hagen og skaut mot lia i vest. Men så ein dag vart det brått slutt. Det kom opp en plakate om smittsam sjukdom på døra vår. Eg hadde fått poliomyelitt. Det var dei tydelegvis redde for.

Då vart også skulen stengt ei stund.

Lærarane nekta å melda seg inn i dei nye organisasjonane då Norsk Lærarlag vart forbode. Det førte til at to lærarar vart arrestert. Den eine var onkel Ingjald på Tveit. Då skreiv gamle- klokaren til "øvrig-heta", og det gjorde han så godt og rørande at sonen fekk reisa heim att.

Det kunne være så mykje å fortelja frå krigstida, men av morosame lysglimt i den mørke tida, tek eg med Torgils Reistad sine sprell med tyskarane. Han kunne ta lånen på aksla og gå rett inn i rekkjene og synga med dei tyske soldatane mens dei marsjerte etter vegen. Dette hadde han gjort så ofte at dei trudde mannen var galen, og let han få gå. Dei bygde også festning og kanonreir rundt huset hans. Da tømde han ut doen nesten over beina på dei. Torgils hadde radio, det var jo forbode og livsfarleg. Rart at det gjekk bra. På slutten av krigen var det folkevandring til Framnes Hønseri klokka halv sju. Tyskarane var nok krigstrøytte og sløve her i bygda den våren.

Etter som krigen drog ut i langdrag, vart det mangel på nesten alle naudsynte varer. Me fekk rasjoneringskort, der det vart klipt av merke for dei fleste varer me kjøpte på butikken. Me måtte levera mjølk på meieriet, så fekk me smør attende. Det kosta rasjoneringsmerke. Det kom erstatnings-produkt som kaffierstatning, B-såpe, fiskemjøl og noko svart mjøl til baking (barkebrød?). Det kom også krisepengar. Grøne eikronesetlar (uslingar) og blå tokronesetlar (quislingar). Myntar vart

laga av jern med nazimerke på.

Det vart naudsynt å setja på fleire dyr, slik kunne må få meir mjølk og mat. Så måtte det også meir fôr til. Far leigde slått i utmarka. For det meste i Nordvikaslåttene. Det vart nesten som ein sommarferie synest eg å hugsa.

Me overnatta i høyet i utløa. Kokte og åt ute. Det fjellgraset som vart sankan saman, vart liggjande i utløa til vinteren då Tomas Nordvik skreidde det heim på kjelke. For å spe på med meir fôr til dyra, skov me. Det var mest far som gjorde det, men eg som var størst, måtte hjelpe til. Selje og ask var det beste å bruka til skav. Bjørkelauv som vart knytt saman i knippe vart tørka. Også potetkålet vart teke vare på og brukt som fôr. Kyrne åt nesten kva det skulle vera. Sellulose og melasse fylte også vomma, ja til og med vanleg papir gjekk ned og vart til mjølk. Så ikkje berre grisen var altetar i den tida. Den vart fora på sildemjøl og eg syntest det smakte på juleribba.

Eg vart konfirmert i 1944. Då var det ikkje verken sko eller klede å fa kjøpt. Far sin gamle brudgomsdress vart sydd om. Det kosta byreise og to kilo meierismør. Skorne var nærast av papp men dei heldt dagen ut.

Svartebørshandelen florerte; tobakk og brennevin vart til matvarer. Det kom mange byfolk til bygda. Det var litt lettare å skaffa seg mat her enn i en byen. Det kom nye elevar i skulen. By-ungane måtte læra seg nynorsk. Hugsar ikkje at det skapte noko problem. Me fekk nye vener og leikekameratar og byfolka vart kjærkomen hjelp på gardane. Venskap som for mange heldt livet ut.

Fredsvåren burde fått et kapittel for seg sjølv. Den 8. mai 1945 var ein dag me som opplevde den, aldri gløymer. Gøymde radioar kom fram i dagen. Stemma frå London kunne sleppast ut i det fri, og kong Håkon si tale vart høgtid. Folk dansa og song. Nazimerke og hakekors vart rivne ned og det norske flagget gjekk til topps. Heimefrontsoldatane kom ut frå skogen og vart mottekne som heltar, medan dei vel-disiplinerte tyske soldatane heldt seg rolege.

## Strabasiøs tur over Nordsjøen

*For to år sidan vart Leif Utskot intervjuet av Tor Wold. Samtalen vart teken opp på band. I intervjuet fortel Leif Utskot mellom anna om ein svært strabasiøs båttur over Nordsjøen straks etter krigen. Leif Utskot var berre 20 år då, men måtte verkeleg gjera manns jobb. Artikkelen under er ført i pennen av Svein O. Aadland.*

I 1945 var Leif Utskot i militæret. Rekruttskulen var ved Vallemsvik ute på Laksevåg. Mellom oppgåvene han etter kvart fekk der var å gå vakt i ein fangeleir der 60 tyskarar sat og venta på å verta sende heim. Leif var vaktkommandør og hadde fire mann med seg på kvar vakt.

Ein dag vart han kalla inn på kontoret til kommandanten. Dei hadde bruk for ein navigatør.

Leif Utskot sa som sant var, at han hadde skulen og papira, men ikkje sertifikatet, sidan han enno ikkje var 21 år. Det gjorde ikkje noko, fekk han til svar, så lenge han ville reisa.

- Eg sa det vart greitt. Hadde no ikkje betre vit, eg. Tok turen.

For det var så visst ingen kosetur det var snakk om. Ti båtar som nordmenn hadde brukt til å koma seg over Nordsjøen med under kri-

gen skulle hentast heim frå Shetland og Skottland. Kvar båt skulle ha fire mann ombord. Dei trong altså 40 mann. Grunnen til at unge og ferske Leif vart spurd, var at dei rett og slett ikkje hadde fått mange nok frivillige til å vera med på turen.

To marinesveiparar skulle ta dei 40 mennene over og gå først og sist i konvoi heim att. For sjølv om krigen var slutt, låg det framleis mykje miner og rek langs kysten.

- Me visste nok ikkje kor farleg det eigentleg var. Nattens tid i dårleg vêr kunne ein gå på miner kvar som helst. Me hadde då også redningsvestar på oss heile tida, også når me søv.

På veg bort fekk dei storm og uvêr på seg. I halvtanna døgn vart dei store minesveiparane liggjande uti Nordsjøen utan å koma av flekken. Dei råka også oppi ei stor hornmine som låg og rek. Den måtte tilinkjegerast, noko som ikkje var spøk i tung sjø.

- Det vart brent av nokre salver, og truleg trefte me til slutt – for mina sokk.

Ein stor del av mannskapet var så sjøsjuke på turen at dei trudde dei skulle stryke med.

- Veit ikkje om dei hadde vore på sjøen før, mange av desse. Mange av det faste mannskapet var ikkje å sjå i messa, dei var rett og slett ikkje god til å eta. Så me andre hadde det godt, var oppegåande, fekk sitja i offisersmessa og åt godt.

Dei som hadde vore sjuke heile vegen gledde seg stort då minesveiparane endeleg nådde Buckie i Skottland.

Vel framme i Skotland var det å førebu heimturen. Båtane dei skulle henta måtte klargjerast og prøvekjørast.

Leif Utskot fekk tildelt ei lita skøyte. Noko av det dei måtte sjekka med båtane var farten, om dei kunne halda stor nok fart til å halda konvoien.

- Denne skøyte hadde veldig dårleg fart og vart heldigvis avskriven.

Deretter fekk Leif Utskot tildelt ei ”svenskebaska”, ei skøyte som hadde gått ut frå Fedje under krigen. Denne båten var eigentleg heimehøyrande i Tønsberg, men var leigt til Fedje for småkvalfiske.

Medan dei låg i Skotland fekk dei styggevêr igjen. Difor kom dei seg ikkje av garde før 2. juledag. Men også då vart det ruskevêr. Dei låg og

stampa på motsjø heile vegen.

For å unngå alle minebelta som framleis ikkje var rydda opp, skulle konvoien gå opp til Baltasound, på nordspissen av Shetland. Men uvêret skapte problem. Dei kom opp tvers for Lervick (som ligg langt sør på Shetland).

Problemet no var ein av båtane i konvoien, ein liten kuttar frå Fjell. Båten hadde ein god motor, ein 20 hestars Rubb, men dei fire karane som var ombord hadde ikkje greie på maskiner. Dei hadde starta maskina og late den gått vrang vegen. Dermed gjekk ho berre ei stund før ho beka seg. Stempelet hengde seg opp, dei fekk henne korkje att eller fram.

Resultatet vart at heile konvoien måtte stoppa. Båten med motorstopp skulle takast på slep.

- Men karane som hadde meldt seg på til turen og trudde dei kunne alt, tok trossa og gjorde eit enkelt halvstikk om stammen og bak på vinsjen og sette fast der. Dette hadde nok vore greitt nok under normale forhold, men slett ikkje i høg sjø. Det begynte å rykkja og slita slik i trossa at det til slutt sleit stammen laus. Kuttaren begynte å ta inn sjø.

Då var det at båten til Leif Utskot vart kalla opp. Leif var ingen telegrafist, men kunne nok til å ta mot ei morsemelding, om dei sende seint. 20 år gamle Leif fekk beskjed om å ta folka ombord til seg.

Dei hadde fått slepar på no. Den eine sveiparen la seg på sida av kuttaren, som hang i trossa på den andre. Leif Utskot skulle sigla opp på den andre sida av kuttaren og få folka ombord. Men dette var midt uti havet, det var tung sjø og slett ikkje lett å manøvrera. Dei hadde fokka og mesan oppe. Det var eit sværa vindfang, så ein måtte berekna godt.

- Eg var no redd for å gjera skade, då eg la opp på sida første gongen, hugsar eg. Ingen våga å hoppa, dei berre heiv sjømannssekkane inn på dekk til oss. Eg kunne ikkje slakka på, måtte berre halda styringsfarten. Dermed var det berre å gjera kuvending, opp og snu og koma seg i posisjon igjen. Då såg eg kuttaren var komen såpass tungt i vat-



net allereie at her ikkje var mykje tid å gå på.

No fekk det berre bera eller brista. Leif Utskot la seg inntil så godt han kunne. Og denne gongen hoppa dei og kom seg trygt ombord.

Konvoien kunne halda fram til Baltasound der mennene frå den forliste kuttaren fekk gå ombord i ein av sveiparane. Det var nyårsaftan då dei kom inn til Baltasound. Motsjø og uhellet med kuttaren hadde gjort at dei hadde brukt heile fem dagar frå Skottland til Shetland.

Om ettermiddagen første nyårsdag gjekk konvoien ut att frå Shetland. Men dei var ikkje komne langt frå land før ein av båtane fekk trøbbel med maskina. Båten måtte takast på slep og heile konvoien måtte venta.

- Eg tenkte med meg at dette gjekk berre ikkje. Ein hadde ikkje lov å forlata ein konvoi, det var straffbart. Men eg hadde to mann ombord som ikkje sette føter under seg når ein kom ut i sjø. Då var me to igjen. Eg måtte stå ved roret, medan den andre, som var maskinist, måtte passa maskina. Han bytte berre med meg når eg måtte eta. Å sova var det ikkje snakk om. I lengda gjekk ikkje det.

Leif Utskot bestemte seg for å kalla opp sveiparane og seia frå om at enten måtte dei få gå eller så måtte også dei takast på slep.

- Men ingen svara på oppkallinga, så eg tenkte at no går eg. Då eg var komen så langt at held på å missa dei, begynte dei å kalla. Men eg tenkte at svarar ikkje de meg, så svarar ikkje eg dåke heller. No går eg. Eg snur ikkje.

Og slik vart det. Leif Utskot sette kurs mot Hellesøy fyr ved Fedje, åleine.

Etter 24 timar skimta dei lyset frå eit fyr. Fire timar seinare var dei inne. Men det var mørk kveld, det bles og dei hadde ikkje spesialkart for innsegling ved Fedje.

- Me gjekk ut ved Marsteinen fyr og skulle koma tilbake same vegen. Difor hadde me ikkje spesialkart for innsegling lengre nord, berre Nordsjøkart. Men eg tenkte at har me kome så langt, skal me sanneleg koma resten og. Så me sette kursen ut att for å venta på dagslyset neste

dag.

Då det lysna neste morgon kom fiskebåtar ut frå Fedje. Leif Utskot prøvde å få kontakt. Det lukkast. Fiskarane kjende båten att, dei hadde hatt den fleire sesongar.

- Me fortalde at me ikkje hadde kart og lurte på kvar me var. ”Me skal hjelpa dåke. Berre følg etter oss”. Me var så trøytte og leie.

Då dei kom inn til Fedje, gjekk Leif Utskot opp på butikken og ringde Marinen og gav beskjed om at dei var komne til lands.

- Eg var så trøytt at golvet bevegde seg.

På Fedje vart dei inviterte i julebesøk hos Mongstad’n, han som før og under krigen hadde leigt skøyta dei kom med, og som sjølvsagt tykte det var stor stas når båten no kom tilbake.

Dagen etter gjekk dei til Marineholmen. Leif Utskot var ikkje altfor høg i hatten då han melde seg hos kommandanten for å forklara kvifor dei hadde gått åleine. Men alt var greitt.

20 år gamle Leif Utskot hadde til dei grader vist både mot og mannskap.

# Tysse-minne frå 1950-åra

Av Marit Fjæreide (Gåsadal)

Det var mykje snø og is vintrane i 50åra. Ingen salting og lite strøing så alle hadde spark og kjelke. Eg hadde snøskeiser og noko dei kalte krybbe som far min hadde laga. Når isen kom skulle me ut på Samnangerfjorden på skeiser, og då bar det inn på skomakerverkstaden til Kristofferen og få dei slipte. Dei første eg hadde var snablar som me batt på med tau, seinare vart det lengdeløpere med reimar. Det var mykje folk på fjorden og isen var ofte 30 cm tjukk. Då isen byrja tina ut på våren var ungane i Bakkafjæro og sigla på isflak. Av og til rakk me ikkje neste flak, så då vart det våte føter og frykt for å få kjeft heima. Redningsvest visste ingen om. Me hadde isbraut på Longesbakkjen og skibakkje i Slipsteinsbakkjen. Hoppbakken hadde me i Liavegen. Av og til var me så motige og hang oss etter bussane på glatte skisko.

Om kvelden etter Fusabussen var køyrd, gjekk me opp til Tyssebrua for å skreia. Dei som var så heldige å ha rattkjelke køyrde heilt ut til meieriet. Me skreide og frå doktorboligen og heilt inn på kaien.

Så var det jula og den fine julestemninga som eg hugsar så godt. Mykje folk kom med buss til Tyssegato på julehandel. Det var mange butikkar på Tysse då. 11 stykke, trur eg. Filen var den næraste. Nils Nilsen den siste oppe i storeveien Han hadde fårepølse som han skar opp med kniv. Den var så tynt skåre som den finaste maskin kunne gjort. Meieriet med alle melkespanna og bussane som kom og for, la på kjettingar før dei skulle opp i gardane. Så var det Gurino som svei smalahove i bua si og snopeskapet til Knutsen i fleire høgder. Jule-



*Tore, Nils og Marit Gåsdaal i Smådalen ein gong midt på 50-talet.*

utstillingane i butikkvindaugene var høgdepunktet. Den store julenissen i vindauge til Knutsen og dei fine leikane som var utstilt, og den store julegrana med lys oppe i Bruvikhagen. Det var ikkje vanleg med lys ute i trærne den gangen.

Ellers var eg ofte med Einar Eriksen på bussen og var grindagjente når han skulle opp i fjellagardane. Han var så snill med oss ungane, så han tørde me snakka med. Me gjekk aldri inn i Tyssevikjæ utenom skulen. Det var ein ukjent verden. Me kjende ingen der. Ytre Tysse var vår verden. Fantete var me den gangen og. Me gjekk rundt og banka på dørane, kom det nokon ut sprang me. Ein gong hende det noko me ikkje hadde rekna med. Det kom ein mann ut på altanen og kasta potta etter oss. Eg trur me slutta med den streken etter det.

Ellers var det mykje ungar ute og leikte i snøen om kveldane før. I dag ser eg ingen som er ute og leikar.

Eg hugsar barndomen i 50åra som trygg og god heime i Tyssegata.



*Familien samla. Frå venstre mor Borghild, Bjørg, Synneva (framme), Målfrid (heilt bak), Kirsten, Ingvald (artikkelforfattaren) og far Ingvald Haga.*

## **Livet på Haga for 60-70 år sidan**

Skrive i 2008 av Ingvald Haga (1932 - 2010)

Det kan vera greit å gå gjennom ein årssyklus, for eksempel i byrjinga av 40-talet, for å beskriva verksemd og aktivitetar. At det då var krigsår, hadde liten innverknad på det arbeidet som skulle gjerast.

### **Vinter**

Etter jule-og nyårs-høgtidene, vart bestestova stengd. Det galdt å spare på veden som var einaste brenslle for oppvarming, både på grunn av arbeidet med å få fram veden og at det kunne skorta på denne vara. Alle fyrde med ved og av og til kunne det verta litt småkrangel om det var mistanke om at nokon hadde henta ei bjørk eller litt brake (einer)

på feil side av grensene i marka.

Me hadde fått innlagt vatn til kjøkenet, men til kyr og sauer måtte me bera vatn frå dei kjeldene som fanst, først frå kjellaren så lenge den heldt og sidan frå ei kjelde i bekken i nærleiken. Tidleg på 40-talet hadde me kalde vintrar som gjorde at vassleidningar fraus og vasskjelder tørka ut. Då kunne det henda me måtte gå langt for å henta vatn.

Dette var ofte jobben til dei eldste borna som då var 10-12 år. Det som irriterte mest, var tørsten til kyrne. Dei drakk bømtevis og dei gav ikkje ro før dei var utørste. Sauene var meir moderate men det var lengre veg å bera vatnet.

Om våren var sein, kunne det knipa med før til dyra. Askeskav og seljebark var ofte naudsynte tilskot.

## Vår

Så snart det var antyding til grønt på bakkane, vart sauene sleppte ut slik at dei sjølv kunne syta for føda.

Då starta også arbeidet med å få ut møk frå sauegardane. Det var ingen enkel jobb. Det hadde samla seg kanskje ein halv meter tjukt lag, godt nedtrampa, av møk og underbrøysle. Det måtte brukast ei hakke for å få dette ut. Far bar dette i ei kipe på ryggen ut over bakkane og spreidde det utover.

For å få ut kumøka, kunne me få låna ei handkjerre av ein granne. Ikkje alle gardar hadde slikt avansert utstyr.

Så var det berre å venta på regnet som skulle vatna ut safta av møka. Normalt venta me ikkje fåfengt. Neste steg i prosessen var å gå med ei rive og mølla, dvs. riva opp klumpar av møk for å vera sikker på å få ut all saft. Aller sist vart alle rester raka saman og køyrt eller bore bort for at ikkje møk skulle koma med i høyet seinare.

Poteter vart dyrka kvart år. På vårparten kunne det vera litt skralt med settepoteter i kjellaren og då vart tilgangen dryga ut ved å dela dei potetene som var, i stort sett to like delar. Ein måtte berre sjå til at det fanst auge eller grode på både delane. Sidan var det borna sin tur til å leggja potetene i fura og far sin tur til å spa jord over etter å ha lagt på

sauemøk.

Litt seinare når potetene hadde byrja gro, var det tid å hyppa opp rundt plantene. Me var heldige som hadde ein gamal hyppeplog som far kunne dra og sonen i huset styra. Det var lettare enn alternativet som var å bruka ei hakke sjølv om ploginga kunne verta litt vinglete. Vanlegvis planta me også ulike grønsaker som raudbetar, kålrabi, kål og reddik. Kålen var svært utsett for åmer og det var borna sin jobb både å plukka bort desse åmene og dessutan å reinska ugras. Båe delar var svært upopulært.

Truleg ville det me hausta av grønsaker og frukt i dag verta vurdert som super-økologisk. Men det omgrepet var ukjent på den tida.

### Sommar

Så snart det var vurdert å vera nok før i marka, vart kyrne tekne dit. Alle gardar i området sleppte kyrne same dag og alle møttest i Haga-botnane der idrettsplassen no ligg.

Kyrne var litt ville etter å ha stått inne heile vinteren, og ville gjerne prøva krafter på kvarandre då dei møtte andre og avgjera kven som var leiar. Difor var kvar gard oftast representert med fleire deltakarar for å sjå til at ingen av kyrne vart skadde. Utover dagen roa det seg ned og dyra gjekk over til normal sysselsetting, nemleg å eta.

Truleg var sleppet av kyr i marka det største sosiale evenementet i året etter juletreffestane. Skilnaden var nok at her møttest mogne, sindige karar som ikkje normalt gjekk på juletreffest. Me hadde niste med, og dei vaksne kunne sitja og løysa verdsproblem, om det var slike på den tida, og passa på kyrne medan borna hoppa og spratt over steinar og bekkar. Eg tykkjer eg enno kan kjenna den herlege angen av brake og myr.

Dagen etter kom kvardagen då stølsgjentene kvar morgon og kveld i alle slags ver måtte i marka for å mjølka. Dei fleste hadde eit stølabøtte i stål med gode beslag på ryggen. Med lite mjølk på sumaren, var nok nettovekt av det dei kom heim med, nokså lav.

Slåtten tok til når graset var falt dvs. litt rote i rota. Far var normalt tidleg oppe for å slå mest mogeleg medan det var dogg i graset. Då var det lettare å slå. Litt seinare måtte mor og born ut for å brøya graset når

det var tørkevêr.

Me åt middag midt på dagen for då hadde far vore oppe lenge. På ein fin solskinsdag kunne borna då få ein pause for å bada i Haga-fjøra med streng melding om å vera heime att i tid for å snu høyet. Mor hadde ei fløyte med god lyd som kunne høyrast heilt ned i fjøra, og når me høyrde den, visste me det var høg tid å leggja beina på nakken for heimferd.

Om det hadde vore eit par dagar med god høytørk, måtte me like etter byrja med å bera inn tørrhøy. Kvinnfolka raka saman høyet fram til der karfolket ordna med høybøra. Det kunne vera litt langt å gå med børa så det var viktig at høybørene vart gjort ordentleg. Det gjaldt å leggja fengjene på børatoget og etterpå kneppa børa slik at den kvilte på akslane og stod rett opp. Gjorde ein feil, kunne børa verta attekjeik, dvs. at den stod ut frå ryggen slik at ein måtte gå med den i 90 graders vinkel. Då vart det tungt å bera. Enno verre var det om ein fekk høvlahals, dvs. at børa seig ned slik at ein fekk høvla ned på nakken. Det var ikkje godt.

Før sola gjekk ned, måtte høyet såtast. Borna tykte ikkje dette var naudsynt og om det var veldig bra ver, hende det at mi slapp unna. Elles var det så mykje dogg på natta at høyet skulle råskna om det ikkje vart såta. Neste morgon vart såtene brøydde etter at sola hadde tørka bort doggen.

På varme og vakre sommardagar hende det at det kom floabyer på ettermiddagen. Me såg det koma som ei mørkeblå sky over Skavdalen. Då var det berre å sleppe alt ein hadde i hendene, middagsmat eller kva det måtte vera, og springa med tørrhøy i hendene det beina bar mellom brøysla og løa. Oftast lukkast me med å få høyet inn før regnet ausa ned. Det var toppen av lukke å då sitja i lødøra i det varme høyet og sjå på regnet. Etter nokre minuttar var regnet over og sola skein igjen.

Det er lett å hugsa dei fine somrane men sjølv sagt var det ofte mykje regn og vanskeleg å få høyet tørt. Då var det til å setja opp hesjer og heile prosessen med innhausting av gras gjekk meir langsam. Det gjekk heller ikkje å setje opp hesjer kvar som helst enten på grunn av terrenget eller fordi det vanta material. Då måtte ein dra fram gras til dei hesjene som var. Eit svært effektivt reiskap var hatlegreiner. Dei var



flate og lauvrike og fine å leggja gras på for å dra fram til hesjene.

Far hadde berre to veker ferie på den tida og det kunne verta knapt for å verta ferdig med slåttene om veret var dårleg. Det betydde at sonen i huset så tidleg som mogeleg måtte læra seg å bruka langorven. Det som var mest vanskeleg å læra, var å bryna ljåen og alle som har prøvd, veit at det er heilt avgjerande for å oppnå eit resultat. Fordelen med å verta slåttekar, var elles at ein slapp unna det som vart vurdert som kvinnfolkarbeid. ”Eit stort framsteg!”

Når ein hadde fått tørrhøyet i hus, var det tid å starta på tønka, dvs. alt smågras rundt i alle lier og bakkar. Det var viktig å samla inn alt gras, også det med truleg lågt næringsverde, som fanst innafor eigedomen for å sikra føer til så mange husdyr som mogeleg til vinteren. I denne slåttene var det berre stuttorven som galdt. Det var for det meste for bratt og ulendt til at ein kunne bruka langorven.

Før sonen i huset lærde å slå, tok far ljåen etter han kom heim frå arbeid og slo gras lengst opp i liene. Neste morgon måtte mor og ungane i veg for å rake ned graset enten til ei hesje eller til ein stad der sola skein slik at vi kunne få graset tørt. Dette var ei form for barnarbeid som me sikkert ikkje hadde vondt av. Eg vil tvert imot tru at det var svært sunt.

Etter tønka, var det stort sett tid å byrja på haslåttene. Dersom veret var dårleg, med dårleg tørk, var det vanleg å laga surhåstabbe. Fire pålar vart sette i hjørna på ein firkant, ca. 2x2 meter. Rundt pålane vart det lagt ei råme av bord nesten som ei glideforskaling. Opp i denne råma vart det fylt våt hå som vart godt trampa ned. Om ein trakka godt ut langs råma, lyfta den seg sakte. Utover hausten og vinteren sto stabben og surna. Ofte fraus den slik at me måtte bruka øks for å hogga fram ei bøtte med surhå. Kyrne var ville etter denne maten. Mange tykte at surhåstabben lukta ille, men me som var van med den, meinte det var ein herleg duft.

## Haust

Hausten kom med skuleplikter. Men i hagen hadde dei fyrste epla vorte mogne slik at ein kunne fylla skuleveska for eige bruk under skuledagen og også dela ut til andre som ikkje hadde eplehage. Litt seinare vart vinterepla klare for å plukkast og dei vart lagra i kjellaren med

von om at dei skulle halda seg friske til jul.

Me hadde også rikeleg med bærbuskar i hagen, vinbær, solbær, stikkelsbær, bringebær. Alt dette skulle plukkast inn og reinsast for å verta syltetøy og saft. Det var mykje borna sin jobb å plukka og reinsa bær. I kjellaren vart det etter kvart ei gedigen samling av glas og flasker med ferdige produkt. Utover vinteren gjekk alt med, syltetøy var jo det viktigaste pålegget me hadde.

For å få litt variasjon, vart dei eldste borna sendt innover til Breilia for å plukka blåbær og tytebær.

Potetferien på hausten var på den tida akkurat det ordet seier, skuleborna fekk fri for å vera med i arbeidet med å ta opp poteter. No heiter det visst haustferie. Far spadde opp potetene med ei greip og borna gjekk etter for å plukka og med streng beskjed om å sjå på kvar potet at det ikkje var tørråte.

Slaktetida på hausten var festtid. Litt utriveleg var det vel når me var med på slaktinga og såg mor røra i blodet som rann ut etter knivstikket. Det vart fort gløymt når me etter kvart vart servert alle lekkerheiter som vart resultatet. Og det var ikkje mykje som gjekk til spille når me hadde slakta ein sau. Blodet vart til blodpølse og alle tarmar vart pølseskinns etter at dei hadde vorte ordentleg vaska i bekken. Lever var prima mat og andre deler som hjarte og nyrer gjekk vel i pølser som vart salta og tørka. Hovud og leggar sette me på spissa påkar og svei håret av over open eld. Hovudet vart så delt langsetter og lagt i saltlake. Bog og lår vart normalt salta og tørka til spekekjøtt og ribbeina til pinnekjøtt. Svången (mageskinnet) vart til herleg fårerull. Halen vart også salta og vart ofte brukt i komper. Den var svært populær hos borna og det kunne lett verta ein mindre krig om den. Ein ting som visstnok er ein delikatesse i nokre andre land, veraballar, brukte me ikkje men det var vel nesten det einaste.

Fryseboksar fanst ikkje, så ferskvarer måtte konsumerast under kort tid, t.d. blodpølser og leverpostei. Alt som var salta og røykt, gav grunnlag for mange festmåltid utover vinteren og våren.

Smalahovud var prima mat, og ved juletid kom herleg pinnekjøtt kokt på bjørkepinnar, på bordet. På våren når første gauken gol, var spekekjøttet rekna som ferdig. Borna gjekk og venta og lytta etter gau-

ken for å kunna kasta seg over kjøtet.

Kyrne kalva på hausten, og då var det tid for råmjølksdravle og ikkje minst, råmjølkspudding med kanel og saftsaus. Herlege måltid!

Utover hausten og vinteren gav dei to kyrne me vanleg hadde, så mykje mjølk at me kunne levera til meieriet på Tysse. Mjølka vart fylt i Høyang aluminiumspann og bore ned til vegen der den vart henta av ei hestekjerre.

Alle ungane måtte læra seg å mjølka, også sonen i huset, sjølv om det var vurdert som kvinnfolkjobb.

På seinhausten var det også tid for å spinna garn av ulla frå sauene. Til den jobben hadde me ofte hjelp av ei eldre dame som var sers god til å spinna. Dei eldste borna kunne assistera med å karda ulla, ikkje som tvang, men fordi det var moro.

Me hadde oftast ein svart sau i flokken. Det gav fleire alternativ med omsyn til garnvalg. Sjølv sagt svart og kvitt, men blanda ein svart og kvit ull under kardinga, fekk me grått garn og ved å spinna to-lagd fekk me svart/kvitt garn. I dag ville ein vel kalla det melert men så fine ord brukte ikkje me.

Same dama var også ekspert på å baka lefser og hardingkaker. Ho sat i kjellaren og bakte høge stablar av bae slag, stablar som sidan vart lagra på lemmen for bruk under komande vinter.

Når julehøgtida nærma seg igjen, vart det fyrt opp i bestestova og julefuru henta frå ein slektning som hadde skog. Sjølve hadde me ingen barskog på eigen mark. På julekvelden lukta det i stova av ferskt juletre og bjørkeved i omnen og ikkje minst av lutefisk som kunne vera gjord på torskenakkar og som me såg oss råd til på julekvelden.

# Isfiske

Av Solveig Røen

Då isen låg tjukk på Samnangerfjorden sist vinter, var det nok fleire enn eg som mintest gamle dagar då det var trygg is i veker og månader, dei fleste åra. Dei siste åra har dette vore unntak. Me må visstnok tilbake til 1996 for å finna ein skikkleg lang periode med stabil sjøis. Dette skuldast mest det urolege vinterveret, men som me òg såg i vinter, set straumen frå Tysseelva mykje meir preg på istilhøva enn i gamle dagar. Før kraftutbygginga, men ofte seinare òg, var det ikkje uvanleg at folk t.d. gå frå Nordbygda til Gjerde og Steinsland. Stundom når det var open råk ved Haukanesodden, var straumen så smal at dei kunne leggja ein planke over.


I stride vintrar kunne heile fjorden frysa til, heilt til Hovdasundet, men kom det mildvêr, kunne isen på kort tid verta utrygg og gå opp utanfor dei store nesa i fjorden, der straumen var stridast. Mest stabil låg isen inne på vikane i Nordbygda, på Steinsland og Gjerde og i Trengereidfjorden. Og det var her isfisket var ivrigast.

Det første minnet eg sjølv har om isfiske, viser at fiskaren kunne møte uventa spenning: Bernhard Våge frå Tysse kom til Ådland og gjekk ut på isen rett nedanfor bakeriet. Då han gjekk ut, var det fjæra sjø, men då han skulle på land att, var det stor flod, slik at det ikkje var

råd å gå forbi flodmålet. Eg hugsar at skomakaren på Ådland, Isak Våge, og nokre andre karar kom med ein lang kjelke og skuva ut til Bernhard og drog han til lands.

Spenninga var no likevel først og fremst ute på isen, og den har vel alle kjent på som har drive med fiske. Men fiskinga har ikkje berre vore moro og sport. Det ein kunne henta or fjorden har òg alltid vore viktig for folk i bygda når dei skulle skaffa seg mat på bordet. Difor ville dei ha tilgang til dette matfatet om vinteren også, og isfiske har dei drive med langt tilbake i tida.

Fiskinga på isen var i fleire måtar lik fisking frå båt. Mange av dei same fiskeslaga var her om vinteren òg. Ein kunne få pale, kviting og jamvel sild på snørefiske, og fiskemåtane var langt på veg dei same



*Solveig Røen på isen. Februar 1991. Foto: Samningen*

som elles i året: Ein kunne prøva agnfiske, pilking og harping, alt etter kva fisk ein var ute etter. Men nokre skilnader var det sjølvsagt. På isen kunne ein setja ein pinne (ein ”vakemann”) fast i isen og festa snøret med agn til denne. Så kunne ein sjå på pinnen om fisken beit. Var ein ivrig, kunne ein på denne måten fiska med fleire snøre på ein gong. Elles gav pinnen høve til å verma hendene med ein venta på bit.

Men det som var mest spesielt om vinteren, var fiske etter den store havtorsken som kom inn i fjorden for å gyta. Å få ein slik på pilken var stor stas.

Eg hugsar den første torsken eg fiska på denne måten. Rett utanfor (Reistad-)Klubben fekk eg ein fin torsk på 3-4 kg. Eg hadde skeiser på meg, og eg vart så oppteken med fisken at eg såg ikkje at eg trakka på ”gåttet” (snøret) med skeisa. Då eg så skulle hiva pilken ut igjen, følgde ikkje snøret med. Eg hadde kutta det av, så det vart ikkje meir fising den dagen.

Ein annan gong skulle eg til Ådland i eit ærend og kom på at eg skulle gå over isen. Eg tok med meg eit fiskesnøre, men ikkje kjelke eller spark. Det hadde regna noko om natta, så det var ein del vatn på isen. Eg sleppte snøret ned i eit hol og tenkte eg kunne no prøva for moro. Og moro vart det: Eg fekk tre store torskar i dette holet, men eg hadde ikkje noko å leggja dei oppi. Eg hadde berre ein tøgstump i lomma som eg tredde dei innpå. Eg greidde ikkje å bera fiskane, men måtte dra dei etter meg innover til Ådland. Då eg hengde dei på vekta, vog den største 9 kg, og dei andre to 6 og 5 1/2 kg.

Elles delte eg interessa for fising med mannen min, Knut. Han fekk fleire gonger torskar på meir enn 10 kg på pilking. Den største vog 17. Men den sværaste torsken eg veit om som nokon har fått her inne på vikane, var visst 23 eller 24 kg. Det var Johannes Tysseland på Ådland som fekk opp denne ruggen.

Når ein fekk storfiskar på kroken, var det alltid spennande om ein hadde laga vidt nok hol i isen. Eg hugsar då Knut fekk ein av dei største fiskane sine: Denne let seg ikkje dra opp gjennom holet på vanleg måte. Då måtte han køyra neven nedi kjeften på torsken og ta tak der, slik at han fekk lirka fisken opp gjennom holet.

Eg får vel òg ta med den gongen eg hamna på fjernsyn: Det var ein fin solskinsdag i mars eg var ut på isen og fiska. Eg tenkte med meg



*Johannes Tysseland på Ådland med stortorsken på 23 - 24 kilo. Jenta på bildet er Anne Siri, dotter til Johannes.*

sjølv: Kvifor reiser folk til Syden når det er så fint her i Noreg. Då såg eg to karar som kjem dragande med kjelke utover isen. Trygve Tysse frå Søvika stod litt lenger borte. Eg sa med han at no kjem det visst storfiskarar ut til oss, dei har så mykje fiskereiskap med seg. Men då dei kom bort til oss, sa dei at dei var frå NRK Hordaland, og at dei ville laga ein reportasje om isfiske. Så dei prata med oss og spurde oss ut om fisket. Eg stod og pilka samstundes og tenkte det hadde vore kjekt å få ein torsk no. Og best det var, sette eg i ein fisk. Då eg drog opp, var det ei stor langa. Resultatet av alt dette vart nokre korte glimt i Vestlandsrevyen. Eg fekk sjå meg sjølv og kan vel ikkje nett påstå at

eg akkurat såg ut som ei filmstjerne, nei!

Garnfiske på isen er vel det som skil seg mest frå fiskemetodane ein nyttar i open sjø. Først og fremst tek det mykje meir tid å setja ut eit garn. Eg skal fortelja litt om korleis ein fer åt:

Først må ein laga til ei bein trestong. Denne kan gjerne vera 4-5 meter. Dessutan må ein ha ein trepåk på vel ein meter med kløft i enden. Då kan ein byrja arbeidet: Først høgg ein eit stort, firkanta hol med plass til å dra garnet opp med store fiskar i. Så legg ein den lange trestonga på isen, frå det holet ein har laga, i den retninga ein vil at garnet skal stå. Ein høgg så eit nytt hol ved enden av stonga. Så mæler ei ny lengd med stonga i same retninga og høgg endå eit hol. Dette gjer ein opp att til det er ei rekkje med hol bortover isen, slik at garnet får god plass mellom det første og siste holet.



Då kan ein byrja å setja ut garnet: I enden av den lange trestonga fester ein eit tunt og langt tøg (tau), ein kal, som det heiter. Så skyv ein stonga ned i det første, store holet og siktar på neste hol. Stonga flyt opp under isen fordi ho er av tre. Viss ein har sikta skikkeleg, vil enden av stonga koma til syne i neste hol. Då kan ein føra stonga vidare, og her er det trepåken med kløft i enden kjem til nytte. Med denne skyv ein stonga mot neste hol i rekkja. Slik held ein på til stonga har nått det siste holet. Her skal trestonga opp att på isen. Difor skråhøgg ein gjerne isen i bakkanten av dette siste holet. Kalen følgjer med stonga, slik at denne no går heile vegen frå det første holet til det siste. Dermed kan ein bruka kalen til å dra garnet ut same vegen: frå det første holet til det siste. Så må det festast ny kal i "bakenden" av garnet, og deretter slepper ein garnet mot botnen. Til slutt stramar ein kalane i begge endar så garnet står skikkeleg i sjøen. Kalane knyter ein til påkar eller staurar som ein legg tvers over dei to endehola. Ein kan gjerne kvelva garnkassen over det store holet, slik at ingen går seg ned i sjøen.

Det er lettast å vera to når ein skal setja garn på denne måten. Då kan den eine dra garnet ut medan den andre passar på at det går greitt nedi sjøen, men det var heller ikkje uvanleg at isfiskarar gjorde arbeidet



åleine. I alle fall kunne det vera eit storarbeid som kunne ta fleire timar – viss isen var tjukk – å setja ut eit garn. I nyare tid vart det stundom brukt motorsag til å laga hol med. Kunsten var å saga eller hogga jamt slik at ikkje sjøvatnet kom opp på eine sida av holet medan ein hadde mykje is att på elles i holet. Det er ikkje moro å hogga når sjøspruten står rundt øyro på deg! Motorsaga måtte ein iallfall leggja vekk når sjøvatnet kom opp i holet.

Når ein skulle dra garnet neste dag, tok ein det sjølv sagt opp gjennom det store holet. Men når ein hadde fått det opp, løyste ein ikkje kalen i enden. Difor kunne ein lettvent dra garnet ut igjen på same måten som ein gjorde første gongen. Dette gjorde ein vanlegvis med det same ein var ferdig med å dra garnet. Då vart altså garnet ståande eit heilt døger om gongen, men det gjekk fint om vinteren. Fisken tok ikkje skade når sjøen var så kald.

Frå gammalt skulle ein halda helgefred og ikkje lata garnet fiska natt til sundag. Då lét ein berre garnet hanga stramt oppunder isen, og så kunne ein gå sundagskvelden og sleppa det ned igjen.


Viss det fiska bra der ein hadde valt å setja garnet, lét ein det stå på same staden i mange dagar og kanskje veker, men viss ein ikkje fekk noko, var det å flytta til ein ny plass. Garnfiskarane følgde med om nokon fekk torsk på pilking ein stad. Når pilkarane var farne heim att, sette dei gjerne i gang med å hogga ut garn på denne staden. Elles var det no oppsamla røynsle gjennom mange år kva som var gode fiskeplassar. Ein sette ofte garna på dei fiskemeda ein nytta elles i året.

Eg veit ikkje kor gammalt det er dette å fiska med garn på isen. Eg hugsar ikkje det var mykje i bruk før 2. verdskrigen. Glanstida var i alle fall dei første tiåra etter krigen. Det er mange tonn torsk og annan fisk som er komen or Samnangerfjorden på denne måten. Sjølv om det kanskje ikkje er like gjævt som å dra opp storfisken med snøre, så er det moro å med garn også. Eg veit ikkje kor store fiskar dei har fått garn, men eg hugsar at den største Knut og eg fekk, vog 17 kg.

No er mykje av denne fisken borte frå vikane våre, og det kan vel vera fleire årsaker til det. Det vert fiska opp mykje meir torsk ute i havet av båtar med moderne reiskapar. Men overfiske her inne i fjorden kan òg vera ein grunn. For mange år sidan snakka eg med Knut Gjerde, "Slätte-Knut'n", om dette at det minka med torsk. Han sa:

”Skreien\* har ein gong vorte til her inne i fjorden, men når han har vakse litt, går han ut i havet og lever der til han har vorte stor og gyteferdig. Då kjem han inn att her for å gyta. Men viss det vert sett altfor mykje garn her inne, året rundt, vert fiskestamma borte. At folk set eit garn eller to, vil ikkje gjera så mykje. Men når det står garn i alle vikar frå Flesjane og innover, vert det slutt på fisken.”

*\* Fiskeekspertane har trudd at det berre er to torskestammer ved norskekysten: skreien og den lokale, meir eller mindre ”stasjonære”, kyst-torsken. Skreien, seier dei, skal ikkje gå lenger sør enn til Møre. Men nyare forskning viser at det er ei tredje stamme, som høyrer heime i Nordsjøen. Det er nok den som kjem inn i Samnangerfjorden for å gyta om seint på vinteren. Fiskarane her inne har iallfall alltid vore klar over at det er to slags torsk i Samnangerfjorden. Eg snakka med Havforskningsinstituttet om dette, og dei er interesserte i prøvar av torsk frå Samnanger for å finna ut meir om kva slags variant me har her.*  
*Øyvind Røen*



*Knut Røen med stortorsk - og barnebarnet Jostein (Steinsland-Hauge)*

# Vevgogn til perlebelte

Av Hanne Y. Aadland

I 1999 starta damene på Ådland vevkurs i det som då var det gamle postkontoret. Me fann fram gamle vevstolar frå loft og låvar, sette dei saman og fekk laga nye delar der desse var øydelagde eller mangla. Hos Olarane hadde dei ein vev som ikkje var så brei, men der ein kunne skifta ut alle bommar og utstyr som går på tvers i veven og veva full åklebreidde. Olav Aadland, Olaen, var sjølvsagt kry over at han hadde ein slik praktisk vev, men han fortalde meg og at han angra på at han i ungdomen ein gong hadde brent opp ein liten vevstol som såg ut som ei dokkeseng. Dei brukte denne veven til å veva det dei sydde perlebelte på, fortalde han. I mine auge var det tragisk at han hadde brunne opp den vesle veven, men gjort er gjort! Eg hadde nok sett ein bandvevstol på museum ein gong, men hadde aldri sett skikkeleg på ein.

Ein del år seinare, rydda Olaug og Odd-Inge Reistad husa på garden etter Olaen, og slik det er mange stader, dukkar det opp ting ein ikkje veit kva er. Og kva er dette?

Det har bommar som kan snuast rundt i begge ender, og heile tingen er berre 38 cm lang, og ser ut som han godt kunne brukast til dokke-



*Liten vev frå Olarane på Ådland.*

seng. Her har det skjedd ein av to ting. Anten har nokon redda veven unna Olaen sitt bål for 60 år sidan, eller så har det vore fleire vevar på garden. Og fleire vevar var det, ein nydeleg liten vev med metallhjul og skuffer dukka også opp. Denne såg mykje nyare ut enn den første, og då me fekk opp skuffene låg det både perler og tynne nåler der.

I Norsk folkemuseum si årbok frå 1966, «By og bygd», skriv Aagot Noss om bandlaging. Ho har mellom anna med eit bilete av ei vevgogn til perlebelte frå Hardanger. Dette er så likt på «dokkesenga» hos Olarane at eg vågar å kalla det som vart funnen på Ådland for perlevev. Her har dei truleg laga perlebelte på renning i to tidsepokar, på to ulike vevar. Det som er særleg tydeleg på dei vovne perlebelta er at perlene ligg ved sida av kvarandre, ikkje på skrå slik dei ligg når me syr på stramei. Har høyrte at folk som har god greie på bunader, lurar på korleis ein har fått til å leggja perlene parallelt. Svaret er at beltet er vove, og gjerne på ein slik liten vev.


Eg har teke i bruk den nyaste av vevane til Olaug og Odd Inge, og har sett meg føre å kopiera eit belte frå Ugjerdet. Når ein først har fått renninga i veven og greier å strama ho opp, er det berre å tre ei heil



*Og endå ein liten vev frå same tunet.*

breidde med perler på nåla. Eg tek på 17 perler i slengen. Det er fleire måtar å festa perlene på renninga, men eg har kome til at det er greit å bruka to trådar og to nåler. Ein dreg då først perlene over på tråden og held dei under renninga så det ligg ei perle mellom kvar renningstråd. Deretter trer ein den andre nåla gjennom perlene frå motsett side og over renningstrådane. Og vips sit det ei heil rad perler på plass. Med litt øving går dette ein god del fortare enn ein syr perlebelte på stramei. Men etterpå må ein montera perlevestykket på stoff og gjerne laga ein fin kant og.

Har dette vore vanleg i Samananger då, lurar vel folk på. Dei lurte i alle fall på Utne, då eg var med og vov perlebelte under demonstrasjon av ulike teknikkar 24. oktober i år. Slikt har dei ikkje brukt her, sa mange. Men i bunadutstillinga på Hardanger folkemuseum heng to perlevovne belte, og ei dame frå Velure fortalde at ho hadde ein slik vev med krotingar på frå 1700-talet. Strameien kom i siste halvdel av 1800-talet, og ein veit at dei har hatt andre måtar å laga belte på i tidlegare tider. I Samnanger har eg hos Olarane funne tre belte og ein bringeduk der noko av pynten er vevd med perler, eit belte i Ugjerdet



*Eksempel på perlevovne ting. Perlene ligg ved sida av kvarandre, ikkje på skrå.*

og to belte med tilknytning til Nordvika. I registreringane som er gjort elles i Samnanger er det ein perlevoven bringeduk og tre perlevovne belte.

Dei eldste belta er gjerne laga av perler i svart, kvitt, flaskegrønt og sennepsgult. Seinare kom lyseblått og gullfarge i Hordaland, fortel tidlegare direktør i Bunad og folkedraktrådet, Magny Smedsrud Karlberg.

Eg vil tru at det er fleire i Samnanger som har gamle perleevstolar, og mange fleire som har belte i denne teknikken.

#### *Kjelder:*

*Magny Smedsrud Karlberg, Norsk husflid nr. 1, 2004.*

*Norsk folkemuseum, By og bygd, 1966*

*Permar med registreringar på biblioteket i Samnanger.*

*Eigne registreringar*

*Hardanger folkemuseum, Utne*

*Osterøy museum*



*I oktober 2010 arrangerte Samnanger historielag kulturhistorisk kafé. Bente Kleivane Getz har starta opp med osteproduksjon på Gulleiksgarden på Tveit. Ho var med oss på kafeen og selde ost og osteprodukt. Ho valde å leggja namneseremonien for den eine osten sin til arrangementet vårt, og her er det ho har å fortelja om Nils Dyrhovden som har gjeve namn til osten hennar:*

## **”Sterke Nils’n” - Nils Dyrhovden (1907-1955)**

Av Bente Kleivane Getz

Nils Dyrhovden var ein ”sagnomsust” kraftkar frå ein liten fjellgard i Samnanger. Det var få som kunne måla seg med denne karen.

Som ein av mange søsken i ein stor barneflokk, måtte han tidleg læra seg å arbeida både på garden og på kraftanlegget i Samnanger-



vassdraget.

Utbygginga av Samnangervassdraget tok til i 2009 og var ei av dei tidlegaste kraftutbyggingane i Noreg. Nils`n var ein etterspurd smed. Smeden var ein viktig kar for å halda vedlike reiskapen som rallarane brukte.

Nils`n omkom i ei tragisk arbeidsulukke i 1955, ved Svartavassdammen ovanfor Kvitingen.

Den dag i dag lever historiane om denne store sterke karen vidare på folkemunne.

Det vert fortalt at ein gong hadde bøndene lenger nede i bygda sleppt storestuten på beite oppi fjellet, der kyrne til fjellbøndene gjekk. Kvinnfolka som skulle på stølen og mjølka var livredde for å treffe på stuten, som var mannevond. Etter at mora til Nils`n, ho Oleanna, fleire dagar på rad hadde vorte vitskremt av stuten, vart Nils`n forbanna. Han gav bøndene beskjed om å henta stuten sin. Det gjekk nokre dagar utan at noko skjedde. Då fekk Nils`n "styggasinnet" på seg og gjekk til møtes med stuten, som kom farande mot han. Han tok tak i horna på stuten, som ikkje akkurat var nokon "smågut", og fekk slengd han overende. Nils`n "sausbatt" fram- og bakføter på stuten og gjekk heim att og ringde bøndene og bad dei koma for å hente stuten sin.

Mange ville måla krefter med Nils`n, men få var dei som kunne måla seg med han.

På dansar på det lokale ungdomshuset var det alltid nokon som ville prøva seg. Ein gong fekk Nils`n erta på seg nokre karar då han var gniten på drammen. Han serverte dei nemleg i fingerbøl, på trolleskap. Ein flokk gjekk då på han og skulle ta han. Men karane vart lempa ein etter ein, i ræva og nakken og gjekk på hovudet utfor skrenten bak lokalet. Dei prøvde seg ikkje på ny.

Osten som bær Nils`n sitt namn er og ein "kraftkar" mellom ostar. Det er og få som kan måla seg med osten. Den er laga med 10 % sauemjolk og kumjolk. Det er brukt heimelaga lammeløype i osten, som den einaste ost laga med slik løype i Noreg.

Difor er osten til minne om Nils`n og den minner om Nils`n. Namnet er "Samnanger Sterke Nils`n".



## Rettingar

Leif Takvam har gjort oss merksam på eit par feil i årboka for 2009. Den første feilen skuldast at ei linje dessverre hadde ramla ut i Leif Takvam sin artikkel om Frøylandsdalens privatskole.

Om avslutninga på skulen skulle det stå:

”Ingen fikk begynne på skolen etter august 1928. Det var bare to elever igjen fra august 1933 til oktober 1934, og bare en elev igjen resten av skoleåret 1934/35 og hele skoleåret 1935/36.”

Den andre feilen både Leif Takvam og andre har gjort oss merksam på, er ein rein faktafeil. Taubaneulukka ved Svartavatnet skjedde i 1955, ikkje i 1950, som det stod i årboka for 2009.

*Red.*

# Årsmelding for Samnanger historielag 2010

Styret og nemnder

På årsmøtet 09 vart Margunn Lønnebakken vald til å halda fram som leiar for Historielaget for 1 år. Ho tok då til på sitt tredje år som leiar. Både Kjell Reistad og Magda Haugen tok attval for 2 nye år som styremedlemmer. Helge Hisdal og Anton Kåre Drønen vart valde for to år i 2009. Varamedlem Tor Wold og Britt Haukanes tok attval for eitt år som varamedlemmer.

Styret i konstituerte seg slik for 2010:

Margunn Lønnebakken, leiar

Helge Hisdal, nestleiar

Magda Haugen, skrivar

Kjell Reistad, kasserar

Anton Kåre Drønen, styremedlem.

Styret har hatt 6 styremøte og har handsama ca 35 saker. Alle styremøta har vorte haldne på Antons Kulturhistoriske senter på Frøland.

Årsmøtet valde elles desse personane til ulike verv:

Revisorar: Johannes Tyssealand, Knut N. Langeland

Vararevisor: Ada L. Haugen

Fondsneemnd: Tone Tyssealand Holmefjord, Bjarne Hauge og Helge Hisdal frå styret

Redaksjonsnemnd: Magda Haugen (redaktør), Svein O. Aadland, Nils Gåsdaal, Tor Wold.

Valnemnd: Ivar Bård Aadland, Øyvind Røen, Kirsten Dalane Kleivane

Medlemmer og arbeidsgrupper

Talet på medlemmer ved utgangen av var. Arbeidsgruppene som laget hadde i 2008, har halde fram også i 2009. (Kontaktpersonar i parentes):

Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)

Skulehistorie (Ada L. Haugen)

Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)

Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)

Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)

Gamle fotografi (Tor Wold)

Aktivitetar

I samband med årsmøtet 25.02.10 vart det halde eit kåseri av Dagfinn Malt. Han fortalde om sitt arbeid gjennom mange innhaldsrike år som medarbeidar i NRK-Hordaland. 16 personar møtte.

Historielaget har i 2010 hatt 1 tur med historisk innhald:

Tur frå Nordbygda Grendahus til Nordvik 29.08.10. Brit Haukanes gaida oss gjennom turen med mange emne undervegs: Brusfabrikken, gamleskulen / ungdomshuset, treskoverkstaden, Ugjerdet, meieriet, saga / hjulmakarverkstaden, ishuset og Thomas Nordvik sitt bruk i Nordvik. Lokale kjentfolk deltok med mykje kunnskap undervegs.

Som i 2009 styret har arbeidt med å forbetra heimesidene til historielaget. Haga Tekst er leigt inn for å hjelpa oss med det.

Årboka 2010 vil koma ut i desember 2010. I år har me valt å ha hovudvekt på kvardagsliv under 2. verdskrigen 1940-45.

Historielaget har arrangert ein kulturhistorisk kafé. Dette arrangementet fann stad 23.10.10 på Antons kulturhistoriske senter på Frøland. Til dette arrangementet hadde me invitert Bente Getz med osteprodukt, Solveig Røsseland med lefser og klapsekaker, og Rita Taule med lefser og flatbrød. Norvald Reistad som spelte trekkspel for oss. Bente K.

Getz hadde ein seremoni der ho døypte ein av ostane sine: Sterke-Nils'n

Styret vil senda ut informasjon til medlemmene i desember saman med Årboka for 2010 og innbetalingsblankett for medlemskontingent 2011.

Styret har vektlagt marknadsføring av Historielaget og dei ulike aktivitetane i laget. Dette har vorte gjort gjennom artiklar og annonser i lokalavisa Samningen og gjennom artiklar på heimesidene våre [www.samnanger-historielag.no](http://www.samnanger-historielag.no).

#### Samarbeid med andre

Styret har også i 2010 hatt eit godt samarbeid med Anton Drønen og Antons kulturhistoriske senter. Dette er eit positivt samarbeid som laget ynskjer å halda fram med.

Også i 2010 har Historielaget hatt eit godt samarbeid med Samnanger kommune og dette ynskjer styret å vidareutvikla i åra som kjem

#### Utfordringar

Aktivitetsnivået i laget gjer at mange personar har mange og arbeidskrevjande aktivitetar. Det er ynskjeleg at fleire av medlemmane tek aktivt del i dei ulike oppgåvene laget har. Det er særskild påkravd å få inn aktive medlemmer som kan engasjera seg med digitalisering av bilete og film. Sameleis er det ynskjeleg at fleire tek del i det krevjande arbeidet med årboka vår.


Særskild gledeleg er det at me i 2011 vil makta å slutføra filmprosjektet vårt: Ein film om kraftutbygginga i Samnanger som Tor Wold skal ha mykje av æra for gjennomføringa av. Me gler oss!

#### Oppsummering

Samnanger Historielag har hatt eit høgt aktivitetsnivå i 2010. Interessa for laget og aktivitetane har vore aukande. I Samnanger er det tydelegvis trong for den type aktivitetar som laget har. Medlemstalet har vore stabilt: 80 i 2009 og 78 i 2010. Styret ser fram til nye aktivitetar i 2011.

**Magda Haugen**  
**Skrivar**





Samnanger historielag

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**



Årbok 2010  
Samnanger historielag

2010

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese



*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**  
*2010*



## Innhald

|                                                |         |
|------------------------------------------------|---------|
| Føreord                                        | side 7  |
| Minne frå krigsåra                             |         |
| <i>Av Aud Nygård</i>                           | side 9  |
| Klokkargarden i Samnanger                      |         |
| <i>Av Knut Tveit</i>                           | side 47 |
| Krigsåra 1940 til 1945                         |         |
| <i>Av Knut Tveit</i>                           | side 58 |
| Strabasiøs tur over Nordsjøen                  |         |
| <i>Intervju med Leif Utskot</i>                | side 62 |
| Tysse-minne frå 1950-åra                       |         |
| <i>Av Marit Fjæreide (Gåsda)</i>               | side 67 |
| Livet på Haga for 60 - 70 år sidan             |         |
| <i>Av Ingvald Haga</i>                         | side 69 |
| Isfiske                                        |         |
| <i>Av Solveig Røen</i>                         | side 76 |
| Vevgogn til perlebelte                         |         |
| <i>Av Hanne Y. Aadland</i>                     | side 83 |
| «Sterke-Nils'n» - Nils Dyrhovden (1907 - 1955) |         |
| <i>Av Bente Kleivane Getz</i>                  | side 87 |
| Rettingar                                      | side 89 |
| Årsmelding for Samnanger historielag           | side 90 |



## Føreord

I år (2010) er det 70 år sidan Noreg vart okkupert av Tyskland og nordmenn flest fekk kjenna korleis dette påverka liva deira. I denne utgåva av «Gamle dagar i Samnanger» er hovudvekta difor lagt på artiklar som har med krigen å gjera. Både Aud (Høysæter) Nygård og Knut Tveit minnest barndom og oppvekst under krigen, medan Leif Utskot fortel om ein heilt spesiell tur over Nordsjøen i kjølvatnet av krigen.

I årboka finn du elles barndomsminne frå Reistad, Tysse og Haga, du kan lesa om isfiske på Samnangerfjorden, om «Sterke-Nils'n» som no har fått ein ost oppattkalla etter seg og om eit par heilt spesielle små vevstolar som har dukka opp på Ådland.

Stor takk til alle artikkelforfattarane!

Ingvald Haga, som har skrive om livet på Haga i gamle dagar, gjekk bort tidlegare i år.

Om du som lesar let deg inspirera til å skriva om egne opplevingar for så å dela med andre, er me sjølvsagt umåteleg takksame for det. Ta gjerne kontakt med underteikna eller andre i Samnanger Historielag dersom du har spørsmål kring dette.

**Magda Haugen, redaktør**



*Denne artikkelen er skriven i 2000 og er eigentleg ei forteljing som Aud Nygård (fødd Høysæter) har skrive til sine etterkomarar. Me har fått lov å nytta artikkelen som her vert attgjeven i ei noko avkorta form. Me har vektlagt det som har med kvardagslivet og personlege opplevingar å gjera. Skildringane om dei militære bevegelesane og kampane har me i stor grad utelete då dette er historie som kan lesast i andre bøker.*

*Aud Nygård er fødd og oppvaksen på Høysæter. Foreldra hennar var Amanda (1898 - 1979) f. Nordbø og Engel Høysæter (1894 - 1984). Mor hennar var lærarinne og dei budde difor i skulehuset på Høysæter. Det var heilt vanleg rundt om i grendene at læraren budde med sin familie i skulehuset. Aud var fødd i 1929 og hadde fire søsken: Kåre f. 1923, Bjørg f. 1931, Egil f. 1934 og Agnar f. 1941.*

## **Minne frå krigsåra**

*Av Aud Nygård*

*9. april 1940*

9.april 1940! Det er ein dato som står meisla inn i minnet. Ingen annan dato frå heile livet mitt – korkje gode eller triste minnedatoar – er så fastbrente. Det er den dagen eg hugsar som den første med verkeleg uro og ein uklar angst. Noko heilt utruleg og uhyggeleg hadde hendt! DET VAR KRIG I VÅRT LAND!

Dagen byrja som ein heilt vanleg dag. Eg gjekk i skulestova til bibel-soga i første time, og visste ingenting før i første friminutt.

*Aud Nygård fekk i si tid nokre personar til å lesa gjennom det ho hadde skrive. Ein av dei var Atle Drageset, fødd 1928, frå Børdalen. Han hadde følgjande merknad her: Før me ungane gjekk heim 9.april, avslutta mor til Aud skuledagen med å lesa Fadervår. Så song me Gud signe vårt dyre fedreland.*

Frå skulestova og inn i vårt husvære var det berre nokre steg, og eg hadde eitt eller anna ærend på kjøkkenet vårt. Hilda i Svendsdalen var hushjelp hos oss då, og ho var komen etter at me gjekk i skulen. I Svendsdalen hadde dei radio, og dei hadde høyrt at tyskarane hadde

gått til åtak på landet vårt. Dei hadde alt okkupert Bergen, det var krig. Eg ser enno for meg mor og Hilda som sto der så alvorlege, og eg kan endå kjenna den lammande følelsen. Krig! Det var uverkeleg. Gru-somt! Truande! Eg hadde ei rar kjensle av at eg krympa og blei veldig liten. Og FAR! Far som var på Ulven og var offiser! KVAR VAR HAN NO?

Det vart ikkje meir skule den dagen. Me fekk fri, alle ungane vart sende heim. Eg gjekk for meg sjølv bak huset, der sette eg meg og grov og grov i snøen med hendene. Eg tenkte mest på far som no truleg var i krig. Krig var noko forferdeleg noko, og eg hadde ei førestilling om at få eller ingen kom levande frå krig. Tuna-Trino – bestemor til venninnene våre – hadde ein bror som hadde vore i krigen, og han var den einaste eg visste om som hadde kome frå krigen i live. Kom far til å bli drepen no? Eg kan ikkje hugsast at eg fraus der eg sat i



*Bilete av familien teke under krigen. Frå venstre Aud (som har skrive artikkelen), Engel, Egil, Agnar (på armen til mora), Amanda og Bjørg.*



snøen, heller ikkje kva mor sa med oss syskena. Men eg kjenner endå tyngsla.

Seinare fekk me helsing frå far, at han var på veg til Voss. Kåre gjekk på framhaldskule på Tysse, og den skulen stengde og dørene. Truleg kom Kåre heim utpå dagen 9.april. Om det var han som kom med helsinga frå far, hugsar eg ikkje. Men han hadde i alle fall fått vita at far hadde vore i bygda tidleg på dagen og sett opp mobiliseringsordre på Ådland. I alle fall fekk me ei helsing om at han var på veg til Voss. Eg hugsar lette – han var då i live.

Far døydde ein 9.april, men ikkje før i 1984. Då var han 90 år.  
*(Så fortel Aud litt om kva som egentleg hadde skjedd med faren og om realitetane i kampene som gjekk føre seg her på Vestlandet)*

### *Onsdag 10. april*

Tidleg om morgonen kom ein gut frå Langeland på ski, og skulle gå over fjellet til Voss. Eg trur det var Botna-Johannessen. Han var svært ivrig etter å kunna kjempa mot tyskarane. Dei skulle UT! Forsvars-viljen var stor. Eg hugsar at etter overgjevinga såg me med litt forakt på dei som ikkje hadde vore med å forsvare landet vårt.

Evakueringa frå Bergen var i full gang 9.april, men eg trur ikkje det kom nokon til oss før dagen etter. Etter kvart vart det fullt i alle hus. Bygdefolket laga plass og opna dørene. Det vart stort sett tydd til slekt og kjende, men det vart ikkje nok. Alle ville hjelpa så langt dei kunne, og litt meir -. Hos oss budde det fire vaksne og to born. Mor kjende ei av dei; Kristine Haugland frå Ullvareutsalget i Bergen. Ho kom saman med ein ven, Hilmar, og broren Johannes med familien sin. Kona hans heitte Alma, og dei hadde to små born. Kristine og Johannes var frå Valevåg i Sunnhordland. Men å reisa sjøvegen dit var uråd då.

Mor med Egil flytta ut av arket, dei laga seg plass på kontoret, og familien Johannes fekk arket. Kvar me andre vart plasserte, kan eg ikkje hugsa. Det vart nok ”slunkabol” rundt i huset. Kristine og Hilmar fekk truleg det andre soverommet oppe. Me ungane hadde aldri noko mot å liggja på flatseng. Men eg kan tenkja meg at det var trongt på kjøkkenet og ved komfyren, det var ikkje så stort kjøkken me hadde. Men mor var van med trafikk der og. Eitt av abera med å bu i eit skulehus, var at vårt kjøkken måtte brukast ved juletefestar, basarar

og tilstellingar elles i krinsen.

I alle fall kan eg ikkje hugsa anna enn at gjekk fint. Mangt var bagatellar slik tilhøva var desse aprildagane. Me borna fann det nok litt spennande og, med så mange ukjende i huset. Og så tok det tankane litt vekk frå suta for far og frå krigen. Me var ofte innom på arket. Det var kjekt å høyra på småjenta Kari når ho song "Liten ekorn satt...". I staden for at ørna fekk lyst på kjøt, song ho: "Lyst på fløte den får". Det var no litt meir finsleg, men ørna "forterte den med hud og hår" likevel. Og så var det moro å sjå at Johannes hadde fått med seg ein raggsokk av kvart slag i farten då han rømde byen. Det var faktisk litt å le av; både ørna som ville ha fløyte og sokkane som ikkje var par.

### *Torsdag 11. april – laurdag 13. april.*

Dagar og datoar går litt over i einannan. Men det er i alle fall ei lita rettesnor om "begivenhetenes gang".

Det var mykje flytrafikk over oss etter kvart. Og lyden av fly på veg til Voss var nifs. Me var redde for far, og me var redde for oss sjølve og. Det hende me gøymde oss attmed bergveggar når me var ute og flya kom. Aldri godt å vita kvar dei kunne sleppa ei bombe!

*(Her fortel Aud om kva som hende i bygda elles. Seinare vart me kjende med stor aktivitet både til lands og til vanns. Etter rykte om engelsk landgang vart tyske båtar sende til Samnangerfjorden. Norske militære dreiv oppklaring etter rykte om at tyske krigsskip hadde landsett ca. 100 mann på Ådland. Rykta sa og at det var norske troppar i Eikedalen, i Kvitingen, i Vaksdalsfjella og på Hisdalsfjella. Desse rykta var det nok hald i.*

.....

Dagane 11. – 13. april sende tyskarane fleire rekognoseringspatruljar langs hovudvegen til Hardanger. Og truleg var det ein av desse som kom til Høysæter første gongen.

Ein av desse dagane fekk me vårt første møte med tyske soldatar. Då me såg ut vindaugo mot vegen nedanfor skulehuset, fekk me ein skikkeleg støkk i oss. Synet av væpna soldatar – ein og ein på rekkje – med lyng (og brake?) festa på hjelmane, det trur eg står fast i augo våre endå. Egil var ikkje gamle karen då, men jamvel har han biletet med

seg. Me vart temmeleg skjelvne, kva skulle vel skje no? Ville dei skyta? Ta oss til fangar? Kanskje drepa nokon? Eg har mange gongar tenkt på kor roleg mor var. Eller rettare sagt; kor roleg ho verka for oss borna. Ho viste oss ikkje om ho vart redd, og det var sjølv sagt ei stor hjelp for oss.

Me fekk eit fredeleg besøk. Ein offiser, og eg trur to soldatar, kom på døra. Dei to soldatane sto i gangen, etter det eg hugsar. Offiseren var inne på kjøkkenet og i stova. Hilmar sat i trappa opp til lemmen, Kristine slo seg for bringa og sa "bange! bange!". Offiseren baud oss skrømde ungane drops, og var både venleg og blid. Men me trekte oss vekk og tok ikkje i mot snop frå fienden! Nei takk! Ikkje på tale. Mor



*Egil, bror til Aud, fotografert på Høysæter.*

snakka med offiseren på eit vis, eg hugsar ikkje om kva. Men det eg hugsar godt, og som trass alt gjorde eit sterkt inntrykk på meg, var den eine soldaten. Offiseren bad om vatn til han, og han såg ut som han var sjuk. Han støtta seg til gangdøra ut, og var så bleik. Og så ung! Eg synest han såg ut til å vera jamgamal med Kåre, som då var 16 år. Og så var han soldat i eit framandt land -. Og i krig! Han var då ikkje skikkeleg vaksen! Det er eit bilete som har festa seg og som har fylgt meg gjennom åra. Eigentleg rart at medynk skulle vera følelsen som sto att. – Eit sårt minne.

Vel, tyskarane var høflege og fredelege om dei såg skræmelege ut med våpen og kamuflasje, og dei gjekk snart sin veg. Eg kan ikkje hugsa at dei gjekk vidare opp til Høysæter, eg trur mest dei snudde ved Tjødnaleet. Men det gjekk ei god stund før me fall til ro.

Kor lenge Haugland-familien budde hos oss, veit eg ikkje. Eg hugsar at Johannes Haugland var til Bergen ein tur for å henta klede, m.a. kanskje fann dei det ikkje så fredeleg på Høysæter når alt kom til alt, og med tyskarar på døra. Trongt om plassen var det og. Men me kom godt ut av det med kvarandre alle, så langt eg veit.

Rundt oss på alle kantar var det militær aktivitet. Mykje meir enn me visste då. Tyskarane rykka fram mot Kvamskogen og Vaksdal. Det var ein tysk knipetangbevegelse mot Voss, og me låg midt i knipetanga.

### *Måndag 15. – torsdag 18. april*

*(Her fortel Aud om korleis dei tyske troppane befestar seg i Samnanger og om opptakten til slaget ved Fossen Bratte.)*

*Også her har Atle Drageset noko å fortelja: Atle fortel at mor hans hadde vore til Tysse og handla, og hadde gått Svensdalsbrekka nedover. På veg heim att tok ho riksvegen. Det var då lagt ned personell-miner, og ho måtte gå gjennom minefelt frå Frøland og til Mørkhølen. Ein tysk soldat fylgde henne gjennom feltet og mellom minene. Han var både venleg og hjelpsam Han gjekk føre, og ho skulle fylgja i hans fotspor. Ho fortalde at det var ikkje vanskar med å sjå kvar minene var gravne ned, og ferda gjekk bra. Ei påkjenning må det likevel ha vore. Kor langt det var lagt ned miner er uvisst. Men geiter gjekk på minene og blei drepne. Olav Borge misste 3-4 av sine geiter. Atle meiner å*

*hugsa at han fekk erstatning frå tyskarane.*

### *Fredag 19. april*

.....

No har me tråkla oss fram til den dagen me evakuerte. Alt tyder på at det må ha vore 19.april tyskarane okkuperte skulehuset. Kanskje kan det ha vore same patruljen som trekte seg frå Fossen Bratte. Eg kan ikkje hugsa kor mange mann det var, men det kunne vel vera i underkant av 10. Dei slo seg ned i skulestova, og sette opp maskingevær i dodøra og på skuleplassen. Det såg ut som dei tenkte å slå seg til ro, og det heile var ei skræmende oppleving. Me kunne sjølvsagt ikkje bu i huset med slikt selskap. Mor tok med seg ungar og sølvtøy, og me gjekk opp til Helgeland. Der fekk me overnatta.

Kvifor me gjekk til Helgeland, har eg ofte lurt på. Kanskje det var fordi den garden låg øvst og langt frå skulehuset? Kanskje det var fullt alle andre hus? Kanskje mor var god venn med Helge-Magret? Men det første me såg då me kom opp, var ein tyskar som sto på høgda der stien gjekk ned Lia. Det må ha vore ein av okkupantane våre som kika innover mot Kvitingen.

I alle fall var det hjarterom hos Magret, og dermed var det husrom og. Store plassen var det ikkje, dei hadde ikkje meir husrom enn dei trong sjølve. Og me vona sjølvsagt at det vart kortvarig. Me kunne ikkje ta med oss hunden vår, Laila, ho hadde kvalpar. Så ho måtte vera att i kjellaren med sine ungar og tyskarane. Seinare gøydde ho alltid på tyskarar, ho gøydde elles aldri på folk.

Natta mellom 19. og 20. april vart II/IR9 overført til Valdres med tog til Gol. Der var far med. –Ikkje visste me at han var på veg til Valdres, og ikkje visste han at me måtte røma huset for tyske soldatar. Og godt var vel det, god natt hadde ingen av oss.

### *Laurdag 20. april*

Tyskarane var framleis i skulehuset. Mor var ein tur tilbake for å sjå etter Laila (hunden vår), og dessutan henta ho klede og anna me hadde

bruk for. Truleg matvarer.

*(Her fortel Aud vidare om kva som skjedde i området Vaksdal / Tren-  
gereid / Ådland)*

.....

### *Sundag 21.april*

.....

Tidleg om morgonen denne sundagen var mor ute på do, og hørde då skraping på skaresnøen i lia bak garden. Ho såg ingenting med det same, men det viste seg å vera to norske soldatar i kvite kamuflasje-drakter. Helge-Magret kom frå floren, og dei to soldatane vart bedne inn i stova der me hadde overnatta. Det var vel ikkje fritt for at me gjorde store augo, me ungane. Først tyske soldatar inn i "vårt" hus, og no norske soldatar i stova på Helgeland! Eg meiner å hugsa at dei i alle fall fekk varm mjølk hos Magret. Kanskje fekk dei mat og. Dei fekk i alle fall det dei var ute etter: opplysningar om tyskarane i skulehuset med maskingevær og det heile.

Seinare har Egil råka på offiseren som leia patruljen og som var inne på Helgeland. Han kontakta Egil på eit møte i ein offisersorganisasjon, då han hørde at han heitte Høysæter. Og han fortalde då at dei hadde vore 9 mann oppe i lia den morgonen. Egil hugsar ikkje namnet hans, anna at det var eit kort namn, og eit lett namn. Så eg trur me kan gå ut frå at dette har vore dåverande sersjant Moe.

Korleis meldingane gjekk vidare frå han, er uvisst. Men ei melding nådde i alle fall I/IR9 ved Fossen Bratte ved middagstider. Då fekk løytnant Åberg melding om at det var tyskarar på Høysæter, og han ga ordre om sikring i nordre flanke av sin stilling. Det vart sett opp vaktpostar oppe i dalen frå Teigen, der dei hadde godt oversyn til høgdene mot Høysæter.

Tilbake til familien.

Utpå ettermiddagen 21.04. kunne me frå Helgeland sjå ein tysk soldat koma springande innmed tjørna og opp til skulehuset. Det var tydeleg hastverk, for okkupantane i skulen pakka saman i full fart, og drog sin veg.

Me flytta heim att til hus, hund og kvalpar. Alt var i orden. Ingen skade eller merke etter soldatane. Dei hadde fare fint fram. Men lukta

av tobakk , uniform og tysk soldat hang lenge i veggane i skulestova. Eg kjenner endå lukta når eg tenkjer tilbake; - Det var ingen god lukt. Krigen var komen oss tett inn på livet.

Seinare høyrde me rykte om at natt til 22.april hadde det vore rundt 40 (eller 60) norske soldatar oppe i liene over skulehuset. Dei skulle ta tyskarane. Årevis framover drøymde eg om krig inne i stova vår, om skyting og nærkamp rundt stovebordet. Reine mareritta var det.

Det viser seg no at når eg byrja rota i diverse bøker frå krigen på Vestlandet, at det ikkje berre var eit rykte om norske soldatar i nærleiken. *(Her fortel Aud om korleis dei norske troppane vakta på tyskarane og planla åtak mot dei på Frøland / Totland. Men dette vart ikkje noko av. Osv)*

.....

### *Måndag 22.april*

*(Her fortel Aud om åtaket på Storli-garden og om sjølve kampene ved Fossen Bratte.)*

.....

Dette var slikt me fekk vita seinare. Men skytinga høyrde me på Høysæter, og me var klar over at det var kampar i gang. Me rekna med at det var difor tyskarane i skulehuset vart henta dagen før. Og skytinga varde ved utover natta, så det var nok ikkje mange på Høysæter som sov godt den natta.

### *Tysdag 23.april*

Rundt midnatt kom tyskarane i ryggen på nordmennene, og dei norske styrkane trekte seg attende. To norske soldatar vart lettare såra under kampen. Men tre frivillige skyttarlagsfolk fall, og to vart hardt såra. Dei gjorde ein stor innsats, dei som kom frå skyttarlaga. Og dei var gode skyttarar. Dei tyske tapa er det tvil om. Norske befal og soldatar meiner at tapa var store. Men frå nøyaktige tyske rapportar, er det berre nemnt ein drepen. Kor mange som vart såra, er det ikkje nemnt noko om. Det er blitt hevda at det var mange, og at nordmennene tok såra for å vera døde.

Tidleg morgon 23.april kom ei tysk stridsgruppe til Norheimsund. Den norske styrken kom frå Fyksesund og Ålvik til Granvin ved 06.00-

tida. Den hadde då fått hjelp av ein lokalbåt som låg i Ålvik, og to rekvirerte motorbåtar.

Det gjekk rykte om at vegen nedanfor Fossen Bratte var full av blod, og lastebilar med døde (?) og såra vart sett av folk i bygda. Det var fælt å høyra, sjølv om det var tyskarar som var sett. Men forvitenskapen var stor og høgst levande, så Kåre og Birger i Svendsdalen for inn til Brudesløret for å sjå på krigsarenaen. Dei kom heim att med ein tysk hjelm med kulehol i. Eg synes det var for grotesk, så eg orka ikkje sjå på hjelmen. Eg trur ikkje mor lika fangsten heller. Hjelmen vart i alle fall vekke, eg trur mest at Birger fekk den med seg til Svendsdalen. Om den enda opp der, kan eg ikkje hugsa.

*(Her fortel Aud om kampen på Skjervet)*

.....

Me visste no at tyskarane nærma seg Voss, både frå Vaksdal og Samnanger-Norheimsund. Og på Voss var far! Me hadde uroa oss for far heile tida. Stadig fly på veg til Voss og rykta om bombing gjorde det ikkje betre. Eg trur me fekk melding om at far var sendt til Valdres, men når me fekk greie på det, er eg ikkje sikker på. Kanskje var det ikkje før mannskap som hadde kapitulert på Voss kom heim.

Det var i alle fall mange lange og tunge dagar med sut for far. Etter kvart kom onklane våre, og andre som hadde vore med i krigen heim att. Men far høyrde me ikkje noko frå; ingen visste noko om han. Det nådde oss rykte om at han var fanga, at han var drepen og jamvel at han var blitt galen. Vekene gjekk, snart var alle komne attende frå krigen. Berre ikkje far!

Eg hugsar eg gjekk og vakta på vegen. Såg eg nokon ute med Stemma som eg ikkje straks drog kjensel på, blei eg livredd. Kanskje var det einkvan som kom med beskjed om at far var død! Eg ba mange stille bønner, og lettelsen var stor kvar gong det ikkje var noko gale. Så byrja eg på nytt å vakta på vegen. Det er stort sett det eg hugsar frå denne tida: uroa for far. Han var med i alle kveldsbønene våre. Mor sa ikkje så mykje, men bibelen låg framme på nattbordet. Og gjerne tydde ho til salmestrofer som "Seg, kvar skulle me vel ganga, utan Jesus her på jord?"

Slik gjekk resten av april. Og mai. Og delvis juni. Me venta og venta. Meir og meir redde for at han aldri kom heim att i livet. Det var ein



tung vår.

Ein dag ut i juni var Bjørg og eg i Svendsdalen og henta mjølk. Som vanleg hadde tante Kristine spurt etter far. Og me var nok triste, for tante "Krestina" som me sa, trøysta oss best ho kunne, endå ho var nok redd for broren sin. Ho sa at no kom han nok snart. Kanskje var han i ei utløe i nærleiken. Eg hugsar ikkje om det hjelpte så mykje, men me hadde kanskje litt meir von med oss heim att.

Så kom me over Bryllaupshaugen, og det synet me der møtte er av dei som står festa på netthinna. Oppover skuleplassen frå grinda kom far gåande i uniforma si!! Mor kom springande mot han med Laila i hælane. Ja, det me følte då, det kan ikkje beskrivast. Det var ei glede så stor at det ikkje er ord for det. Ugløymeleg! Me sprang det me kunne for å koma fort fram til far.

Og det vart ein kveld i glede. Onkel Nils og onkel Johannes kom om kvelden, det var nok fleire og. Eg synes i alle fall å hugsa stova full og prat langt mot natt. Truleg deler av natta og. Det blei nok teke med ei takk i kveldsbønene våre denne kvelden.

Etter kapitulasjonen i Valdres, hadde far sete som krigsfange på Grini. Han hadde ikkje hatt dårleg behandling under fangenskapet, så langt eg veit. Men han hadde mykje å fortelja frå krigshandlingane som hadde gått hardt for seg. Det vart snakka mykje utover kvelden. Me ungane fekk sjølvsaugt ikkje med oss alt. Men eg hugsar ting eg synest var fæle: Såra tyskarar som låg i skogen og ropte på mamma. Ein lastebil full av døde tyskarar, dei talde støvlar. Fly som heile tida var over norske styrkar. Far hadde måtta springa frå ein proviantbil og finna ly i skogen. Det var bombing frå fly og bombekastarar. Der tyske soldatar hadde måtta røma frå privathus, var det reine grishusa. Dei hadde gjort frå seg på golva og tørka seg med gardiner.

Det var stykkevis og delt det eg fekk med meg. Men det gjorde sterkt inntrykk. Særleg det med soldatane som låg såra og ropte på mamma. Men etter det eg har lese i bøker frå krigen i Valdres, var det ofte lureri. Norske soldatar fekk åtvaring mot å gå bort; dei risikerte å bli skotne ned av dei "såra".

1.mai 1940 møtte oberst Østbye den tyske generalen Engelbrecht på Gol hotell. Dei underteikna ordre om kapitulasjon, og køyrde saman til Lomen i Vestre Slidre der dei naudsynte ordrar vart gjevne til

avdelingane i Vestre og Østre Slidre.

Om ettermiddagen same dag hadde norske avdelingar levert inn sine våpen, og byrja samling mot Fagernes. Delvis med bil, delvis til fots, alt med tysk eskorte. Sersjantar og menige vart samla i fangeleir, medan offiserane kom på Fagernes Hotell og i næraste hus. 3. mai kom det ordre om at alt befal av fenriks grad og høgare skulle møte på stasjonen for avreise kl. 16.00. Om lag 250 norske offiserar kom med bussar til Hønefoss utover natta. 4.mai gjekk turen vidare gjennom Oslo til Akershus. Det gjorde inntrykk på dei fanga norske offiserane at livet i byen gjekk som vanleg før overfallet. Etter to timar på Akershus, vart offiserane køyrde til Grini, og innkvarterte der ca. kl. 22.00.

10. mai vart om lag 170 offiserar frigjevne, mest uløna og vernepliktig befal. "Faste" offiserar skulle skriva under ei erklæring om ikkje å kjempa meir mot Tyskland. 12. mai godtok tyskarane at distriktsoffiserar og fast innbeordra offiserar skulle sendast heim utan å måtta skriva under på erklæringa. Desse vart då sette fri. Att på Grini var det då ca. 120 yrkesoffiserar. Dei fleste av dei underteikna erklæringa, og blei sende heim 22 mai. Berre få offiserar som ikkje ville skriva under noko erklæring, var då igjen i leiren, og dei siste offiserane reiste frå Grini i første halvdel av juni.

Ingen av oss hugsa om far skreiv under erklæringa. Men at han kom ut frå Grini så seint, og det faktum at far var ein svært sta mann, tyder på at han var mellom dei som ikkje skreiv under.

### *Før 9. april*

Barndomen fram til 9.april var sorglaus, trygg og glad. Det var i "dei harde 30-åra", men me borna merka lite til det. Me hadde inga overflod, men hadde det me trong av mat, klede og omsorg. Foreldra våre var kunnskapssterke og kunnskapsrike, samfunnsinteresserte og opptekne av kulturarven. Begge hadde godt "handalag". Far var ein meister i treskjerjing, noko sjakkbrikkene våre vitnar om. Han laga fine dokkemøblar til Bjørg og meg, og mor sydde dei mest forseggjorte dokkeklær. Far var heime i lange periodar, han hadde noko militært kontorarbeid heime. Så han hadde bra med tid til oss. Han var ein god teiknar, dikta eventyr og teikna til. Me lærde gamle regler og spel, og me spela sjakk. Ikkje å gløyma; me lærde eit utal av kabalar

og kortspel. Me spelte mykje kort, frå gris, gnav og femkort til whist og tjueeitt. Men kortspel vart av mange sett på som synd, så når presten kom på besøk vart det full fart med å gøyma kortstokkane. Det kunne me heilt sikkert ha spart oss.

Me var med far på bærturar i skogen og på fjellet. Han var lomme-kjent i ”fjell og finnar”, og fortalde oss om plantar, småkryp, dyrespor, fuglar og fuglelåtar. Det var ikkje mykje han ikkje visste.

Folk frå grenda kom til far for å få hjelp med ymse skriv, det hende for å låna pengar. Han sa aldri nei til å hjelpa. Skulle det undersøkjast farleg fjell, var det far som vart hengt ned i tau, både i Gjelet og i berghenget under Bjørnehiet. Men Egil seier at far likte godt å klatra. Når han var med far på molteturar i fjellet, vart det i meste laget med dristig klatring. Far var ein fredeleg og snill mann, grundig og rett-skaffen i alt, og ein stor optimist. Men han var sta, og hadde han bestemt seg, var han ikkje lett å rikka. Me hadde stor respekt for han.

Mor var tolig, klok og hjartevarm med stor omsut, og humoristisk. Me gjekk ofte vegen om mor når me hadde noko på hjarta: ”mor, kan ikkje du spørja far...”. Mor var både god mor, husmor og lærar, dyktig med alt. Ho var kreativ og oppfinnsam, litt av ein tusenkunstnar. Og ho var flink med alt handarbeid, frå nuppereller til vev. På symaskina sydde ho det meste av kleda våre. Me jentene lærde tidleg å brodera, hekla og strikka. Mor både måla og pussa opp i huset, ho likte å pynta og å laga fine dekorasjonar. Eg trur ingen av oss gløymer når mor og far pynta stove og furu til julaftan. Då fyrde dei i omnen på arket, me fekk ikkje koma inn i stova før etter bading og bestekleda på. Når me opna døra og me fekk sjå – utanom nøkleholet – stova i all si prakt... Ai – Ai!

Mor hadde orgel, og ho prøvde å læra oss å spela. Det var no helst Kåre som blei flink på orgelet. Han spela og fele og trekkspel. Egil fekk trekkspel til jul då han var 3-4 år. Det var ei glede for han, og for oss som såg den hoppande glade guten. Mor var glad i song og musikk, og både heime og på skulen fekk me med oss ein stor song- og salmeskatt. Far tok og ofte ein trall. Han song alt mogeleg for oss, frå ”Mannen han gjekk seg i vedaskog” til ”It’s along way to Tipperary”. Det gjekk no mykje på folkeviser. Så hadde han ei vise som me ungane likt godt, men som mor riste litt på hovudet av. Bjørg hugsar det

eine verset, eg det andre, og dei tek eg med. Så ver så god!:

*Kongen spiste middag med sin gode venn,  
statsminister Michelsen.*

*De pimpa og drakk til glassene klang  
og alle sammen sang;*

*Refr:*

*Prima votio susannia,  
traketrokia you for me.*

*Aleksandria dra i madora bri  
aroviti, aroviti i.*

*Kongen han kom ut igjennom losjens dør,  
og kjerringane huja og sprang.*

*Konstablane dei gjorde honnør,  
og alle sammen sang*

*Refr.*

Det kulturelle spekteret var breitt og mangfaldig —. Aroviti i-i-i.

Me vaks opp med mange bøker, aviser og blad. Eg trur me hadde alle norske klassikarar i samla verk, oppslagsbøker, historie- og eventyr-bøker og dei fleste nynorske forfattarar. Me hadde Nynorsk Vekeblad, For Bygd og By og Gula Tidende. Norsk Barneblad hadde me borna abonnement på i tur og orden, og selde "Juletre" til jul. Mor heldt kvinnebladet "Urd". Mangel på lesestoff var det aldri. Seinare gav far alle oss borna kvar sine utgåver av Snorre og bygdesoga.

Ein del av det som er fortalt, heldt sjølv sagt fram etter april dagane. Eg synes at foreldra våre fortener eit par skrytesider. Me hadde ein god heim, og dei gav oss mykje god ballast.

Rundt oss hadde me mykje familie. Gamlabesto (oldemor), bestefor-eldre, tanter, onklar og syskenborn. Bjørg og eg var ofte innom til Gamlabesto, mor til bestefar. Hos bestefar og bestemor var me mykje. Me henta og mjølk der kvar kveld. I Svendsdalen var me og rett som det var. Tante Kristine gav oss gjerne kvar sitt egg med. "Ho er alltid så snill med slike litne folk", sa Egil. Og ho var flink til å fortelja om gamle dagar. Ei bjørnehistorie frå Gjerde, eit drap og spøkeri på Gjerde og Ilaget var passeleg nifst, og måtte forteljast om att. Ein tur innom til den gamle bestemora til kusinene våre, Gamla-Anno, hørde med. Ho hadde lege til sengs i årevis og hadde silkehender. Bjørg og eg fekk ein

gong kvar sin rosemåla tretallerk hos henne. Dei har me teke godt vare på.

Alt rundt oss var gardsbruk, så me fylgde med i gardsarbeidet. Me fekk vera med Gunnhild og overnatta i Tuna-sættet ei og anna helg. Då låg sæterjentene over på Kvandalen. Elles måtte dei heim med mjølka til meieriet, og for å vera med i slåttene. Me drakk varm kakao i lyset frå talgalys i flaske, og laga skuggebilete på veggen medan hubroen ulte i lia. Så låg me 4 i ei seng, to i kvar ende – eventyrleg! Sætervegen var eit eventyr i seg sjølv, med gamle segn og rituale. Fantasien fekk blomstra.

Far fortalde at Sjura-Gonlo (ho heitte Gunnhild) påsto at ho hadde sett huldra. Ho var bestemor til Sjurajentene, der me gjekk på Kinamisjonsforening, og ho døydd i 1930. Så det var no ikkje så grueleg lenge sidan ho levde. Og huldra med.

Og nissen budde i Vetlali-utløa om sommaren, og flytta inn på vår kattalem føre jul. Når musene klorde i veggane, var det nissen som arbeidde med julegåver.

Troll og tussar kunne det vera mange stader, i fjell og berg. Bjørg og eg prøvde å få Egil til å tru at det var eit troll i vedalaet utanfor skuledoa. Det greidde me ikkje, men me vart så redde sjølv at me måtte ha fylgje på do. —. Gudsmannen hadde fått namn etter ein engel som hadde vist seg der. Me kikka litt etter engelen. Og me leitte litt etter skatten som Rikehardingen skulle ha gøymt. Rikehardingen skulle ha vore ille plaga på garden sin av eit utyske. Bygdesoga fortel at presten Sandberg måtte til Høysæter og hjelpe til. Han mante styggeskapen ned i eit hol i Bryllaupshaugen. Det holet ville me no ikkje leita etter. Meieriet hadde vore Rikehardingen sitt hus. Det var så gammalt og spesielt at det burde vore teke vare på. Diverre vart det rive.

Vintrane var lange og harde på Høysæter. Men det var stor glede når isen la seg på tjørna, og når snøen kom. Me laga snøhytter og grov oss inn i fonner. Ski gjekk me på nesten så snart me kunne føta oss. Eg hugsar Agnar sine første ski. Mor og far klipte av gamle gummistøvlar, og spikra skodelen på skiene. Då var det lett å koma laus når han datt eller rende seg fast.

Det var hopping som var gjæveste sporten mellom gutane, og det var hoppbakkar over alt. Store og små, og nokre med spretthopp. Ein gong

braut Kåre foten i hoppbakken på Åsenden. Det var seint på kvelden, og me skulle til å eta kveldsmat då dei kom med han på slede. Som regel hadde me havregrynsgraut til kvelds, den kvelden hadde me semulegrynsgraut. Det var svært populært. Me vart oppskjorta og redde for Kåre, og Bjørg gret. Eg var og noko skjelvande, men eg ville trøysta vetlasøsto. I mi hjelpeløyse sa eg: "Ikkje grin Bjørg, me har mjølkegraut til kvelds!" Bortkasta ———. Kåre fekk spelka leggen, og måtte liggja lenge.

Eg har mange gongar lengta etter vintrane på Høysæter. Med skumringstimen før parafinlampene vart tende, og mor kvilte middag. Stille, stille i stova. Berre knitring av bjørkeved i omnen. Fredfullt.

Høysæter var ei avsides grend, utan bilveg, elektrisitet eller telefon til etter krigen. Men det var ein fin og god plass å veksa opp. Eg er i alle fall glad for at eg fekk ha barndomen der, med mykje familie og mykje fin natur. Med gode foreldre og mange gode minne. Og mykje for fantasien——.

Eg såg nissen! Den raude hua hans hang ned framfor stovevindauga då han kikka inn. Han hadde nok klatra bort under takskjegget. "... .så mange kunstar kunne han."

### *Etter 9.april*

Åra etter 9.april vart noko annleis for oss alle. Me kjende oss ikkje så trygge lenger. Etter at far kom heim frå Grini vart det meir normalisering, men det var framleis mykje uro og mykje å vera redd for. Meir og meir blei forbode, med strenge straffer for dei som "forbraut" seg. Norske flagg skulle ikkje visast, ikkje eingong dei små flagga som mange prøvde seg med på jakkeslaget. Nisseluer var det forbod mot. Ei tid gjekk jøssingane (gode nordmenn) rundt med binders på jakker og kåper. Det var ei melding om at "vi held saman". Strengt forbode. Det var ikkje dei tyske soldatane me var reddaste for. Norske nazistar og dei "stripete" var verre. Og nordmenn som gav seg ut for jøssingar, kunne gjerne vera infiltratørar. Det var mange slike. Ein måtte kjenna folk godt for å stola på dei. Tyskarjentene og potetskrellerskene var me og forsiktige med. Bjørg spytta etter ei av tyskarjentene på Tysse ein gong, før ho hadde tenkt seg om. Jenta snudde seg og sa at Bjørg måtte passa seg, for ho kunne fortelja om spytinga til tyskarane. Då

var me redde ei god stund.

Det vart etter kvart ein god del galgenhumor og vitsing om Wehrmacht og deira sympatisørar. På Nitedals fyrstikkøskjer vart Nitedals lese bakvendt: "Slik løper alle damene etter tyskerne i Norge". På baksida av øskje var det ein hest i fullt sprang. I 1941 fekk me 1-kronesetlar i papir, ein "usling". I 1942 kom 2-kronesetelen, det var ein "Quisling".

I familien var det fleire triste hendingar. Gamlabesto døydde 8.9 i 1940. Ho var då 95 år. Bestefar på Steintveit døydde 20.8 i 1940. Det gjekk sterkt inn på meg, eg hadde vore mykje på Steintveit opp gjennom åra. Han var tolig og snill, og så kalla han meg "Gudla". – Det var ei stor sorg for oss alle. Så døydde bestemor på Høysæter 20.11 i 1942. Det var og eit stort tap, og eit tomrom me merka. 2.10 i 1941 vart syskenbarnet til far, Nils hos Janane, arrestert av tyskarane i samband med avsløringa av Stein-organisasjonen. Han vart sendt til Tyskland i konsentrasjonsleir og døydde der rett før krigen var slutt. Denne organisasjonen var etablert alt sommaren 1940, og var ein av dei første i motstandsørsla. Det var snart bortimot 1500 mann knytte til gruppa. Av dei vart 200 personar arresterte i oktober 1941, og mange av dei fekk dødsdom.

Quislingar vart dei kalla som sveik landet vårt og arbeidde for fienden på ymse vis. Å vera i tyskararbeid var slett ikkje bra, for ikkje å snakka om Hirden. Tyskarjentene er alt nemnde. Me forakta dei alle. Kanskje av og til urettvist. Me brukte same kammen.

Björg hugsar godt då tyskarjentene vart tekne etter krigen. Ho gjekk for presten, og det var samling for presten i bedehuset på Tysse. Dei på Tysse som gjekk med tyskarane vart samla inn i kjellaren til Blindings-Borghild natta før sending. Så vart dei plasserte i ein lastebil med open karm til spott og spe. Konfirmantane var ikkje til å halda inne i bedehuset, dei sette på dør for å sjå. Björg fortel at presten fekk ein del kritikk etterpå fordi han hadde lete dei gå. Men ho seier at det var urettferdig, han kunne ikkje halda dei inne. Dette var noko mange hadde sett fram til, at "tyskarjentene" vart straffa.

I desember 1941 hende det noko som var til stor glede for oss alle i familien. Me fekk ein liten bror! Og det var stor stas. Agnar vart teken i mot med opne armar, me slost nesten litt for å passa han. Eg hugsar i

alle fall at då sommaren kom, krangla Bjørg og eg om å vaska og henga ut bleiene hans. Me prøvde etter beste evne å skjemma han bort. Han var no slik ein fin og god liten gut og.


Far som var offiser hadde sjølv sagt ikkje arbeid lenger i det militære. Dei første åra meiner eg å hugsa at han var oppsynsmann eller noko i den lei – på vegarbeid. Vel å merka: ikkje tyskararbeid! Det var oppsitjararbeid på vegen opp Gjelet. Seinare hadde han arbeid som likningssekretær. Då krigen var slutt, var han tilbake til det militære. Han fekk kapteinsgrad ei stund etter.

Då far kom heim frå krigen i Valdres og fangenskapet, var det ikkje lenge før han kjøpte radio. Det var viktig å få nyhenda frå London og BBC. Norsk radio og presse var tysk propaganda no. NTB vart oversett til "Not To Believe". Det var "Røysta frå London" folk ville lytta til. Øksnevad si stemme høyrer eg i øyro endå. Men eg var mektig forarga på at Øksnevad og London kom på same tid som "Norsk radio" sende musikk med Brandelius. Det vart lite Brandelius på meg. Radioen var ikkje heime etter stort meir enn eit år. Ut på ettersommaren 1941 kom det ordre om å levera inn alle radioar innan 7. august. Berre NS-folk skulle få ha apparata sine. Vernemakta likte lite at nordmenn høyrde på nyhenda frå London, og ikkje på deira propaganda.

Men det var mange som lurte unna radioane sine. Vår vart først gøymd i blindkjellaren i nyehuset, det budde ikkje nokon i huset då. Men etter razzia vart radioen flytta ut under ein hilder bak Sørليا. Så kvar kveld mellom 19.00 og 20.00 om lag, var far ute og gjekk. Det var nokre nervepirrande opplevingar i samband med dette. Ein kveld medan far var bak Sørليا, kom ein tysk soldat opp Gjelet. Han gav seg til å spaserar fram og tilbake frå øvste brua og inn på Neset. Me følgde med i vindaugo, med hjarta i halsen. Heldigvis var far, og dei som var med han, ekstra seine den kvelden. Dei hadde høyrte på eit anna program etter nyhenda. Om tyskaren var ute på radiojakt, eller kva ærend han hadde, veit me ikkje. Ein gong etter at Ysten (Johannes Tvedterås) blei NS-ordførar i 1943, kom han og skulle snakka med far akkurat i London-tida. Eg hugsar eg var sjuk i magen medan Ysten sat i stova og venta. Far kom, og Ysten såg i alle høve ikkje kvar han kom frå. Det vart aldri meir enn skrekken av det heller. Ysten var elles ein grei ordførar slik. Han melde aldri nokon, tvert om hjalp han somme frå



å bli tekne. Det vart sagt etter han då han vart teken i 1945, at han hadde hjelpt mange, men ingen hjelpte han når han trong det. – Kanskje at det var han å takka at far ikkje blei arrestert då 1100 norske offiserar vart tekne og sende til Polen i 1943. Frå før var 200 offiserar i tysk fangenskap. Det var snakk om at han trong far i likningsnemnda.



Teikna av Aud Nygård.

Dette veit me ikkje. Men me veit at Gestapo var hos lensmannen på Tysse og spurde etter far. Lensmannen hadde sagt at det var nokre mil innover Kvamskogen. – Gestapo kom ikkje til oss. Takk og pris! Kvar det blei av dei inne på Skogen, har me aldri høyrte gje til.

Me var mange gongar redde for far. Fleire gongar var det razzia hos oss, og det var utriveleg. Tyskarane var høflege. Dei oppførte seg fint og var ikkje trugande. Men redde var me. Når den første razziaen var hos oss, kan eg ikkje hugsa. Men far hadde eit lite lager av militærstøvlar på tørkeloftet. Han hadde i all hast fått det kjørt vekk frå eit depot under krigsutbrotet, for å få det vekk for tyskarane. Det kom til Børdalen med lastebil ein eller annan gong. Norvald Drageset meiner det var fetter Gunnar som hadde kome med sekkane. Dei vart mellombels lagra i gamlestova deira. Derifrå vart det flytta til tørkeloftet vårt. Og det var jo ”gefundenes fressen”. – her er då utstyr til eit heilt kompani, vart det sagt. – Det var vel ei overdriving, eg veit ikkje kva måte det vart sagt på eller korleis reaksjonane var. Men i alle fall fekk far i full fart i stand ei utdeling av støvlar til alle på Høysæter som ville ha. Resten vart gøymt ute i Smogaholene ein plass, ifall tyskarane kom att. Og det gjorde dei så visst. Men støvlane spurde dei ikkje meir etter. Dei leita etter andre ting.

Ein gong gjekk dei så grundig til verks at dei løyste opp alle rullane med stoffrestar som mor hadde på tørkeloftet. Fleire ønskjer. Det var nok ammunisjon dei leita etter då. Me hadde litt av ein rydde-jobb etter dei. Nokon tok det lettvindt, andre var svært så grundige. Ein gong vart skap og skuffer i buffeen i stova gått igjennom. Det kan ha vore fillerestrotarane. Ein gong beundra dei sabelen til far si uniform.

Dei fann heldigvis aldri noko. Men ein gong hadde far ei illegal avis i ei jakkelomme som hang på gangen. Det var nervepirrande, men det vart ikkje gått gjennom klede og lommer. Var det ammunisjon dei leita etter, rekna dei vel ikkje med at det låg i lommene.

Stort sett var det berre til oss dei kom. Men hos Janane hadde dei rota ein gong, mellom anna i klokkekassen. Det kan ha vore den gongen dei gjekk forbi oss. Det var snakk om at det hadde vore ein mann i Eikedalen som hadde vore lausmunna, og sagt at i det første kvite huset var det radio. Sidan huset vårt var skulehus, gjekk dei

til neste kvite hus.

Ein gong me hadde husundersøking sende mor og far oss jentene opp til bestefar med beskjed til onklane Nils og Johannes om at det var tyskarar hos oss. Me sprang opp ved Storesteinen og vegen over haugane, slik at ikkje tyskarane skulle sjå oss. Heseblesande kom me til bestefar og vekte opp onklane som sov middag. Dei fekk fart på seg, kva no det var dei skulle gøyma. Me lurde på om det var gevær eller illegal avis.

Me ungane visste eigentleg altfor mykje om det som var gøymt vekk av ulovlege ting. Far sin bajonett var gøymt bak Storesteinen. Den fann me no aldri igjen.

*Etter at Aud har skrive dette har det kome fram følgjande om bajonetten til far: Det var snakk om to bajonettar. Agnar fann dei då han var i 11-årsalderen. Han og Terje på Haugen leika bak Storesteinen, og kom over dei tilfeldig. Eine slira var då mykje rusta. Gutane bruka bajonettane til å leika med, dei øvde på å kasta dei på trestammer. Den eine bajonetten fekk Terje.*

*Agnar hadde den andre, og mor brukte den på kjøkkenet som kniv. Så fekk Bjørg bajonetten med seg til turkniv. Den hang på veggen i Bø i mange år etterpå. No er bajonetten komen attende til finnaren, og Agnar har den no på sin vegg. Og det var historia om bajonettane som kom fram att i dagens lys.*

Egil og Sigmund leita seg fram til radioen vår. Og eg har eit lite minne om at Bergliot visste om eit gevær i vårfloren deira. På Steintveit sat eg i stova og hørte Øksnevad si radiostemme frå lemman deira. Det synest eg var vågeleg, så mykje tyskarar det var på Reistad og der omkring. Eg har mange gongar tenkt på kva risiko me ungane kunne vore om me vart pressa.

Ein vinterkveld hugsar eg at me kvakk skikkeleg til. Brått vart alt utanfor huset opplyst av skarpt grønt lys. Då hadde tyskarane ein øvelse rundt skulehuset. Om dei kom inn i huset den gongen, hugsar eg ikkje. Men eg trur at far snakka med dei ute. På Engjalistølen – mellom Mørkhølen og Geithusa – hadde dei ei tid skyteøvelsar. Dei skaut med granatar, og Egil var og samla opp delar av dei. Mor lika det lite, ho var redd det kunne vera blindgjengarar og. Egil fortel at han hadde ei lita sam-

ling av endestykke i kjellaren.

*Atle Drageset har følgjande kommentar: Tyskarane hadde meldt frå om at det var 7 udetonerte granatar i området. Det vart leita etter dei, men om dei vart funne, er usikkert. Så heilt ufårleg var det nok ikkje å samla endestykke.*

Det var litt artige hendingar og. På eitt eller anna vis hadde far fått tak i, og kome heim med, ein heil haug med ugyldige tyske mark. Dei hadde me til å leika med. Egil hadde rigga seg til med leikebutikk rett utanfor grinda til skuleplassen. Der var ein av dei steinane me leika på. Så kom det tyske soldatar forbi. Den gongen var dei berre på tur, det hende det og. Men dei stussa over å finna gamle tyske mark i ei fjellgrend i Noreg, og gav seg i prat med smågutane. Egil kan ha vore 9-10 år, han hugsar at Agnar for og stabba på skuleplassen. Egil og Sigmund hadde laga seg til med bogar og piler med knappenålsspissar fastsurra i enden. Egil sto bak eine tyskaren og spente bogen på tull. Så gjekk pila av ved eit uhell, og traff tyskaren i baken. Det var ein liten spiss i ei tjukk uniform, så Egil trur ikkje at tyskaren kjende noko særleg. Men han hoppa til og klaska seg på pistolen. Truleg berre for å skræma dei litt, eller tøysa litt med ungane. Men skræmde vart dei. Dei stakk til skogs, og gjekk i dekning under fossen i Vetlelia. Der var dei til det mørkna. – Ja, den skal tidleg krøkjast... Komande bror major øvde.

Siste gongen me hadde tyske soldatar i huset trur eg var i 1944. På den tid skreiv eg dagbok, og no skriv eg av frå dagboka mi

”Torsdag 20. april.

Ja no vart det nokre dagar før eg skreiv att. Difor hugsar eg ikkje så mykje att heller. Måndag 17.april var me i skulen og tysdag 18. var me og i skulen. Mor skulle i begravelse etter gamle Svensdals-Anna onsdag, difor skulle me gå både måndag og tysdag. Ho var til Lavika med kåpa si som ho skulle sy til jakke. Ho skulle få passa neste tysdag. Så var ho til frisørdama B. Totland og skulle bestella time til permanent til seg sjølv. Men det var fullbestelt til over pinsa. Ja, Bjørg har endeleg fått lov til å ta perm. Ho har tota så mykje om det og att! Berit skal òg ta endå. Ho har nett klipt håret sitt så kort. Mor var nedover og tok mot far om kvelden. Ei lita tid etter at dei kom, kom Egil. Han hadde vore i Børdal. Han fortalde at ein bil med to tyske offiserar var

på veg oppover gamlevegen i Gjelet. Men oppfor brua vart han ståande, kom seg 'kje lenger der. Ei stund etter kom Nils i Svensdal. Han sa at det sat tyskarar i hjå Lassen i Børdal. Tyskarane hadde visst sendar med seg. Midt på natta vakna me av at mor kom inn og sa at tyskarane var ute. Dei var på utedøra vår og riste i ho og ville ha ho opp, men døra var låst. (Det var eit hell at eg gjekk opp og la meg og ikkje låg på kontoret som eg hadde gjort ei tid.)

Til slutt gjekk far ned og ut til dei. Dei ville i skulestova og sova. Så laut dei få gjera det. Dei sa dei skulle gå til morgonen for far sa at det skulle vera skule dagen etter.

Onsdagsmorgonen den 19. då eg reis opp var dei ikkje gått. Dei for 'kje før etter at mor og far var gått til Svensdal og då var kl. snart halv 11. I halv eitt tida for gravferdsfolka forbi her. Det var onkel Johannes som hadde hest med og køyrde kista. Mor var inn etter taskene sine. Ho skulle opp til Steintveit om kvelden og ikkje koma att før torsdagskvelden. (I kveld). Me var så redde for at tyskarane skulle koma opp-att då når me var åleine, men til all lukka kom dei 'kje. Om kvelden hadde me saupegraut, nam-nam, og så lærde Borghild oss ein ny "leik". Eg var etter mjølk, og då leika eg med Sverre heilt til Agnes og Nils'n kom. Sverre kan klappa søte og spela munn, gjera lang nase og plystra. Når han plystrar så ser han så skøyaraktig ut at!

I dag torsdag den 20. regnar det.

I dag tenkjer eg det minkar på snøen. I går minka det fælt og. No skal eg og Agnar nedover til møtes med mor. Agnar har skreke om det no i 3 timar."

Så seier dagboka. Det er litt av kvardagane våre på den tida. Det som har slege meg når eg les dagboka, er kor mykje me gjekk til møtes med kvarandre. Både store og små. Og det synes eg har vore ein fin skikk. Elles har eg ikkje skrive mykje om skrekken me fekk når tyskarane dundra på døra midt på natta. Men eg hugsar det godt endå. Me var ikkje ukjende med at mange var blitt arresterte på den måten. Og offiserane var i faresona.

Saman med far skulle eg ein gong ta Blåbussen til besøk i Sandalen. Det kan ha vore i 1943. Då bussen kom, kom sjåføren Håkon Skutlaberg ut og ba far vera med bak bussen. Han skulle gje far beskjed om at no var dei byrja arrestera offiserane i Kvam. Eg vart sjuk i magen med ein

gong far fortalde det. Men me reiste som planlagt. Eg skulle vera i Sandalen ei stund, men far skulle berre ein kort tur. Han reiste snart heim att. Og dei dagane eg var att i Sandalen gjekk eg heile tida i ank for far. Det var ikkje telefon på Høysæter, og uvisse om far vart arrestert då han kom heim att, den gnog hardt. Men det gjekk bra den gongen og. Far var framleis heime.

I 1942 spissa det seg til mellom skulen og styresmaktene. Lærarane nekta å melda seg inn i Norges Lærersamband. Gjennom dette sambandet og NS“ Ungdomsfylking skulle lærarar og elevar påverkast til ”rett lei”, det vil seia til nazismen. Lærarane – dei aller fleste – nekta å bruka NS-propaganda i skulen og å medverka til deltaking i ungdomsfylkinga.

*Kommentar frå Aud etter at artikkelen var skriven: Listene over dei som skulle arresterast skulle ha med ”de verste motstanderne” mellom lektorar og lærarar. I Samnanger vart to lærarar kalla inn til forhøyr og arresterte. Far til Randi (Tveit Haugland red. mrk), og far sitt syskenbarn; Ingjald Tveit var ein av dei. Den andre var Tomas Isene. Desse to vart sende til Solheim skole i Bergen. (Randi Tveit Haugland har lese det Aud har skrive og har følgjande kommentar: Ein dag vart far hennar og Tomas Isene henta inn frå luftegarden. Dei norske vaktene meinte det kunne tyda på at dei skulle ha sikring. Det ville seia at dei kom på eineceller, og faren hadde då tenkt at han kanskje hadde vore for stor i munnen under forhøyret. Dei var heldige og vart sette fri. Knut Tveit (gamle-klokkaren) hadde søkt om fritak for sonen. Han grunna det med at kona hans var sjuk, og dei hadde små born. Dessutan dreiv Ingjald Tveit gardsbruk ved sida av læraryrket, og var åleine om arbeidet på garden. Dette med garden var noko tyskarane la vekt på. Tomas Isene vart sett fri på grunn av at han var formann i forsyningsnemnda. Eit par dagar etter at dei fekk reisa heim, vart dei arresterte lærarane sende til Kirkenes).*

Eg hugsar det kom mykje propagandamateriell til skulen. Mellom anna mange bøker som såg freistande ut. Fine fargar og fint utstyrt. Det kom aldri i skulestova. Noko hamna i leikekassane våre, synes eg å hugsar. Og noko på bål.

Så kom arrestasjonane av 1100 lærarar i mars 1942. Lensmenn som nekta å arrestera lærarane vart avsette. Men det var først menn som



vart tekne, dei vart sende på straffearbeid i Kirkenes. Sjølv sagt var me urolege og redde for mor i samband med dette. Men me vona og trøysta oss med at ho var kvinne, og så hadde ho eit lite barn på berre få månader.

Om skulen og okkupasjonstida seier bygdesoga det slik: "Arbeidet i skulestovene gjekk sin jamne gong på trass av tysk press." (Nils Lauvskard: Samnanger II ( red. mrk)).

Og mor fekk halda fram si gjerning med å gje ei kristen oppseding og skapa gagns menneske. Ho gjorde i alle fall sitt for at me skulle bli det. Me lærde, song salmer, ba morgonbøn og las Fadervår på omgong. Eg trur me lærde alt som fanst av fedrelands-songar, og song nok den ulovlege kongesongen og.

Å feira 17.mai var sjølv sagt "verboden". Norske flagg var som nemnt straffbart å bruka. Men Egil hugsar at me feira 17.mai i skulen. Skuleborna samlast ved Tjødnalet, og gjekk så i prosesjon ut til Stemma. Fleire vaksne var og med på feiringa. Flagg var det og med. Både i prosesjonen og på samlingsplassen på flatmarka bak den nove-rande hytta til Øye. Der var det hengt opp eit stort norsk flagg i eit tre, det var truleg vårt flagg. Me hadde lenge flagg utan flaggstong. Og så song store og små "Ja, vi elsker", drakk saft og åt kanskje nistematen. Denne flaten låg litt vekke frå vegen, litt bortgøymt. Samstundes kunne festlyden fylgja med kven som kom opp Gjelet.

Ungdomsfylkinga har vore nemnt. I 1940 vart det innført arbeidsteneste, AT. Den var friviljug i byrjinga, men i 1941 vart det plikt for menn i 20-årsalderen. Denne tenesta vart gradvis nazifisert, og befalet skulle bruka nazi-helsing. Etter kvart vart det sett på som unasjonalt å vera med i AT. Ein vart redd for at det kunne brukast til tvangsutskrivning til krigsteneste.

I mars 1944 sende leinga i heimefronten ut parole om boikott av AT. Den var effektiv både på grunn av sabotasje mot registreringskontora, og fordi ungdomane gjekk i dekning. Kåre var i den utsette alderen. Han gjekk på Voss Landsgymnas, og hadde eitt år att på skulen. Som-maren 1944 låg han og ein kamerat, Ole Hopland, i dekning på Høysæter. Eg trur dei ei tid og låg på Kvandalen, men der er eg usikker. I alle fall gjekk me stadig på vakt. Eg hugsar det kom bil opp den som-maren, og det var den første bilen på Høysæter. Vegen var ikkje skikke-

leg ferdig, og bilen kom ikkje lenger enn rett inn for Stemma. Det var berre tyskarane som hittil hadde prøvekjørt Gjelet, så me frykta det var dei då og. Bjørg og eg var på spionasjetur i haugane ovanfor. Me smaug oss fram gjennom lyng og kratt med hjarta i halsen. Stor var letta då mennene i bilen snakka norsk, og etter kvart drog me kjennskap på den eine. Han hadde vore på Høysæter før, utan bilen med nr. 1001. Så me slapp springa vidare med fåremelding den gongen.

Kåre reiste tilbake til Voss då skulen byrja. Men derifrå vart det ordna med reise til Sverige ikkje så lenge etter. Me fekk eit brev postlagt på Magnor med helsing frå Engel. Det var ein noko innpakka beskjed om at han var komen over til Sverige, og at alt sto bra til. Seinare meiner eg me fekk ei melding om at han var komen over til England. Det var ei melding gjennom løynde kanalar. Då krigen var slutt, fekk me helsing gjennom radioen at alt var bra med han. Sommaren 1945 kom han heim att, til stor glede. Om hausten fekk han ta siste gymnasåret i



*Aud og Kåre med studenhuene på.*



ein ekstraklasse for dei som måtte bryta av. Det var på Tanks i Bergen.

Julafta 1944 var første jula me ikkje var samla alle. Me var og usikre på kvar Kåre var, og korleis han hadde det. Det var ikkje den rette julestemninga, me prøvde no likevel så godt me kunne å halda humøret oppe. Men då me sat rundt bordet til julemiddagen og skulle syngja "Eg er så glad kvar julekveld", greidde ikkje Bjørg det lenger. Ho byrja gråta. Og så gret me visst litt nokon kvar. Eg trur faktisk det letta litt på trykket.

1.mars 1944 var far 50 år. Men då låg han på sjukehus for magesår. I dagboka mi står fylgjande datert 7.mars:

"Hev vore til Mørkhøl, eg og Egil, me venta far. Arthur sa at han kom i kveld eller i morgon kveld. Dei har vel ikkje plass lenger no då, han har berre lege 2 vekor og han skulle vore 4 vekor. Hardangerbilen var komen då me kom ned, men far var ikkje med. Borga-Marta og Atle sa at Tyssebilen skulle til Eikedal og då ville me venta og sjå om han kom med den. Men det vart så kaldt at me måtte gå heim att før han kom. Annemor og Borghild S. kom ei tid etter me kom (heim). Dei kom med Tyssebilen og då var kl. halv 11."

Onsdag 8.mars har eg skrive at far kom heim. "....fordi at dei fekk ikkje liggja lenger enn 14 dagar for magesår no."

"Laurdag 11.mars

I kveld skal me ha selskap. Far sin 50-årsdag som no skal feirast. 10 dagar etter. Me skal ha fisk, poteter og gulrøt. Så rømmegraut og brus og brennevin og til slutt ein gong i natt kaffi og kjeks og heimebaka gode tebrød. Vafler og ferske skiver. Du verda. Eg gled meg til å byrja å eta. Det er berre 1 1/2 time til dei skal koma no. Dei er bedne til kl. 8.

Sundag 12.mars

Åh, eg vart så svevnug i dag att! Endå me var no ikkje oppe meir enn til kl. var halv 1. Dei var så svevnuge gjestane og. Men du kor god mat me hadde. Eg åt mykje meir enn eg hadde godt av. Bjørg kasta opp i dag tidleg ho."

Desse utdraga viser at det vart skore ned på sjukehusopphald den gongen og. Men mest av alt viser det skilnaden på festmenyane då og no. Det fortel og at det var mageproblem for borna og. Me var ikkje vane med å eta oss stapp-mette. For det første var det lite mat, og for det andre var det mykje dårleg mat som me streva for å få i oss. No kan

det henda at me hadde fisk fordi far var på diett, men det var ikkje det store utvalet heller. Far fekk kort på kveitemjøl p.g.a. magesåret, Bjørg hadde og kveitekort ei stund. Mjølrasjonane var på 200 g. pr. person pr. dag. Krisemjølet me fekk som bakemjøl var grovt, tilsett kritt og lite brukande. Me blanda poteter i brød og vafler. Og så var det fiskemjølet då! Det tenkjer eg på med gru, det smaka fisk av brødet. Ein gong var det åmer i fiskemjølet. Me kunne ikkje kasta det, så me sat å plukka dei vekk for så å bruka mjølet. Det var ikkje anna råd! Solsilda tenkjer eg på med gru. Me hadde spekesild som var god, men me blei lei av det. Så hadde me nok aure. Og poteter hadde me rikeleg. Me hadde potetåkrar hos bestefar. Kålrabi hadde me mykje av. Me brukte ofte steikte kålrabiskiver til kveldsmat. Det var svært godt. Me svalt ikkje, og me åt oss stort sett mett om noko smaka dårleg. Det var berre nons-måltidet som vart rasjonert ut.

Mor var oppfinnsam når det gjaldt krisematen og. Men det må ha slite på dei som stod for matlaging. Smør blei det etter kvart verre med. Me fekk no litt her og litt der hos slekta. Mjølkk fekk me som vanleg, og mor skumma fløyten av mjølka og samla til smør. Me rista på fløytespannet til me fekk smør av det. Det vart av og til kokt rømmegraut og, av oppsamla fløyte og rømme.

Det var ikkje så lett å få smør på gardane. Det vart etter kvart bytemiddel. Bytehandel og svartebørs blomstra. Smørsbrua i Gjelet har fått namnet sitt etter smørbyte mot jarn. Me hadde ikkje gard, så me hadde lite til å byta med. Eg synes eg hugsar at far brukte brennevinsmerke til eit eller anna byte. Tobakksmerke hadde han nok ikkje til overs. Men dyrking av tobakksplanter vart snart vanleg. Dei hang til tork på tørkeloftet, og over omnen. Men det lukta noko heise ille. Egil fortel at far hjelpste han til å dyrka tobakk. Han kunne tena nokre kroner på å selja blada. Og Egil stelte plantene, dei blei store og fine, og han såg for seg stor fortjeneste. Då dei vel var turka og snart kunne seljast, var krigen slutt. Så han var litt seint ute med handelsvara si.

Ein gong var Bjørg og eg til fjells med far for å plukka grisemose. Det var mykje av mosen rundt Rukjen (på vegen til Kvanndalen), og me plukka fleire fulle sekkar. Eg trur det med kalla grisamose eigentleg heiter filltav. Då mosen tørka og blei malen, var det ikkje rare greiene att. Mor brukte mosemjølet til vafler, og smaken var god. Men det blei

med den eine turen.

Klede var det etter kvart store problem med å skaffa, så det vart mykje omsying av gamalt. Ingen ting kunne kastast, det kunne kanskje bli bruk for det. Det blei mote med skjørt i fleire breidder og ulikt stoff. Og eg fekk m.a. ei bukse etter Kåre omsydd til skjørt. Skotøy var ikkje mindre problem. Me brukte mykje tresko, men det var lite populært. Bestefar på Steintveit laga gode tresko, lette å ha på foten og utan å gje gnagsår. Men han døydd i 1940, så det vart ikkje fleire bestefarssko, når me vaks ut av dei me hadde. Så hadde me militærstøvlar frå det bortgøymde lageret, så lenge det varde. Me fekk fine sko av fiske-skinns med tresålar under. Dei varde ikkje lenge, synest eg å hugsa.

Mor fekk seg rokk, og det blei karda og spunne. Strikka gjorde me jentene og, sokkar og labbar og gensarar. Bjørg likte godt å sy, men det blei snart vanskar med sytråd og. Alt var mangelvare. Alt var rasjonert. Men det var slett ikkje alltid rasjonane var å få i forretningane. Sjølv om me hadde berre gardsbruk rundt oss, var det ikkje så enkelt å få kjøt. Bøndene skulle gje opp krøtertalet, og fekk berre ein liten kvote til eige bruk. Det var tvangslevering frå hausten 1942. Og kontrollørar gjekk rundt på gardane og såg etter at alle dyr var gjevne opp. Men desse kontrollørane var ikkje alltid like strenge, det hende dei såg mellom fingrane med – eller ikkje såg – litt lureri. Dei fleste bøndene prøvde så godt dei kunne å gøyma unna eller ha ”tap” av sauer på sommarbeite. Me hadde ein sau hos bestefar, eg meiner me fekk alt kjøtet av den. Om det gjekk av kjøtrasjonen, veit ikkje. Men eg trur det var utanom.

Det vart litt moro med ein gardbrukar som hadde ale opp ein gris, utan at den var registrert. Men å slakta gris plar ikkje vera lydløst. Grisen skreik så det høyrdest over heile Høysæter. Heilt hemmeleg vart det nok ikkje, men det var ikkje sladderhankar på gardane.

Me prøvde oss med kaninhald, med vekslande hell. Eit kull kom seg ut or buret og vart søkk borte. Me rekna med at dei blei mat for hønsehauken som stadig var på jakt. Men så fekk me ein grå og ein svart kanin som me vart så glade i. Særleg den gråe. Han vart heilt tam, og hoppa i hælane på oss når me skulle gå etter mjølk, så me måtte jaga den heim att. Men då hoppa han fint heim til huset att. Han fylgde etter oss opp trappa og inn i stove og kjøkken. Om nettene sov han i ein

kasse med høy i vedakjellaren. Det vart eit koseleg kjæledyr. Og spør om me grua oss til at han skulle slaktast... Men ingen veg utanom. Då den kaninsteika kom på middagsbordet, greidde ikkje me ungane eta. Bjørg tok til tårene, og me gjekk frå bordet. Det var slik ein makelaus kanin...

Likevel var det lite mot det at me måtte ta livet av Laila (hunden vår). Det vart etter kvart større problem med mat. Og Egil meiner ho hadde hofte-problem. I alle fall hoppa ho ikkje lenger, han måtte hjelpa henne opp på steinar der ho før lett hoppa. Det kunne nok vera aldersproblem. Kåre fekk den tunge jobben med å gå med Laila til Svensdalen, der ho vart skoten. Geværa vart av og til henta fram frå gøymsla. Bjørg og eg gjekk heimanfrå før Kåre for med hunden. Me orka ikkje sjå Laila ta ut på sin siste tur. Sorga varde i lange tider. Endå gjer det vondt å tenkja på at Laila måtte drepast. Kanskje var det mest vondt for Egil. Han og Laila leika mykje saman. Og Laila passa vel på Egil. Ville ein av oss gje Egil ein dask, fauk Laila på oss. Me hadde litt moro med å slå etter han på tull. Laila var på pletten, hoppa på oss og ville ha oss vekk.

Egil leika ikkje berre med Laila. Han hadde litt av kvart for seg. Far hadde ståande ein kasse med øvingsammunisjon på kattalemmen. Den hadde ikkje tyskarane funne, men det gjorde Egil. Det var patroner til Krag-Jørgensen, med treproppar som kule. Treproppane vart fjerna, og fram kom krutet. Egil strødde det ut i lange remser, og tende på i eine enden. Så freste det bortover. Eg hugsar det så vidt, og Egil meiner far visste om det og gav oppskrifta. Så det var visst under kontroll...

Når me skulle handla, måtte me til Tysse. Det var ca 1 mil frå oss. Me kunne ta buss frå Mørkhølen, men det var eit stort problem å koma med. Ofte måtte me gå heim att. Så me gjekk ofte ned Svensdalsbrekka til Langeland, over Ilaget til Tysse, og vona på å koma med bussen oppover att. Det var eit lotteri. Ofte måtte me venta lenge på bussen, og det var nesten alltid forseinkingar. Dei kjørde på knott, det gjekk seint, og det var få bussar. Knott var vedstykke som vart fyrst på, og rett som det var måtte sjåføren ut og fylla på ny knott i generatoren.

Bensin var ikkje å få.

Fekk me ikkje plass på by-bussen, og Tyssebilen ikkje køyrde, måtte me berre ta beina fatt og gå heim att og. Då var det gjerne byrja li langt på kveld. Det hende me ikkje var heime før i elleve-tolvtida om kvelden. Ja, det var mange gonger eit slit, med tunge ryggsekker dersom me hadde fått alle rasjoneringane våre. Alle erstatningsvarene: kaffierstatning, krise-smør, elendig mjøl, B-såpe som var sandpapir. Men likevel ville me gjerne til Tysse, me var fleire gonger i veka. Det var og viktig å følgja med om det var komne sjeldne varer i forretningane. Varemangelen var stor.

Tyskarane hadde hestestallane sine eit stykke opp for Tyssebrua. Stallane låg på begge sider inntil vegen. Me likte ikkje så godt å gå forbi dei, så kloss innpå tyske hestar og soldatar. Men me var aldri ute for noko ubehageleg. Egil fortel at ein gong han gjekk oppover saman med mor, var det ein tyskar som blotta seg. Mor såg vekk og raska på, Egil sperra opp augo og sakka på farten... Dette fortalde ingen av dei til oss jentene. Kanskje var det like bra.

Bjørge og eg gløymer ikkje ein av desse heimturane frå Tysse. Me hadde vore med Egil til legen. Det har nok vore hausten 1941. Då byrja Egil på skulen, og han skulle på legesjekk. Guri var med Bergljot. Ingen av oss fekk plass på rutebussen, og måtte byrja gå den lange vegen heim. Seint var det, mørkt og kaldt, me var glade for at me hadde ein vaksen med oss. Egil var då 7 år, Bjørge 10 1/2 og eg 12 år. Då me kom opp til Ulland, fekk Guri og Bergljot sitja på i førarhuset på ein lastebil. Me følte oss temmeleg fortapte då. Og ikkje reint lite forarga. Me syntest at Egil kunne fått Guri sin plass. Dei hadde kunna gått åleine frå Mørkhølen, Egil og Bergljot. Ja, me gjekk og me gjekk, aldri kan eg hugsas at vegen var så lang som den gongen. I Børdalen var me inne til Kristi Drageset og fekk vatn. Me var stuptrøytte. Bjørge meiner at Kristi då fortalde oss at mor var komen heim med Agnar. Og då skunda me oss slik opp Gjelet at me mest måtte dra Egil etter oss. At dette var på dei tider då mor enten var nær fødselen eller nær etter, kan forklara kvifor ho ikkje sjølv fylgde Egil til legen. Så det er mykje mogeleg at Bjørge hugsar rett her. Egil og eg er blanke, Egil etter Ull-

and, og eg etter Børdalen.

Ein mørk kveld kom far heim og skulle snakka med mor. Det var noko me ikkje skulle høyra og vita. Me fekk no greie på det likevel. Far hadde høyrt noko inne i vognhuset, det viste seg å vera to russiske fangar på røming. Dei hadde gøymt seg der inne, og ville vita vegen austover. Dette var veldig hysj-hysj, så me fekk sikkert ikkje vita alt. Me lurte på om dei fekk noko mat.

*I ettertid har Aud skrive denne merknaden til hendinga: Eg hugsar at me lytta til at far nemnde Bent Drageset. Kjøkkendøra var ikkje heilt lydtett. Så eg kontakta Atle (Drageset red mrk.) for å høyra om han kunne fortelja noko om rømlingane. "Javisst!", sa Atle. "Dei var hos oss, dei." To unge gutar var det. Språkvanskar gjorde at det var problem med å snakka med dei, så det vart teiknspråk. Det var eit skikkeleg ruskever den kvelden, med regn og vind. Og gutane var gjennomvåte, hugsar Atle. Så dei fekk tørka klærne sine, og fekk mat og drikke. Dei fekk og store matpakkar med seg, sjølv om det var matmangel hos dei fleste i 1944. men han kan ikkje hugsar om far var innom dei.*

*Det var i alle fall snakk om mat på kjøkkenet vårt. Og nyleg fortalde syskenbarn Klara i Svendsdal, at broren Nils hadde vore saman med far då dei kom frå Tysse seinkveldes og kom over flyktningane i Vognhuset. Ho meinte og at broren hadde gått ut att med mat. Etter som Bent'n sitt namn var nemnt av far, tyder det på at det var dei same russarane. Desse to skal ha blitt tekne i Ålvik, etter det Klara hadde høyrt.*

*Mellom Svendsalsgardane og Svendsalsbrekka låg det ei utløe, Sandbrekkeutløa. Vegen vidare til Langeland og Tveit gjekk forbi denne utløa. Der kom onkel Knut i Svendsdal over to russarar. Han hadde vore ute og henta ein sau i marka då han såg folk i utløa. Dei kvakk til, alle tre, og rømlingane spurde han "russisk kamerat?". Han nikka ja til det. Dei viste og fram merka dei bar om halsen, og Klara meiner dei hadde eit slag kart dei gjekk etter. Onkel Knut gjekk heim og gav beskjed til Stin'n, og frå begge gardane vart det laga mat til russarane. Klara trur dei var i utløa nokre dagar. Fetter Ludvig råka på dei på veg frå Svendsalen. Dei gøymde seg bak ein steinmur då dei såg han, og det siste dei såg av dei var at dei gjekk over Skarva. Dette må ha vore om hausten, og det kan ha vore dei same rømlingane som var i*

*Børdalen. Men slikt snakka ein lite om då, det måtte haldast løynleg.*

*Det gjekk mange historier om russiske fangar som vart skotne i området ved Tveit. Me var aldri sikre på kva som var sant, og kva som verkeleg hadde hendt. Randi (Tveit Haugland, søster til Solveig Tveit Nygård, red. merk.) kom tett inn på denne hendinga, og no er det ho som fortel vidare:*

## OM TO RUSSISKE FANGAR SOM RØMDE – TRULEG FRÅ ESPELAND LEIR

Det måtte vera vinterstid 1942 eller -43. I huset til Sigurd Tveterås – Totræ – var det eldste dottera Berta som stelte for søskena sine. Mora var død.

Ein dag kom to ustelte menn inn i huset. Dei gjorde teikn til at dei ville ha mat, og dei såg på sokkar som hang til tørk over omnen. Berta og ungane vart skræmde og ville ikkje gje dei noko. Då tok dei seg til rette med både litt mat og sokkar.

Sverre, som var ein gut i 12-årsalderendå, meiner at dei kom på ski. Dei for nedover bakken til utløa som var full av tørrrhøy på den tida. Utløa var Ingjald og Vincent Tveit si, som dei delte. Her la russarane seg til.

Berta var framleis uroleg og utrygg, ho meinte det var best å melda i frå til politiet. Otto, som då var i 14-15-årsalderen, vart send heim til Tveit der det var telefon. Han melde om rømlingane til politien, som me trur heitte Moe. Moe var kjent med Vincent og ba han visa seg utløa. Dei fann russarane der og prøvde å gje seg til kjenne som ”venner”. Men dei ba dei om å ikkje verta verande der, men fara vidare.

Vel attende på Tysse fekk nok Moe ”kalde føter”, og vart redd for at dette vart kjend. Han kom i alle høve attende til utløa saman med tyskarar. Tyskarane skaut inn i løa, og russarane var der enno. Ein kom ut med armene over hovudet, den andre låg død der inne i høyet.

Tyskarane grov ei lita grøft attmed løa og la den døde der, ikkje skikkeleg gøymd. Den andre sette dei bak på ein motorsykkel og for med han. Det er mykje truleg at han også vart teken av dage, - ein fange sitt

liv var ikkje mykje verd for dei.

Dei tre gardbrukarane Vincent og Ingjald Tveit og Johannes Lange-land – Guleiksjoansen – gjekk saman om å få russaren skikkeleg begravd. Dei snekra saman ei kiste, og mor fann noko klede til å ha i kista. Så for dei med hest og slede innover mot løa på Træ. Kven som var med i dette følget, hugsar me ikkje heilt, men far og mor og to av søstrene mine var med. Vincent og ein av karane hos Guleikane var der, men sikkert fleire og.

Solveig hugsar at borna måtte stogga bortanfor løa og stå der medan dei vaksne ordna med den døde og fekk han i kista. Dei fekk laga ei grav på Olstramyra på slåtta til Vincent. Far og følget las og song over grava.

I lomma til russaren fann dei ei notisbok, og han hadde eit soldatmerke på seg. Dette tok far vare på til etter krigen. Då leverte han det frå seg - kanskje til lensmann eller like til den russiske ambassaden? Eg hugsar dei vona på at dette måtte koma fram til Russland og den avdøde sin familie. Eit kart fann dei og.

*Så er det Aud som har følgjande kommentar etter Randi si forteljing:*

Så langt Randi si forteljing med fakta frå denne hendinga.

Det er ei trist forteljing om ulukkelege lagnader, og viser noko av den redsel og brutalitet som følgjer med krig. Det må ha vore store påkjenningar for dei som fekk dette inn på livet. Det er og ei gripande forteljing om medmenneskeleg varme og stor respekt for den døde soldaten. Han fekk trass alt ei verdig gravferd med bøn og song.

Rømlingane det er fortalt om her hadde ikkje hellet med seg, og sikkert fleire med dei enn det me veit om. Men det var russiske fangar som vart haldne i skjul til krigen var slutt, og såleis berga livet.

Grunnen til at eg har skrive dette tillegget, er først og fremst at det har vore så mykje uklårt og så mange gjetningar når det galdt desse rømlingane. No er i alle høve ein god del av brikkene på plass, og mange spørsmål har fått sine svar.

Sommaren 1944 gjekk eg for presten, og skulle konfirmerast 1.oktober. Alt i mars byrja jakta på konfirmasjonsklede. Det var ikkje stoff å oppdriva i forretningane. Men far kjende ein mann som arbeidde på Voss, eg trur det var i ein ullvarebedrift, og han skaffa kåpetøy. Kvar



kjoletøyet vart funne, hugsar eg ikkje. Det vart ikkje side kvite kjolar på konfirmantane, bortsett frå ei. Mor sydde ein fin kort kjole til meg av eit mørkeblått taftliknande stoff. Ho trekte ut trådar til mønster i bærestykket, det blei veldig fint. For å få undertøy måtte eg til forsyningsnemnda og søkja skriftleg om tilvising på m.a. underkjole og hoftehaldar.

Me hadde eit lite selskap heime. Kven som var bedne og kva mor hadde fått til av selskapsmat, kan eg ikkje hugsa. Varemangelen var berre blitt verre og verre. Men mor var utruleg flink til å finna utvegar. Me hadde pliktår heime i huset første året etter endt skulegang. Kåre hadde hatt sitt år, eg hadde mitt. Då greidde mor seg utan hushjelp. Middagskokinga vart stort sett å koka poteter og ta opp spekesild. Då eg fylte 15 år, måtte eg ha pass. Eg var i Norheimsund og tok passfoto. Det var eit tufsete foto, men eg var mektig stolt over passet, for der hadde eg "hushjelp" som yrke!

Det byrja bli snakk om at det gjekk dårleg for den tyske krigsmakta. Det var eit lyspunkt i ei stadig vanskeligare tid. Men korleis avslutninga ville bli i Noreg, var uvisst. Det var langt frå sikkert at dei tyske styrkane i Noreg ville leggja ned våpna godvillig. Då tyskarane trekte seg attende frå Finnmark etter at russiske styrkar hadde gått inn i Varanger, brukte dei "Den brente jords taktikk". Nord-Troms og Finnmark låg for ein stor del i ruinar.

## *Fred*

7.mai 1945 om kvelden var eg med mor nedover i Gjelet for å ta i mot far. Eg går ut frå at i alle fall Agnar og var med. Me traff far i siste brattebakken ned mot Børdalen. Og der tok me i mot den fantastisk glade bodskap: NO VAR DET SLUTT PÅ KRIGEN!! Tyskland hadde kapitulert! Våpna var lagt ned!

Der er noko eg endå ser for meg. Me stogga opp og far fortalde. Me våga mest ikkje å tru at det var sant. Endeleg! Endeleg!

Då me kom heim, var far i buffet-skapet og henta fram konjakkflaska. Den var gøymt på til freds-skål. Mor og far skålte med kvar sin konjakk i drammeglas. Og Bjørg og eg fekk kvar sitt lite drammeglas av mor sin grønne curacao! Utruleg! Alt var utruleg! Slutt på krigstilstan-

den! Fred! Endeleg FRED!

8. mai skulle konfirmanthuset mitt på fest hos presten, Knut Gjesdal, på Tysse. Det var ein strålende vakker vårdag, med sol og varme. Gunnlaug og eg sykla nedover saman. Me traff folk som kom syklende med radioen på bagasjebrettet. Og me såg flagga koma opp rundt i bygda. Etter 5 år bortgøymde og forbodne, vaia Noreg sine fargar på flaggstengene. Raudt, kvitt og blått! For eit vedunderleg syn! For ei kjensle...

På Tysse fekk me beskjed om at prestefesten var avlyst, me skulle no møta til gudsteneste i kyrkja. Så me sykla vidare til Ådland. Sjeldan og aldri har me vel trødd syklane så lett som den dagen. Det var høgtid! Det var fest! Det var fred! Me kunne synga "Gud signe vårt dyre fedreland" høgt og fritt! Ein dag ingen av oss gløymer.

Og okkupantane var stort sett letta og glade dei og. Våpna vart fredelig lagde ned. Mange soldatar gav og uttrykk for glede. Men det hadde kosta. Noko alle krigskyrkjegardane rundt om i verda, mellom anna, er triste vitne om. Den allierte invasjonen i Normandie 6.juni 1944 var avgjerande for vendepunktet i verdskrigen. Saman med Kåre, Bjørg, Leif og Walter var eg i Normandie i 1995. Berre på den amerikanske kyrkjegarden på Omaha-stranda står ufattelege 9000 marmorkors og minner om unge menn som betalte prisen. Det er sterke inntrykk. Og berre ein liten del av det som vart ofra for freden... Tal seier lite. 9000 kvite kors gjorde tala synlege der.

Me hadde og ein frigjeringsfest i skulehuset på Høysæter. Det var sett opp bord og benker i skulestova, og alle i skulekrinsen tok del. Det vart servert rømmegraut, det var nok eit spleiselag. Det eg hugsar best frå den festen var problemet med å finna nok tallerkar og skeier til alle. Me hadde mykje moro med ein som måtte prøva å eta graut med ei fløyteskei. Det gjekk no på ein måte, det og. Men han sleikte visst i seg det meste. Egil hugsar at det sto eit glas halvfullt med rømmegrautfeitt på kjøkenbordet vårt. Birger i Svendsdalen spurde mor om han kunne få det, og det fekk han. Og så drakk han alt feittet! Det imponerte Egil slik at det er hans minne frå festen. Stemning var det i alle fall.

Radioane kom inn att i stovene. Etter ei tid kom det melding frå Kåre i radiosending frå London, at alt sto bra til med han. Snart skulle han koma heim. Far var tilbake i det miliære om sommaren, og heile fami-

lien fekk bu hos tante Anna i Sandalen. Der var mykje hjarterom, og me stortrivdes i Sandalen, der var det alltid kjekt å vera. Freds-sommaren var ein glad sommar. I staden for marsjerande grønkledde kom no engelske Red Devils. Trass i namnet var det trivelege, blide soldatar. Det hende dei kom til tante Anna og ville kjøpa egg. Me prøvde å forstå kva dei sa, det var ikkje engelsk språkopplæring i folkeskulen i dei dagar. Men det kom eit skår i gleda. Mor fekk sitt første hjarteanfall den sommaren. Diagnose angina pectoris. Det gav oss alle ei ny stor bekymring. Kanskje alle påkjenningane og slitet i krigsåra hadde blitt for mykje for henne.

Etter ei tid i Sandalen, flytta me inn i ei tysk offisersbarakke i Roald Amundsensvei på Minde. Den låg i krysset til Nansensvei, og der budde onkel Lasse og tante Johanna. Det var ein uvanleg bustad, eit stort slåk med eit husvære i kvar ende. Ein svær sal i midten og mange dusjar på rad og rekkje. Same lukta hang i veggane der som i skulestova etter tyskarane sine besøk. Opp gjennom åra har eg hatt mange vonde draumar frå denne barakka. Eg er panikkarta redd, og spring frå dør til dør for å låsa før eitt eller anna skræmeleg kjem inn. Og så er det utruleg mange dørar å låsa.

Der budde me alle ei tid. Kåre og Arne Mugås i den eine enden. Då skulen byrja, reiste mor med Bjørg, Egil og Agnar opp att til Høy-sæter. Egil hadde forresten nytta tida på Minde til å reisa rundt i Bergen med trikken. Det var ikkje så langt bort til Inndalstrikken, så 10-åringen tok ut på eiga hand.

Bjørg gjekk for presten i Samnanger den sommaren, og reiste litt fram og tilbake. Ho vart konfirmert om hausten, og det ordna seg med kvit sid kjole. Eg byrja på Den Norske Realskulen Med Gymnas, og Kåre og Arne Mugås på Tanks – i ekstraklasse for dei som måtte bryta av under krigen. Seinare kom Bjørg til Bergen og, i frisørlære. Far var i militærtjeneste på kontor i Handelens og Sjøfartens hus i Olav Kyrresgate. Der var det strengt vakthald, og det var litt spanande å besøkje han der. Der fekk eg endeleg bruka det lite fine passet mitt. Me gjorde oss ærend til far med vafler.

Far bytta barakka med Bergens mekaniske sitt husvære på Møhlenpris. Dei ville ha hyblar til læregutane sine, og me fekk eit åtteroms husvære att. Det var i meste laget for oss, så far var så snill og delte

med ein løytnant han kjende. Det var sånn passeleg kjekt, men det varde ikkje så lenge før den familien flytta heim att. Guri var blitt enkje, og ho og Bergljot fekk eitt rom, og eine kjøken-anretningen saman med oss. Me budde der med far så lenge han var i teneste i Bergen. Etter ei tid fekk han kapteins grad. Kontoret vart flytta til Bergenhus. Kåre, Bjørg og eg vart buande i Bjerregårdsgata.

Med 1945 byrja eit nytt kapittel i familiesoga. Me var ikkje så ofte samla alle lenger. Men samhaldet i familien var alltid sterkt. Og mor og far fylgde opp både born og borneborn så godt dei kunne så lenge dei kunne.

Trass alt var dei fem magre åra lærerike år, ei lekse om nøysemd og samhald, og verdien i fridom.

Ynskje og ord frå far og mor:

Far: "Tru godt, så går det godt."

Mor: "Får de det så godt som eg ynskjer, då får de det godt."



*Aud si teikning av foreldra.*



## Klokkargarden i Samnanger

*Av Knut Tveit*

Inst i Samnangerfjorden, innafor Notaholmen mellom Reistadelva og Ådland, ligg Skottabakken. Namnet tyder på at skottane kom hit en gong i fortida. Dei var sikkert ute etter skipstømmer. Eik var eit ettertrakta materiale til skip, og mykje tyder på at i området rundt her, var det bra med slik skog. (Sjå Samnanger 1 av N. Lauvskard)

Frå gamalt av var dette eit husmannsbruk under garden Reistad, kalla Bakken. Ole Nilsen Reistad kjøpte bruket i 1890. Eigedomen var på 0,49 Skyld mark eller ca. 10 da innmark og fleire da skog med beite rett i Reistadmarka. Bruket fekk namnet Fredlund (namnet er berre brukt i skøyte) til dagleg Bakken. Ole Nilsen Reistad døydde i 1910. Same år selde enka, Brita Reistad, bruket til Samnanger skulekommune (?, slik står det i skøytet, red mrk). Huset på bruket, det som seinare

vart kalla Klokkarhuset, vart bygd av Ole Nilsen Reistad, i 1890- åra ein gong.

Kor stor i kvadratmeter bygningen var, er eg ikkje sikker på. Anslagsvis ca 100 kvadratmeter i grunnflate. Huset vart oppført i tømmer og kledd utvendig med furupanel. Det var to stover med gang og kjøken i midten. Huset var i halvannen etasje med soverom på lemnen. Det var kjellar under heile huset. Glasverandaen og arket vart truleg bygd seinare. Likeeins vart kjøkenet på nordsida bygd på huset rett før siste krig. Då vart også huset isolert innvendig.

Etter at kommunen kjøpte bruket til lærar- og klokkgard, vart det sett opp flor og løe. Skytja og utedoen trur eg stod der frå før.

Klokkarhuset vart rive i 1980 åra. Det var ein del diskusjon om det skulle rivast, eller setjast i stand. Fylkeskonservatoren gjekk inn for vern av det 100 år gamle huset, som han meinte hadde en planform som var typisk for hus på 1800-talet, og at det er eit fint og stilreint døme på vestlandsk byggeskikk. Det hadde vore dårleg med vedlikehaldet i lengre tid etter at far flytta og fleire leigebuarar budde der i kortare periodar. Rådmannen i kommunen meinte at å setja i stand huset, ville verta for dyrt, ca. 130.000 kr., og kommunestyret fann ut at det ikkje var "vøla" verd. Floren og løa samt uthusa vart rivne tidlig-



*Bakken ca. 1950.*



are.

Det er kome nye bygningar på tunet der Klokkarhuset stod. I hagen er det støypt ein diger betongtank der kloakk vert samla opp, så der det før var grønt gras og blomar, er det no betong og asfalt. Spor etter det som var, er borte for alltid, men for oss som vaks opp på Bakken, vil minnet om den finaste plassen i bygda nok aldri bli borte. Men tida endrar seg og mange små gardar vert borte, så også med Klokkar-



*Biletet viser tunet med hønsehuset, litt av floren og skytja. 17. mai i 1953 eller 1954. Ragnhild, mor, far, og Frøydis.*

garden.

Det var eitt lite hus til på Fredlund, nær der som Peder Nordbø bygde sitt hus. Ole Larsen Stentvedt fekk leiga ein hustomt på livstid, og bygde hus til seg og kona Pernille. Huset hadde to rom og loft med trapp. Det var påbygd ei halvskjekke til skytje. Eg meiner huset ikkje var særleg over 30 kvadratmeter. Pernille som vart nokså gamal, trong hjelp i huset, og Sesilia Reistad, som ho var tante til, flytta inn til henne. Etter at Pernille døydde, tidleg i trettiåra, vart Sesilia buande til ho flytta på Samnangerheimen der ho døydde i slutten av 1950 åra. Huset vart overteke av slektningar til Sesilia, og flytta til Teigavika ved Bjørkheim.



*Bildet er frå mor og far sin sølvbryllupsdag i 1953.  
I bakgrunnen ser me huset til Pernille og Sesilia*





*Bakka-Brito, Brita Reistad.*

## *Om livet og folket på Klokkargarden*

Bestefar min, Knut Tvedt, var lærer i Reistad skulekrins og klokkar i Samnanger i 1910. Han budde delvis på Bakken og delvis på Tveit. Frå 1897 budde han og kona Ragnhild Monsdotter Kleppe i skulehuset på Reistad. Dei hadde då fått fire born som vart fødde på Kleppe. Seinare kom det seks born til, som vart fødde på Tveit. Frå 1925 og ei kort tid, budde svigersonen Vilhelm Røen på Bakken med sine fire døtre. Dei kom heim frå Amerika etter at kona Kristina Knutsdotter døydde i 1925.

I 1927 vart Mons Knutson Tveit konstituert som klokkar og lærer etter sin far, som vart førtidspensjonert på grunn av sviktande helse. Vilhelm Røen valde då å dra attende til Amerika saman med tre av døtrene. Den yngste, Kristina, vart igjen på Olderbakken hos tanta og



*Biletet er frå 50-åra, og viser tunet i klokkargarden. Bilen er Odd sin gamle DKV. Motorsykkelen er Hans Nygård sin Indian 1200 m3*

onkelen sin, Anna og Andreas Røen.

Mons Tveit og kona Nanna Nikolaisen gifta seg i 1928, og i 1932 vart Mons Tveit tilsett som lærar og klokkar og dei tok bustad i klok-kargarden på Reistad.

Det var todelt skule på Reistad då. Andreas Røen og Mons Tveit delte lærarpostane i Trengreidfjord (Stolpane skule) og Reistad mellom seg. Det var ikkje bilveg til Trengreidfjord og heller ikkje bru. Dersom elva var stri og stor, måtte dei gå den lange vegen om Oppheim. Det måtte også borna i Hisdal, då det ikkje var skulehus der.

Nanna og Mons fekk fire born. Knut i 1929, Odd i 1932, Frøydis i 1936 og Ragnhild i 1938. Me fire er dei einaste eg veit som er fødde i Klokkarhuset.

Klokkargarden var ein fin plass for born å veksa opp på. Den vesle garden med kyr og sauer, ein gris og høner med kyllingar. Eg hadde ansvaret for ein kanin som etterkvart fekk fine små ungar. Odd hadde fått ein geitekillling som leikekamerat ei stund. Så hadde me også ein katt. Den var det småjentene som stelte med, kledde av og på og tukta til å liggja i dokkesenga. Han var så snill den pusen, men ein farleg god rottejegar, som jaga dei store fæle rottene som ville eta opp maten



*Nordbygda skulehus ca. 1936. Andreas Røen t.v. og Mons Tveit.*

for hønene.

Leikeplassen var heile garden, berre me ikkje trakka i graset, det var nesten ei dødssynd.

Så måtte me passa oss for bekken, for Bakkabekken kunne av og til verta stor og farleg for småungar. Me leika også i fjæra. Det var slik ei fin badestrand på Bakken. Det kom ofte folk frå bygda også og bada der. Gardane på Reistad og i Nordbygda hadde naust i Bakkafjæra. Faren for dei badande var glaskår, som kom med bekken frå brusfabrikken. Difor måtte me ikkje gå berrføtt ved bekke-utløpet. Det var brusfabrikk i nabohuset like fram til krigen, då Hansa kjøpte den ut. Samnanger Mineralvannfabrikk hadde ord på seg å levera god brus og gamle brusmannen var en snill mann.

Dagane gjekk med arbeid og leik, og me borna fekk være med på alt som gjekk føre seg.

Dei såkalla harde 30-åra kan eg ikkje hugsas som vonde for oss ungane. Far hadde arbeid og fast løn frå staten. Men det var mange i dei åra som ikkje hadde utkomme til dei mest naudsynnte ting som mat og klede. Eg minnest frå tida då far var formann i fattigvesenet i bygda, og det kom folk på døra som måtte ha hjelp. Det var berre det, at det var ikkje særleg med pengar å hjelpa med. Folk var kreative og nøysame. Det er utruleg kor lite som skulle til for å livberga seg.

Me hadde tenestetauser i den tida me ungane var små, som hjelpte til både ute og inne. Det var ungjenter frå bygda. Dei hadde kosten saman med oss, og nokre budde også hos oss. Dei passa og stelte med oss ungane både natt og dag. Me vart sjølvstekt veldig avhengige av og glade i desse jentene som var vortne en del av familien. Nokre hugsar eg betre enn andre. Særlig minnest eg Signe, som var hos oss i byrjinga av 30-åra. Og så Borghild som var i teneste frå like før krigen og til freden kom, og var den som budde hos oss lengst.

Seselia som budde på Bakken, "Sesselo" som me sa, kan ikkje gløymast. Ho var med både inne og ute. Ho var så lettvindt, og budde så nære. Ho hadde vore i teneste på gard, og var vel van med dyr. Sesselo levde enkelt, og var ikkje van på maten. Hun kokte i ein fiskebollebok; "turelut" som ho sa. Brødmaten åt ho på eit papir som

ho gøynde til fleire måltid. Sesselo var ”nøtten” og åt det andre ikkje såg mat i, men ho var aldri sjuk. Ho hadde nok ei jarnhelse. Ho var ikkje fattig, men sparte på kronene sine og det var pengar att etter henne.

Mor som var byjente og ikkje van med dyr, gjekk helst ikkje i floren, så det måtte tausene eller far gjera.

I utearbeidet om sommaren var mor med. Elles var hagen og blomane det som ho likte best å stella med. Det blømde fint på Bakken i hennar tid. Ho hadde husmorskule og laga god og varierende mat. Ho var eit ordens menneske og strevde forgjeves med få å oss til å rydda og ordna etter oss. Mor hadde god hukommelse, og like til det siste visste ho kvar ho hadde tinga sine. Ho stelte med oss når me var sjuke, og det var me ofte. Det var så godt å ha mor heime. Så godt å ha nokon å gå til når livet gjekk oss imot. Mor var sosial og hadde lett for å koma i kontakt i med folk. Ho vart tidleg med i foreiningslivet i bygda. Ho var med i Norges Husmorlag, og ein periode var ho leiar i Hordaland krins. Eg hugsar at det til tider var mange koner på strikkemøte heime. Dei strikka og broderte, song og las, og laga ting til utlodning for humanitære føremål. Det var ikkje aldersheim i bygda, så arbeidet for eige hus engasjerte henne med stor iver. I 1954 fekk ho sjå at aldersheimen stod ferdig. Sjølv syntest ho at ho aldri vart gamal og skrøpeleg nok til å flytta dit, og ho budde i huset sitt til ho døydde nesten 98 år gamal.

Far var ofte borte på møte og liknande, så han leigde hjelp til vedlikehaldsarbeid og vedhogst. Det var oftast unge menn som var hos oss. Dei var glade og takksame når dei fekk arbeid og sjølv om betalinga var lita, ville dei så gjerne ha blitt lenger hos oss. Veden måtte hentast i marka, sagast ned og dragast heim. Om vinteren på skikjelke, noko me gutane fekk vera med på. Det vart Odd og eg som måtte passa på så det var ved i skytja (vedbua). Og veden måtte vera tørr, elles vart det klage på rå ved som ikkje ville brenna.

Eg kan ikkje hugsar at me nokon gong vart nekta å bruka øks og sag. Det hende nok av og til at blodet kom fram, men då var det inn til mor å få klut på, og så var alt bra igjen. Far hadde høvelbenk og verktøy i kjellaren, så Odd og eg tjuvlånte det han hadde, og laga oss båtar og

bilar.

Far likte å driva med trearbeid, han laga leiker, små bord og stolar til oss ungane. Han var så flink å skjæra ut dyr, hestar mest, men også kyr og sauer. Eg minnest ei jul då han hadde laga kopi av fjøset vårt med alle dyra i. Det var noko til julegåve, me skjønna ikkje då kor fin og sjeldan gåve me fekk. Han sat i floren og spikka på trekubbar slik at figurane skulle verta mest mogeleg like dei dyra som var der. Me hadde denne leikefloren lenge, drog den med ut og gløymde å ta den inn att, så den for ofte ille. Dyra gjekk seg bort etter kvart, og til slutt hadde regnværet øydelagt heile det fine floren.

Det kom ofte folk innom som ville snakka med far. Å skriva til det offentlege var ikkje så mange som følte seg i stand til den gong, og difor var det naturleg å kontakta klokkaren for å få hjelp. Samnanger fekk ikkje eigen prest før 1939. Det var klokkaren som førte kyrkjebøkene, og far heldt god orden, og hadde fin handskrift. Når det var dødsfall i bygda, var det klokkaren som hjelpste til. Han var forsongar ved gravferd i presten sitt fråvær, og heldt ein kort andakt. Jordpåkastinga gjorde presten ved første gudsteneste sundagen etter. Samnanger hadde prest saman med Os kommune.

Me største ungane var med far i kyrkja på preikesundagen. Då sat me to gutane i klokkarstolen. Eg hugsar enno delar av kyrkjebøna og koralboka. Det vart til tider litt kjedeleg å sitja stille, minuttane vart som timar og presten si preike var ikkje for smågutar. Men eg trur likevel ikkje at me tok særleg skade av det. Kanskje det har vore ein god ballast?

Far var ikkje nokon indremisjonsmann. Han kunne være morosam og veltalande og vart ofte nytta som kjøkemeister i bryllaup og liknande.

Me borna gjekk alle i skulen til far. Han var streng og sette høge krav. Eg vil tru at han ofte var skuffa over oss. Det var vanskeleg å leva opp til hans forventningar. Det var mange som var flinke i realfag som rekning og naturfag, men hadde lese- og skriveproblem, og trudde seg difor dumme. I dag får elevane hjelp for slikt. Dysleksi og liknande var ikkje på timeplanen til lærarskulen i den tid. Dei som ikkje klarte å hengja med, eller ikkje kunne leksene sine, fekk i beste fall anmerkningar. Det hende også at nokon ikkje oppførte seg skikkeleg, eller gjorde fant. Var det riktig gale, kunne det vanka bjørkeris, då

måtte krinsformannen og vitne være til stades. Eg meiner å hugsa at det skjedde ein gong, men det var før eg byrja i skulen. Eg kan ikkje hugsa at nokon av oss fekk tokt, men tilsnakk fikk me, og etter at ar kom heim, opplevde eg til tider skulemeisteren på nytt. Dei 7 åra i skulen hugsa eg i sum som positive og lyse. Det var sikkert også mørke og tunge stunder, men som naturen så viseleg har lete oss gløyma. Me var glade då leksepugging og skuletida var over, og me slapp fram for presten.

Tida skulle vise at det slett ikkje var slutt med skule og lesing. Det var no kampen om karakterar og jobb byrja

# Krigsåra 1940 til 1945

Av Knut Tveit

Eg hugsar vårdagen 9. april 1940. Me hadde nok høyrte at Noreg kunne koma i krig, men me møtte på skulen til vanleg tid. Og då far kom inn i klassen, stod me ved pulten og helste som me skulle. Eg trur nok også me song, og kanskje vart det lese Fadervår, som alltid kvar morgon. Så vart ikkje skuledagen lengre. Radioen fortalde at Noreg var i krig. Det gjekk rykte om at tyskarane var på tur innover frå Bergen. Norske soldatar skulle møte dei ein eller annan stad her i Samnanger. Det gjekk rykte om at Tyssebrua skulle sprengjast, at det var engelske soldatar på veg, og at me måtte vera budde på å røma til skogs. Heime var ryggsekker pakka, og me skulle til Lauvhilderen i tilfelle krig.

Dei første tyske soldatane eg såg, var to ordonansar på motorsykel, som hadde stoppa i ein sving oppe i Ådlandslia for å sjå seg om. Dei hadde grønne uniformer, hjelm, og handgranater i støvlane. Eg trur nok dei såg oss tre nyfikne smågutar, men dei gjorde ikkje teikn til å skemma oss eller ta kontakt.

Det var vel andre dagen, 10. april, at dei første soldatane kom. Dei sperra vegen mellom Bakkasvingen og Bjørkheim med landminer i



vegbana. Flyktningane frå Bergen kom ikkje lenger, og det vart fort lang kø av bilar. Nokre tyske offiserar kom opp i tunet til oss og snakka med far som kunne litt tysk. Dei ville vita om her var engelske soldatar i nærleiken.

Far sa at han hadde ikkje sett nokon rundt her, og trudde ikkje at det var soldatar her i nærleiken. Tyskarane oppheva blokaden og bilane kunne kjøra vidare. Seinare fekk me vita at det hadde vore kampar på Fossen Bratte mellom norske og tyske styrkar.

Etter kvart kom det fleire tyske soldatar, mange med hestar og vogner. Slike ekvipasjar hadde me aldri sett. Hestane var digre og tunge som elefantar. To hestar framfor store firehjuls overbygde vogner med gummi hjul og brems. Innimellom kom offiserar med blanke ridestøvlar og revolverar, ridande på flotte rasehestar. Fotsoldatar følgde etter, syngjande marsjerte dei med gevær på aksla og skaft- granatar i beltet. Først så tok dei ungdomshuset som kaserne, og deretter skulehuset.

Det vart ei vanskeleg tid både for lærarar og skuleungar. Me hadde skule i stova til "Stølabonden," Tomas Nordbø, som hadde Reistad-Stølen ei tid. Først når tyskarane hadde fått opp barakker på Ådland, kunne me flytta attende i skulehuset.

Dei tyske soldatane breia seg ut over bøane, og tok det dei hadde trong for utan å spørja. Merkeleg nok så var me ikkje så redde, dei gjorde oss ikkje noko heller dersom me ikkje provoserte dei. Etter kvart vart me nokså vane med dei. Ein dag kom to tyske soldatar over Osphaugen og ned til Odd, bror min, og meg. Me leika med bilane våre inne ved bekken og dei viste oss pengar; ville vel kjøpa nokre leikebilar. Det vart ingen handel. Seinare i krigen lærte me å tena pengar på dei. Me selde kaninar og gamle høns. En gong også ein sjølvdaue hane.

Det skifta ofte soldatar; nye kom og dei som hadde vore ei stund, vart borte. Hestane vart bytte ut med bilar. Barakkebygginga gjekk sin gang, det var mange ledige hender å få fatt i, så norske arbeidarar kom snart i tyskararbeid. Det vart bygd bomberom og festningar. Vegane vart utbetra og utvida slik at dei store lastebilane kunne koma fram. Dette dreiv dei på med under heile krigen. Samnangerfjorden vart minelagd ved Gaupholm, så ingen båt-trafikk fekk passera. Landminer vart plasserte i skogkanten på Ådland, noko som førte til at sauer vart drepne.

Dei kunne sjølvsagt ikkje lesa varseloppslaget: "Achtung".

Eg minnest ein tysk soldat, Herberth Plathe. Han kom heim til oss av og til og opna seg for far. Han var ikkje Hitler sin mann, eller gut, for han var berre 18 år gamal og frå Austerrike. Han trudde ikkje på tysk siger, men det var det dødsstraff for å hevda. Etter krigen fekk far brev frå Herbert. Sjølv hadde han overlevd krigen på Austfronten, men mista heile sin familie i Austerrike.

Skyteøvingar var det mange stader rundt i bygda, både med gevær og kanonar. Det var til tider så kraftige smell at vindaugsrutene vart knust. Dei plasserte kanonar nede i hagen og skaut mot lia i vest. Men så ein dag vart det brått slutt. Det kom opp en plakate om smittsam sjukdom på døra vår. Eg hadde fått poliomyelitt. Det var dei tydelegvis redde for.

Då vart også skulen stengt ei stund.

Lærarane nekta å melda seg inn i dei nye organisasjonane då Norsk Lærarlag vart forbode. Det førte til at to lærarar vart arrestert. Den eine var onkel Ingjald på Tveit. Då skreiv gamle- klokaren til "øvrig-heta", og det gjorde han så godt og rørende at sonen fekk reisa heim att.

Det kunne være så mykje å fortelja frå krigstida, men av morosame lysglimt i den mørke tida, tek eg med Torgils Reistad sine sprell med tyskarane. Han kunne ta lånen på aksla og gå rett inn i rekkjene og synga med dei tyske soldatane mens dei marsjerte etter vegen. Dette hadde han gjort så ofte at dei trudde mannen var galen, og let han få gå. Dei bygde også festning og kanonreir rundt huset hans. Da tømde han ut doen nesten over beina på dei. Torgils hadde radio, det var jo forbode og livsfarleg. Rart at det gjekk bra. På slutten av krigen var det folkevandring til Framnes Hønseri klokka halv sju. Tyskarane var nok krigstrøytte og sløve her i bygda den våren.

Etter som krigen drog ut i langdrag, vart det mangel på nesten alle naudsynte varer. Me fekk rasjoneringskort, der det vart klipt av merke for dei fleste varer me kjøpte på butikken. Me måtte levera mjølk på meieriet, så fekk me smør attende. Det kosta rasjoneringsmerke. Det kom erstatnings-produkt som kaffierstatning, B-såpe, fiskemjøl og noko svart mjøl til baking (barkebrød?). Det kom også krisepengar. Grøne eikronesetlar (uslingar) og blå tokronesetlar (quislingar). Myntar vart

laga av jern med nazimerke på.

Det vart naudsynt å setja på fleire dyr, slik kunne må få meir mjølk og mat. Så måtte det også meir fôr til. Far leigde slått i utmarka. For det meste i Nordvikaslåttene. Det vart nesten som ein sommarferie synest eg å hugsa.

Me overnatta i høyet i utløa. Kokte og åt ute. Det fjellgraset som vart sankan saman, vart liggjande i utløa til vinteren då Tomas Nordvik skreidde det heim på kjelke. For å spe på med meir fôr til dyra, skov me. Det var mest far som gjorde det, men eg som var størst, måtte hjelpe til. Selje og ask var det beste å bruka til skav. Bjørkelauv som vart knytt saman i knippe vart tørka. Også potetkålet vart teke vare på og brukt som fôr. Kyrne åt nesten kva det skulle vera. Sellulose og melasse fylte også vomma, ja til og med vanleg papir gjekk ned og vart til mjølk. Så ikkje berre grisen var altetar i den tida. Den vart fora på sildemjøl og eg syntest det smakte på juleribba.

Eg vart konfirmert i 1944. Då var det ikkje verken sko eller klede å fa kjøpt. Far sin gamle brudgomsdress vart sydd om. Det kosta byreise og to kilo meierismør. Skorne var nærast av papp men dei heldt dagen ut.

Svartebørshandelen florerte; tobakk og brennevin vart til matvarer. Det kom mange byfolk til bygda. Det var litt lettare å skaffa seg mat her enn i en byen. Det kom nye elevar i skulen. By-ungane måtte lære seg nynorsk. Hugsar ikkje at det skapte noko problem. Me fekk nye vener og leikekameratar og byfolka vart kjærkomen hjelp på gardane. Venskap som for mange heldt livet ut.

Fredsvåren burde fått et kapittel for seg sjølv. Den 8. mai 1945 var ein dag me som opplevde den, aldri gløymer. Gøymde radioar kom fram i dagen. Stemma frå London kunne sleppast ut i det fri, og kong Håkon si tale vart høgtid. Folk dansa og song. Nazimerke og hakekors vart rivne ned og det norske flagget gjekk til topps. Heimefrontsoldatane kom ut frå skogen og vart mottekne som heltar, medan dei vel-disiplinerte tyske soldatane heldt seg rolege.

## Strabasiøs tur over Nordsjøen

*For to år sidan vart Leif Utskot intervjuet av Tor Wold. Samtalen vart teken opp på band. I intervjuet fortel Leif Utskot mellom anna om ein svært strabasiøs båttur over Nordsjøen straks etter krigen. Leif Utskot var berre 20 år då, men måtte verkeleg gjera manns jobb. Artikkelen under er ført i pennen av Svein O. Aadland.*

I 1945 var Leif Utskot i militæret. Rekruttskulen var ved Vallemsvik ute på Laksevåg. Mellom oppgåvene han etter kvart fekk der var å gå vakt i ein fangeleir der 60 tyskarar sat og venta på å verta sende heim. Leif var vaktkommandør og hadde fire mann med seg på kvar vakt.

Ein dag vart han kalla inn på kontoret til kommandanten. Dei hadde bruk for ein navigatør.

Leif Utskot sa som sant var, at han hadde skulen og papira, men ikkje sertifikatet, sidan han enno ikkje var 21 år. Det gjorde ikkje noko, fekk han til svar, så lenge han ville reisa.

- Eg sa det vart greitt. Hadde no ikkje betre vit, eg. Tok turen.

For det var så visst ingen kosetur det var snakk om. Ti båtar som nordmenn hadde brukt til å koma seg over Nordsjøen med under kri-

gen skulle hentast heim frå Shetland og Skottland. Kvar båt skulle ha fire mann ombord. Dei trong altså 40 mann. Grunnen til at unge og ferske Leif vart spurd, var at dei rett og slett ikkje hadde fått mange nok frivillige til å vera med på turen.

To marinesveiparar skulle ta dei 40 mennene over og gå først og sist i konvoi heim att. For sjølv om krigen var slutt, låg det framleis mykje miner og rek langs kysten.

- Me visste nok ikkje kor farleg det eigentleg var. Nattens tid i dårleg vêr kunne ein gå på miner kvar som helst. Me hadde då også redningsvestar på oss heile tida, også når me søv.

På veg bort fekk dei storm og uvêr på seg. I halvtanna døgn vart dei store minesveiparane liggjande uti Nordsjøen utan å koma av flekken. Dei råka også oppi ei stor hornmine som låg og rek. Den måtte tilinkjegerast, noko som ikkje var spøk i tung sjø.

- Det vart brent av nokre salver, og truleg trefte me til slutt – for mina sokk.

Ein stor del av mannskapet var så sjøsjuke på turen at dei trudde dei skulle stryke med.

- Veit ikkje om dei hadde vore på sjøen før, mange av desse. Mange av det faste mannskapet var ikkje å sjå i messa, dei var rett og slett ikkje god til å eta. Så me andre hadde det godt, var oppegåande, fekk sitja i offisersmessa og åt godt.

Dei som hadde vore sjuke heile vegen gledde seg stort då minesveiparane endeleg nådde Buckie i Skottland.

Vel framme i Skotland var det å førebu heimturen. Båtane dei skulle henta måtte klargjerast og prøvekjørast.

Leif Utskot fekk tildelt ei lita skøyte. Noko av det dei måtte sjekka med båtane var farten, om dei kunne halda stor nok fart til å halda konvoien.

- Denne skøyte hadde veldig dårleg fart og vart heldigvis avskriven.

Deretter fekk Leif Utskot tildelt ei ”svenskebaska”, ei skøyte som hadde gått ut frå Fedje under krigen. Denne båten var eigentleg heimehøyrande i Tønsberg, men var leigt til Fedje for småkvalfiske.

Medan dei låg i Skotland fekk dei styggevêr igjen. Difor kom dei seg ikkje av garde før 2. juledag. Men også då vart det ruskevêr. Dei låg og

stampa på motsjø heile vegen.

For å unngå alle minebelta som framleis ikkje var rydda opp, skulle konvoien gå opp til Baltasound, på nordspissen av Shetland. Men uvêret skapte problem. Dei kom opp tvers for Lervick (som ligg langt sør på Shetland).

Problemet no var ein av båtane i konvoien, ein liten kuttar frå Fjell. Båten hadde ein god motor, ein 20 hestars Rubb, men dei fire karane som var ombord hadde ikkje greie på maskiner. Dei hadde starta maskina og late den gått vrang vegen. Dermed gjekk ho berre ei stund før ho beka seg. Stempelet hengde seg opp, dei fekk henne korkje att eller fram.

Resultatet vart at heile konvoien måtte stoppa. Båten med motorstopp skulle takast på slep.

- Men karane som hadde meldt seg på til turen og trudde dei kunne alt, tok trossa og gjorde eit enkelt halvstikk om stammen og bak på vinsjen og sette fast der. Dette hadde nok vore greitt nok under normale forhold, men slett ikkje i høg sjø. Det begynte å rykkja og slita slik i trossa at det til slutt sleit stammen laus. Kuttaren begynte å ta inn sjø.

Då var det at båten til Leif Utskot vart kalla opp. Leif var ingen telegrafist, men kunne nok til å ta mot ei morsemelding, om dei sende seint. 20 år gamle Leif fekk beskjed om å ta folka ombord til seg.

Dei hadde fått slepar på no. Den eine sveiparen la seg på sida av kuttaren, som hang i trossa på den andre. Leif Utskot skulle sigla opp på den andre sida av kuttaren og få folka ombord. Men dette var midt uti havet, det var tung sjø og slett ikkje lett å manøvrera. Dei hadde fokka og mesan oppe. Det var eit sværa vindfang, så ein måtte berekna godt.

- Eg var no redd for å gjera skade, då eg la opp på sida første gongen, hugsar eg. Ingen våga å hoppa, dei berre heiv sjømannssekkane inn på dekk til oss. Eg kunne ikkje slakka på, måtte berre halda styringsfarten. Dermed var det berre å gjera kuvending, opp og snu og koma seg i posisjon igjen. Då såg eg kuttaren var komen såpass tungt i vat-

net allereie at her ikkje var mykje tid å gå på.

No fekk det berre bera eller brista. Leif Utskot la seg inntil så godt han kunne. Og denne gongen hoppa dei og kom seg trygt ombord.

Konvoien kunne halda fram til Baltasound der mennene frå den forliste kuttaren fekk gå ombord i ein av sveiparane. Det var nyårsaftan då dei kom inn til Baltasound. Motsjø og uhellet med kuttaren hadde gjort at dei hadde brukt heile fem dagar frå Skottland til Shetland.

Om ettermiddagen første nyårsdag gjekk konvoien ut att frå Shetland. Men dei var ikkje komne langt frå land før ein av båtane fekk trøbbel med maskina. Båten måtte takast på slep og heile konvoien måtte venta.

- Eg tenkte med meg at dette gjekk berre ikkje. Ein hadde ikkje lov å forlata ein konvoi, det var straffbart. Men eg hadde to mann ombord som ikkje sette føter under seg når ein kom ut i sjø. Då var me to igjen. Eg måtte stå ved roret, medan den andre, som var maskinist, måtte passa maskina. Han bytte berre med meg når eg måtte eta. Å sova var det ikkje snakk om. I lengda gjekk ikkje det.

Leif Utskot bestemte seg for å kalla opp sveiparane og seia frå om at enten måtte dei få gå eller så måtte også dei takast på slep.

- Men ingen svara på oppkallinga, så eg tenkte at no går eg. Då eg var komen så langt at held på å missa dei, begynte dei å kalla. Men eg tenkte at svarar ikkje de meg, så svarar ikkje eg dåke heller. No går eg. Eg snur ikkje.

Og slik vart det. Leif Utskot sette kurs mot Hellesøy fyr ved Fedje, åleine.

Etter 24 timar skimta dei lyset frå eit fyr. Fire timar seinare var dei inne. Men det var mørk kveld, det bles og dei hadde ikkje spesialkart for innsegling ved Fedje.

- Me gjekk ut ved Marsteinen fyr og skulle koma tilbake same vegen. Difor hadde me ikkje spesialkart for innsegling lengre nord, berre Nordsjøkart. Men eg tenkte at har me kome så langt, skal me sanneleg koma resten og. Så me sette kursen ut att for å venta på dagslyset neste

dag.

Då det lysna neste morgon kom fiskebåtar ut frå Fedje. Leif Utskot prøvde å få kontakt. Det lukkast. Fiskarane kjende båten att, dei hadde hatt den fleire sesongar.

- Me fortalde at me ikkje hadde kart og lurte på kvar me var. ”Me skal hjelpa dåke. Berre følg etter oss”. Me var så trøytte og leie.

Då dei kom inn til Fedje, gjekk Leif Utskot opp på butikken og ringde Marinen og gav beskjed om at dei var komne til lands.

- Eg var så trøytt at golvet bevegde seg.

På Fedje vart dei inviterte i julebesøk hos Mongstad’n, han som før og under krigen hadde leigt skøyta dei kom med, og som sjølvsagt tykte det var stor stas når båten no kom tilbake.

Dagen etter gjekk dei til Marineholmen. Leif Utskot var ikkje altfor høg i hatten då han melde seg hos kommandanten for å forklara kvifor dei hadde gått åleine. Men alt var greitt.

20 år gamle Leif Utskot hadde til dei grader vist både mot og mannskap.



# Tysse-minne frå 1950-åra

Av Marit Fjæreide (Gåsdaal)

Det var mykje snø og is vintrane i 50åra. Ingen salting og lite strøing så alle hadde spark og kjelke. Eg hadde snøskeiser og noko dei kalte krybbe som far min hadde laga. Når isen kom skulle me ut på Samnangerfjorden på skeiser, og då bar det inn på skomakerverkstaden til Kristofferen og få dei slipte. Dei første eg hadde var snablar som me batt på med tau, seinare vart det lengdeløpere med reimar. Det var mykje folk på fjorden og isen var ofte 30 cm tjukk. Då isen byrja tina ut på våren var ungane i Bakkafjæro og sigla på isflak. Av og til rakk me ikkje neste flak, så då vart det våte føter og frykt for å få kjeft heima. Redningsvest visste ingen om. Me hadde isbraut på Longesbakkjen og skibakkje i Slipsteinsbakkjen. Hoppbakken hadde me i Liavegen. Av og til var me så motige og hang oss etter bussane på glatte skisko.

Om kvelden etter Fusabussen var køyrd, gjekk me opp til Tyssebrua for å skreia. Dei som var så heldige å ha rattkjelke køyrde heilt ut til meieriet. Me skreide og frå doktorboligen og heilt inn på kaien.

Så var det jula og den fine julestemninga som eg hugsar så godt. Mykje folk kom med buss til Tyssegato på julehandel. Det var mange butikkar på Tysse då. 11 stykke, trur eg. Filen var den næraste. Nils Nilsen den siste oppe i storeveien Han hadde fårepølse som han skar opp med kniv. Den var så tynt skåre som den finaste maskin kunne gjort. Meieriet med alle melkespanna og bussane som kom og for, la på kjettingar før dei skulle opp i gardane. Så var det Gurino som svei smalahove i bua si og snopeskapet til Knutsen i fleire høgder. Jule-



*Tore, Nils og Marit Gåsdaal i Smådalen ein gong midt på 50-talet.*

utstillingane i butikkvindaugene var høgdepunktet. Den store julenis-  
sen i vindauge til Knutsen og dei fine leikane som var utstilt, og den  
store julegrana med lys oppe i Bruvikhagen. Det var ikkje vanleg med  
lys ute i trærne den gangen.

Ellers var eg ofte med Einar Eriksen på bussen og var grindagjente  
når han skulle opp i fjellagardane. Han var så snill med oss ungane, så  
han tørde me snakka med. Me gjekk aldri inn i Tyssevikjæ utenom  
skulen. Det var ein ukjent verden. Me kjende ingen der. Ytre Tysse var  
vår verden. Fantete var me den gangen og. Me gjekk rundt og banka  
på dørane, kom det nokon ut sprang me. Ein gong hende det noko me  
ikkje hadde rekna med. Det kom ein mann ut på altanen og kasta potta  
etter oss. Eg trur me slutta med den streken etter det.

Ellers var det mykje ungar ute og leikte i snøen om kveldane før. I  
dag ser eg ingen som er ute og leikar.

Eg hugsar barndomen i 50åra som trygg og god heime i Tyssegata.



*Familien samla. Frå venstre mor Borghild, Bjørg, Synneva (framme), Målfrid (heilt bak), Kirsten, Ingvald (artikkelforfattaren) og far Ingvald Haga.*

## **Livet på Haga for 60-70 år sidan**

Skrive i 2008 av Ingvald Haga (1932 - 2010)

Det kan vera greit å gå gjennom ein årssyklus, for eksempel i byrjinga av 40-talet, for å beskriva verksemd og aktivitetar. At det då var krigsår, hadde liten innverknad på det arbeidet som skulle gjerast.

### **Vinter**

Etter jule-og nyårs-høgtidene, vart bestestova stengd. Det galdt å spare på veden som var einaste brenslе for oppvarming, både på grunn av arbeidet med å få fram veden og at det kunne skorta på denne vara. Alle fyrde med ved og av og til kunne det verta litt småkrangel om det var mistanke om at nokon hadde henta ei bjørk eller litt brake (einer)

på feil side av grensene i marka.

Me hadde fått innlagt vatn til kjøkenet, men til kyr og sauere måtte me bera vatn frå dei kjeldene som fanst, først frå kjellaren så lenge den heldt og sidan frå ei kjelde i bekken i nærleiken. Tidleg på 40-talet hadde me kalde vintrar som gjorde at vassleidningar fraus og vasskjelder tørka ut. Då kunne det henda me måtte gå langt for å henta vatn.

Dette var ofte jobben til dei eldste borna som då var 10-12 år. Det som irriterte mest, var tørsten til kyrne. Dei drakk bømtevis og dei gav ikkje ro før dei var utørste. Sauene var meir moderate men det var lengre veg å bera vatnet.

Om våren var sein, kunne det knipa med før til dyra. Askeskav og seljebark var ofte naudsynete tilskot.

## Vår

Så snart det var antyding til grønt på bakkane, vart sauene sleppte ut slik at dei sjølv kunne syta for føda.

Då starta også arbeidet med å få ut møk frå sauegardane. Det var ingen enkel jobb. Det hadde samla seg kanskje ein halv meter tjukt lag, godt nedtrampa, av møk og underbrøysle. Det måtte brukast ei hakke for å få dette ut. Far bar dette i ei kipe på ryggen ut over bakkane og spreidde det utover.

For å få ut kumøka, kunne me få låna ei handkjerre av ein granne. Ikkje alle gardar hadde slikt avansert utstyr.

Så var det berre å venta på regnet som skulle vatna ut safta av møka. Normalt venta me ikkje fåfengt. Neste steg i prosessen var å gå med ei rive og mølla, dvs. riva opp klumpar av møk for å vera sikker på å få ut all saft. Aller sist vart alle rester raka saman og køyrt eller bore bort for at ikkje møk skulle koma med i høyet seinare.

Poteter vart dyrka kvart år. På vårparten kunne det vera litt skralt med settepoteter i kjellaren og då vart tilgangen dryga ut ved å dela dei potetene som var, i stort sett to like delar. Ein måtte berre sjå til at det fanst auge eller grode på både delane. Sidan var det borna sin tur til å leggja potetene i fura og far sin tur til å spa jord over etter å ha lagt på

sauemøk.

Litt seinare når potetene hadde byrja gro, var det tid å hyppa opp rundt plantene. Me var heldige som hadde ein gamal hyppeplog som far kunne dra og sonen i huset styra. Det var lettare enn alternativet som var å bruka ei hakke sjølv om ploginga kunne verta litt vinglete. Vanlegvis planta me også ulike grønsaker som raudbetar, kålrabi, kål og reddik. Kålen var svært utsett for åmer og det var borna sin jobb både å plukka bort desse åmene og dessutan å reinska ugras. Båe delar var svært upopulært.

Truleg ville det me hausta av grønsaker og frukt i dag verta vurdert som super-økologisk. Men det omgrepet var ukjent på den tida.

### Sommar

Så snart det var vurdert å vera nok før i marka, vart kyrne tekne dit. Alle gardar i området sleppte kyrne same dag og alle møttest i Haga-botnane der idrettsplassen no ligg.

Kyrne var litt ville etter å ha stått inne heile vinteren, og ville gjerne prøva krafter på kvarandre då dei møtte andre og avgjera kven som var leiar. Difor var kvar gard oftast representert med fleire deltakarar for å sjå til at ingen av kyrne vart skadde. Utover dagen roa det seg ned og dyra gjekk over til normal sysselsetting, nemleg å eta.

Truleg var sleppet av kyr i marka det største sosiale evenementet i året etter juletrefestane. Skilnaden var nok at her møttest mogne, sindige karar som ikkje normalt gjekk på juletrefest. Me hadde niste med, og dei vaksne kunne sitja og løysa verdsproblem, om det var slike på den tida, og passa på kyrne medan borna hoppa og spratt over steinar og bekkar. Eg tykkjer eg enno kan kjenna den herlege angen av brake og myr.

Dagen etter kom kvardagen då stølsgjentene kvar morgon og kveld i alle slags ver måtte i marka for å mjølka. Dei fleste hadde eit stølabøtte i stål med gode beslag på ryggen. Med lite mjølk på sumaren, var nok nettovekt av det dei kom heim med, nokså lav.

Slåtten tok til når graset var falt dvs. litt rote i rota. Far var normalt tidleg oppe for å slå mest mogeleg medan det var dogg i graset. Då var det lettare å slå. Litt seinare måtte mor og born ut for å brøya graset når

det var tørkevêr.

Me åt middag midt på dagen for då hadde far vore oppe lenge. På ein fin solskinsdag kunne borna då få ein pause for å bada i Haga-fjøra med streng melding om å vera heime att i tid for å snu høyet. Mor hadde ei fløyte med god lyd som kunne høyrast heilt ned i fjøra, og når me høyrde den, visste me det var høg tid å leggja beina på nakken for heimferd.

Om det hadde vore eit par dagar med god høytørk, måtte me like etter byrja med å bera inn tørrhøy. Kvinnfolka raka saman høyet fram til der karfolket ordna med høybøra. Det kunne vera litt langt å gå med børa så det var viktig at høybørene vart gjort ordentleg. Det gjaldt å leggja fengjene på børatoget og etterpå kneppa børa slik at den kvilte på akslane og stod rett opp. Gjorde ein feil, kunne børa verta attekjeik, dvs. at den stod ut frå ryggen slik at ein måtte gå med den i 90 graders vinkel. Då vart det tungt å bera. Enno verre var det om ein fekk høvlahals, dvs. at børa seig ned slik at ein fekk høvla ned på nakken. Det var ikkje godt.

Før sola gjekk ned, måtte høyet såtast. Borna tykte ikkje dette var naudsynt og om det var veldig bra ver, hende det at mi slapp unna. Elles var det så mykje dogg på natta at høyet skulle råskna om det ikkje vart såta. Neste morgon vart såtene brøydde etter at sola hadde tørka bort doggen.

På varme og vakre sommardagar hende det at det kom floabyer på ettermiddagen. Me såg det koma som ei mørkeblå sky over Skavdalen. Då var det berre å sleppe alt ein hadde i hendene, middagsmat eller kva det måtte vera, og springa med tørrhøy i hendene det beina bar mellom brøysla og løa. Oftast lukkast me med å få høyet inn før regnet ausa ned. Det var toppen av lukke å då sitja i lødøra i det varme høyet og sjå på regnet. Etter nokre minuttar var regnet over og sola skein igjen.

Det er lett å hugsa dei fine somrane men sjølv sagt var det ofte mykje regn og vanskeleg å få høyet tørt. Då var det til å setja opp hesjer og heile prosessen med innhausting av gras gjekk meir langsam. Det gjekk heller ikkje å setje opp hesjer kvar som helst enten på grunn av terrenget eller fordi det vanta material. Då måtte ein dra fram gras til dei hesjene som var. Eit svært effektivt reiskap var hatlegreiner. Dei var

flate og lauvrike og fine å leggja gras på for å dra fram til hesjene.

Far hadde berre to veker ferie på den tida og det kunne verta knapt for å verta ferdig med slåttene om veret var dårleg. Det betydde at sonen i huset så tidleg som mogeleg måtte læra seg å bruka langorven. Det som var mest vanskeleg å læra, var å bryna ljåen og alle som har prøvd, veit at det er heilt avgjerande for å oppnå eit resultat. Fordelen med å verta slåttekar, var elles at ein slapp unna det som vart vurdert som kvinnfolkarbeid. ”Eit stort framsteg!”

Når ein hadde fått tørrhøyet i hus, var det tid å starta på tønka, dvs. alt smågras rundt i alle lier og bakkar. Det var viktig å samla inn alt gras, også det med truleg lågt næringsverde, som fanst innafor eigedomen for å sikra føer til så mange husdyr som mogeleg til vinteren. I denne slåttene var det berre stuttorven som galdt. Det var for det meste for bratt og ulendt til at ein kunne bruka langorven.

Før sonen i huset lærde å slå, tok far ljåen etter han kom heim frå arbeid og slo gras lengst opp i liene. Neste morgon måtte mor og ungane i veg for å rake ned graset enten til ei hesje eller til ein stad der sola skein slik at vi kunne få graset tørt. Dette var ei form for barnarbeid som me sikkert ikkje hadde vondt av. Eg vil tvert imot tru at det var svært sunt.

Etter tønka, var det stort sett tid å byrja på haslåttene. Dersom veret var dårleg, med dårleg tørk, var det vanleg å laga surhåstabbe. Fire pålar vart sette i hjørna på ein firkant, ca. 2x2 meter. Rundt pålane vart det lagt ei råme av bord nesten som ei glideforskaling. Opp i denne råma vart det fylt våt hå som vart godt trampa ned. Om ein trakka godt ut langs råma, lyfta den seg sakte. Utover hausten og vinteren sto stabben og surna. Ofte fraus den slik at me måtte bruka øks for å hogga fram ei bøtte med surhå. Kyrne var ville etter denne maten. Mange tykte at surhåstabben lukta ille, men me som var van med den, meinte det var ein herleg duft.

## Haust

Hausten kom med skuleplikter. Men i hagen hadde dei fyrste epla vorte mogne slik at ein kunne fylla skuleveska for eige bruk under skuledagen og også dela ut til andre som ikkje hadde eplehage. Litt seinare vart vinterepla klare for å plukkast og dei vart lagra i kjellaren med

von om at dei skulle halda seg friske til jul.

Me hadde også rikeleg med bærbuskar i hagen, vinbær, solbær, stikkelsbær, bringebær. Alt dette skulle plukkast inn og reinsast for å verta syltetøy og saft. Det var mykje borna sin jobb å plukka og reinsa bær. I kjellaren vart det etter kvart ei gedigen samling av glas og flasker med ferdige produkt. Utover vinteren gjekk alt med, syltetøy var jo det viktigaste pålegget me hadde.

For å få litt variasjon, vart dei eldste borna sendt innover til Breilia for å plukka blåbær og tytebær.

Potetferien på hausten var på den tida akkurat det ordet seier, skuleborna fekk fri for å vera med i arbeidet med å ta opp poteter. No heiter det visst haustferie. Far spadde opp potetene med ei greip og borna gjekk etter for å plukka og med streng beskjed om å sjå på kvar potet at det ikkje var tørråte.

Slaktetida på hausten var festtid. Litt utriveleg var det vel når me var med på slaktinga og såg mor røra i blodet som rann ut etter knivstikket. Det vart fort gløymt når me etter kvart vart servert alle lekkerheiter som vart resultatet. Og det var ikkje mykje som gjekk til spille når me hadde slakta ein sau. Blodet vart til blodpølse og alle tarmar vart pølseskinns etter at dei hadde vorte ordentleg vaska i bekken. Lever var prima mat og andre deler som hjarte og nyrer gjekk vel i pølser som vart salta og tørka. Hovud og leggar sette me på spissa påkar og svei håret av over open eld. Hovudet vart så delt langsetter og lagt i saltlake. Bog og lår vart normalt salta og tørka til spekekjøtt og ribbeina til pinnekjøtt. Svången (mageskinnet) vart til herleg fårerull. Halen vart også salta og vart ofte brukt i komper. Den var svært populær hos borna og det kunne lett verta ein mindre krig om den. Ein ting som visstnok er ein delikatesse i nokre andre land, veraballar, brukte me ikkje men det var vel nesten det einaste.

Fryseboksar fanst ikkje, så ferskvarer måtte konsumerast under kort tid, t.d. blodpølser og leverpostei. Alt som var salta og røykt, gav grunnlag for mange festmåltid utover vinteren og våren.

Smalahovud var prima mat, og ved juletid kom herleg pinnekjøtt kokt på bjørkepinnar, på bordet. På våren når første gauken gol, var spekekjøttet rekna som ferdig. Borna gjekk og venta og lytta etter gau-



ken for å kunna kasta seg over kjøtet.

Kyrne kalva på hausten, og då var det tid for råmjølksdravle og ikkje minst, råmjølkspudding med kanel og saftsaus. Herlege måltid!

Utover hausten og vinteren gav dei to kyrne me vanleg hadde, så mykje mjølk at me kunne levera til meieriet på Tysse. Mjølka vart fylt i Høyang aluminiumspann og bore ned til vegen der den vart henta av ei hestekjerre.

Alle ungane måtte læra seg å mjølka, også sonen i huset, sjølv om det var vurdert som kvinnfolkjobb.

På seinhausten var det også tid for å spinna garn av ulla frå sauene. Til den jobben hadde me ofte hjelp av ei eldre dame som var sers god til å spinna. Dei eldste borna kunne assistera med å karda ulla, ikkje som tvang, men fordi det var moro.

Me hadde oftast ein svart sau i flokken. Det gav fleire alternativ med omsyn til garnvalg. Sjølv sagt svart og kvitt, men blanda ein svart og kvit ull under kardinga, fekk me grått garn og ved å spinna to-lagd fekk me svart/kvitt garn. I dag ville ein vel kalla det melert men så fine ord brukte ikkje me.

Same dama var også ekspert på å baka lefser og hardingkaker. Ho sat i kjellaren og bakte høge stablar av bae slag, stablar som sidan vart lagra på lemmen for bruk under komande vinter.

Når julehøgtida nærma seg igjen, vart det fyrt opp i bestestova og julefuru henta frå ein slektning som hadde skog. Sjølv hadde me ingen barskog på eigen mark. På julekvelden lukta det i stova av ferskt juletre og bjørkeved i omnen og ikkje minst av lutefisk som kunne vera gjord på torskenakkar og som me såg oss råd til på julekvelden.

# Isfiske

Av Solveig Røen

Då isen låg tjukk på Samnangerfjorden sist vinter, var det nok fleire enn eg som mintest gamle dagar då det var trygg is i veker og månader, dei fleste åra. Dei siste åra har dette vore unntak. Me må visstnok tilbake til 1996 for å finna ein skikkleg lang periode med stabil sjøis. Dette skuldast mest det urolege vinterveret, men som me òg såg i vinter, set straumen frå Tysseelva mykje meir preg på istilhøva enn i gamle dagar. Før kraftutbygginga, men ofte seinare òg, var det ikkje uvanleg at folk t.d. gå frå Nordbygda til Gjerde og Steinsland. Stundom når det var open råk ved Haukanesodden, var straumen så smal at dei kunne leggja ein planke over.


I stride vintrar kunne heile fjorden frysa til, heilt til Hovdasundet, men kom det mildvêr, kunne isen på kort tid verta utrygg og gå opp utanfor dei store nesa i fjorden, der straumen var stridast. Mest stabil låg isen inne på vikane i Nordbygda, på Steinsland og Gjerde og i Trengereidfjorden. Og det var her isfisket var ivrigast.

Det første minnet eg sjølv har om isfiske, viser at fiskaren kunne møte uventa spenning: Bernhard Våge frå Tysse kom til Ådland og gjekk ut på isen rett nedanfor bakeriet. Då han gjekk ut, var det fjæra sjø, men då han skulle på land att, var det stor flod, slik at det ikkje var

råd å gå forbi flodmålet. Eg hugsar at skomakaren på Ådland, Isak Våge, og nokre andre karar kom med ein lang kjelke og skuva ut til Bernhard og drog han til lands.

Spenninga var no likevel først og fremst ute på isen, og den har vel alle kjent på som har drive med fiske. Men fiskinga har ikkje berre vore moro og sport. Det ein kunne henta or fjorden har òg alltid vore viktig for folk i bygda når dei skulle skaffa seg mat på bordet. Difor ville dei ha tilgang til dette matfatet om vinteren også, og isfiske har dei drive med langt tilbake i tida.

Fiskinga på isen var i fleire måtar lik fisking frå båt. Mange av dei same fiskeslaga var her om vinteren òg. Ein kunne få pale, kviting og jamvel sild på snørefiske, og fiskemåtane var langt på veg dei same



*Solveig Røen på isen. Februar 1991. Foto: Samningen*

som elles i året: Ein kunne prøva agnfiske, pilking og harping, alt etter kva fisk ein var ute etter. Men nokre skilnader var det sjølvsagt. På isen kunne ein setja ein pinne (ein ”vakemann”) fast i isen og festa snøret med agn til denne. Så kunne ein sjå på pinnen om fisken beit. Var ein ivrig, kunne ein på denne måten fiska med fleire snøre på ein gong. Elles gav pinnen høve til å verma hendene med ein venta på bit.

Men det som var mest spesielt om vinteren, var fiske etter den store havtorsken som kom inn i fjorden for å gyta. Å få ein slik på pilken var stor stas.

Eg hugsar den første torsken eg fiska på denne måten. Rett utanfor (Reistad-)Klubben fekk eg ein fin torsk på 3-4 kg. Eg hadde skeiser på meg, og eg vart så oppteken med fisken at eg såg ikkje at eg trakka på ”gåttet” (snøret) med skeisa. Då eg så skulle hiva pilken ut igjen, følgde ikkje snøret med. Eg hadde kutta det av, så det vart ikkje meir fising den dagen.

Ein annan gong skulle eg til Ådland i eit ærend og kom på at eg skulle gå over isen. Eg tok med meg eit fiskesnøre, men ikkje kjelke eller spark. Det hadde regna noko om natta, så det var ein del vatn på isen. Eg sleppte snøret ned i eit hol og tenkte eg kunne no prøva for moro. Og moro vart det: Eg fekk tre store torskar i dette holet, men eg hadde ikkje noko å leggja dei oppi. Eg hadde berre ein tøgstump i lomma som eg tredde dei innpå. Eg greidde ikkje å bera fiskane, men måtte dra dei etter meg innover til Ådland. Då eg hengde dei på vekta, vog den største 9 kg, og dei andre to 6 og 5 1/2 kg.

Elles delte eg interessa for fising med mannen min, Knut. Han fekk fleire gonger torskar på meir enn 10 kg på pilking. Den største vog 17. Men den sværaste torsken eg veit om som nokon har fått her inne på vikane, var visst 23 eller 24 kg. Det var Johannes Tysseland på Ådland som fekk opp denne ruggen.

Når ein fekk storfiskar på kroken, var det alltid spennande om ein hadde laga vidt nok hol i isen. Eg hugsar då Knut fekk ein av dei største fiskane sine: Denne let seg ikkje dra opp gjennom holet på vanleg måte. Då måtte han køyra neven nedi kjeften på torsken og ta tak der, slik at han fekk lirka fisken opp gjennom holet.

Eg får vel òg ta med den gongen eg hamna på fjernsyn: Det var ein fin solskinsdag i mars eg var ut på isen og fiska. Eg tenkte med meg



*Johannes Tysseland på Ådland med stortorsken på 23 - 24 kilo. Jenta på bildet er Anne Siri, dotter til Johannes.*

sjølv: Kvifor reiser folk til Syden når det er så fint her i Noreg. Då såg eg to karar som kjem dragande med kjelke utover isen. Trygve Tysse frå Søvika stod litt lenger borte. Eg sa med han at no kjem det visst storfiskarar ut til oss, dei har så mykje fiskereiskap med seg. Men då dei kom bort til oss, sa dei at dei var frå NRK Hordaland, og at dei ville laga ein reportasje om isfiske. Så dei prata med oss og spurde oss ut om fisket. Eg stod og pilka samstundes og tenkte det hadde vore kjekt å få ein torsk no. Og best det var, sette eg i ein fisk. Då eg drog opp, var det ei stor langa. Resultatet av alt dette vart nokre korte glimt i Vestlandsrevyen. Eg fekk sjå meg sjølv og kan vel ikkje nett påstå at

eg akkurat såg ut som ei filmstjerne, nei!

Garnfiske på isen er vel det som skil seg mest frå fiskemetodane ein nyttar i open sjø. Først og fremst tek det mykje meir tid å setja ut eit garn. Eg skal fortelja litt om korleis ein fer åt:

Først må ein laga til ei bein trestong. Denne kan gjerne vera 4-5 meter. Dessutan må ein ha ein trepåk på vel ein meter med kløft i enden. Då kan ein byrja arbeidet: Først høgg ein eit stort, firkanta hol med plass til å dra garnet opp med store fiskar i. Så legg ein den lange trestonga på isen, frå det holet ein har laga, i den retninga ein vil at garnet skal stå. Ein høgg så eit nytt hol ved enden av stonga. Så mæler ei ny lengd med stonga i same retninga og høgg endå eit hol. Dette gjer ein opp att til det er ei rekkje med hol bortover isen, slik at garnet får god plass mellom det første og siste holet.



Då kan ein byrja å setja ut garnet: I enden av den lange trestonga fester ein eit tunt og langt tøg (tau), ein kal, som det heiter. Så skyv ein stonga ned i det første, store holet og siktar på neste hol. Stonga flyt opp under isen fordi ho er av tre. Viss ein har sikta skikkeleg, vil enden av stonga koma til syne i neste hol. Då kan ein føra stonga vidare, og her er det trepåken med kløft i enden kjem til nytte. Med denne skyv ein stonga mot neste hol i rekkja. Slik held ein på til stonga har nått det siste holet. Her skal trestonga opp att på isen. Difor skråhøgg ein gjerne isen i bakkanten av dette siste holet. Kalen følgjer med stonga, slik at denne no går heile vegen frå det første holet til det siste. Dermed kan ein bruka kalen til å dra garnet ut same vegen: frå det første holet til det siste. Så må det festast ny kal i "bakenden" av garnet, og deretter slepper ein garnet mot botnen. Til slutt stramar ein kalane i begge endar så garnet står skikkeleg i sjøen. Kalane knyter ein til påkar eller staurar som ein legg tvers over dei to endehola. Ein kan gjerne kvelva garnkassen over det store holet, slik at ingen går seg ned i sjøen.

Det er lettast å vera to når ein skal setja garn på denne måten. Då kan den eine dra garnet ut medan den andre passar på at det går greitt nedi sjøen, men det var heller ikkje uvanleg at isfiskarar gjorde arbeidet

åleine. I alle fall kunne det vera eit storarbeid som kunne ta fleire timar – viss isen var tjukk – å setja ut eit garn. I nyare tid vart det stundom brukt motorsag til å laga hol med. Kunsten var å saga eller hogga jamt slik at ikkje sjøvatnet kom opp på eine sida av holet medan ein hadde mykje is att på elles i holet. Det er ikkje moro å hogga når sjøspruten står rundt øyro på deg! Motorsaga måtte ein iallfall leggja vekk når sjøvatnet kom opp i holet.

Når ein skulle dra garnet neste dag, tok ein det sjølv sagt opp gjennom det store holet. Men når ein hadde fått det opp, løyste ein ikkje kalen i enden. Difor kunne ein lettvent dra garnet ut igjen på same måten som ein gjorde første gongen. Dette gjorde ein vanlegvis med det same ein var ferdig med å dra garnet. Då vart altså garnet ståande eit heilt døger om gongen, men det gjekk fint om vinteren. Fisken tok ikkje skade når sjøen var så kald.

Frå gammalt skulle ein halda helgefred og ikkje lata garnet fiska natt til sundag. Då lét ein berre garnet hanga stramt oppunder isen, og så kunne ein gå sundagskvelden og sleppa det ned igjen.


Viss det fiska bra der ein hadde valt å setja garnet, lét ein det stå på same staden i mange dagar og kanskje veker, men viss ein ikkje fekk noko, var det å flytta til ein ny plass. Garnfiskarane følgde med om nokon fekk torsk på pilking ein stad. Når pilkarane var farne heim att, sette dei gjerne i gang med å hogga ut garn på denne staden. Elles var det no oppsamla røynsle gjennom mange år kva som var gode fiskeplassar. Ein sette ofte garna på dei fiskemeda ein nytta elles i året.

Eg veit ikkje kor gammalt det er dette å fiska med garn på isen. Eg hugsar ikkje det var mykje i bruk før 2. verdskrigen. Glanstida var i alle fall dei første tiåra etter krigen. Det er mange tonn torsk og annan fisk som er komen or Samnangerfjorden på denne måten. Sjølv om det kanskje ikkje er like gjævt som å dra opp storfisken med snøre, så er det moro å med garn også. Eg veit ikkje kor store fiskar dei har fått garn, men eg hugsar at den største Knut og eg fekk, vog 17 kg.

No er mykje av denne fisken borte frå vikane våre, og det kan vel vera fleire årsaker til det. Det vert fiska opp mykje meir torsk ute i havet av båtar med moderne reiskapar. Men overfiske her inne i fjorden kan òg vera ein grunn. For mange år sidan snakka eg med Knut Gjerde, "Slätte-Knut'n", om dette at det minka med torsk. Han sa:

”Skreien\* har ein gong vorte til her inne i fjorden, men når han har vakse litt, går han ut i havet og lever der til han har vorte stor og gyteferdig. Då kjem han inn att her for å gyta. Men viss det vert sett altfor mykje garn her inne, året rundt, vert fiskestamma borte. At folk set eit garn eller to, vil ikkje gjera så mykje. Men når det står garn i alle vikar frå Flesjane og innover, vert det slutt på fisken.”

*\* Fiskeekspertane har trudd at det berre er to torskestammer ved norskekysten: skreien og den lokale, meir eller mindre ”stasjonære”, kyst-torsken. Skreien, seier dei, skal ikkje gå lenger sør enn til Møre. Men nyare forskning viser at det er ei tredje stamme, som høyrer heime i Nordsjøen. Det er nok den som kjem inn i Samnangerfjorden for å gyta om seint på vinteren. Fiskarane her inne har iallfall alltid vore klar over at det er to slags torsk i Samnangerfjorden. Eg snakka med Havforskningsinstituttet om dette, og dei er interesserte i prøvar av torsk frå Samnanger for å finna ut meir om kva slags variant me har her.*  
*Øyvind Røen*



*Knut Røen med stortorsk - og barnebarnet Jostein (Steinsland-Hauge)*



# Vevgogn til perlebelte

Av Hanne Y. Aadland

I 1999 starta damene på Ådland vevkurs i det som då var det gamle postkontoret. Me fann fram gamle vevstolar frå loft og låvar, sette dei saman og fekk laga nye delar der desse var øydelagde eller mangla. Hos Olarane hadde dei ein vev som ikkje var så brei, men der ein kunne skifta ut alle bommar og utstyr som går på tvers i veven og veva full åklebreidde. Olav Aadland, Olaen, var sjølv sagt kry over at han hadde ein slik praktisk vev, men han fortalde meg og at han angra på at han i ungdomen ein gong hadde brent opp ein liten vevstol som såg ut som ei dokkeseng. Dei brukte denne veven til å veva det dei sydde perlebelte på, fortalde han. I mine auge var det tragisk at han hadde brunne opp den vesle veven, men gjort er gjort! Eg hadde nok sett ein bandvevstol på museum ein gong, men hadde aldri sett skikkeleg på ein.

Ein del år seinare, rydda Olaug og Odd-Inge Reistad husa på garden etter Olaen, og slik det er mange stader, dukkar det opp ting ein ikkje veit kva er. Og kva er dette?

Det har bommar som kan snuast rundt i begge ender, og heile tingen er berre 38 cm lang, og ser ut som han godt kunne brukast til dokke-



*Liten vev frå Olarane på Ådland.*

seng. Her har det skjedd ein av to ting. Anten har nokon redda veven unna Olaen sitt bål for 60 år sidan, eller så har det vore fleire vevar på garden. Og fleire vevar var det, ein nydeleg liten vev med metallhjul og skuffer dukka også opp. Denne såg mykje nyare ut enn den første, og då me fekk opp skuffene låg det både perler og tynne nåler der.

I Norsk folkemuseum si årbok frå 1966, «By og bygd», skriv Aagot Noss om bandlaging. Ho har mellom anna med eit bilete av ei vevgogn til perlebelte frå Hardanger. Dette er så likt på «dokkesenga» hos Olarane at eg vågar å kalla det som vart funnen på Ådland for perlevev. Her har dei truleg laga perlebelte på renning i to tidsepokar, på to ulike vevar. Det som er særleg tydeleg på dei vovne perlebelta er at perlene ligg ved sida av kvarandre, ikkje på skrå slik dei ligg når me syr på stramei. Har høyrte at folk som har god greie på bunader, lurar på korleis ein har fått til å leggja perlene parallelt. Svaret er at beltet er vove, og gjerne på ein slik liten vev.


Eg har teke i bruk den nyaste av vevane til Olaug og Odd Inge, og har sett meg føre å kopiera eit belte frå Ugjerdet. Når ein først har fått renninga i veven og greier å strama ho opp, er det berre å tre ei heil



*Og endå ein liten vev frå same tunet.*

breidde med perler på nåla. Eg tek på 17 perler i slengen. Det er fleire måtar å festa perlene på renninga, men eg har kome til at det er greit å bruka to trådar og to nåler. Ein dreg då først perlene over på tråden og held dei under renninga så det ligg ei perle mellom kvar renningstråd. Deretter trer ein den andre nåla gjennom perlene frå motsett side og over renningstrådane. Og vips sit det ei heil rad perler på plass. Med litt øving går dette ein god del fortare enn ein syr perlebelte på stramei. Men etterpå må ein montera perlevestykket på stoff og gjerne laga ein fin kant og.

Har dette vore vanleg i Samananger då, lurar vel folk på. Dei lurte i alle fall på Utne, då eg var med og vov perlebelte under demonstrasjon av ulike teknikkar 24. oktober i år. Slikt har dei ikkje brukt her, sa mange. Men i bunadutstillinga på Hardanger folkemuseum heng to perlevovne belte, og ei dame frå Velure fortalde at ho hadde ein slik vev med krotingar på frå 1700-talet. Strameien kom i siste halvdel av 1800-talet, og ein veit at dei har hatt andre måtar å laga belte på i tidlegare tider. I Samnanger har eg hos Olarane funne tre belte og ein bringeduk der noko av pynten er vevd med perler, eit belte i Ugjerdet



*Eksempel på perlevovne ting. Perlene ligg ved sida av kvarandre, ikkje på skrå.*

og to belte med tilknytning til Nordvika. I registreringane som er gjort elles i Samnanger er det ein perlevoven bringeduk og tre perlevovne belte.

Dei eldste belta er gjerne laga av perler i svart, kvitt, flaskegrønt og sennepsgult. Seinare kom lyseblått og gullfarge i Hordaland, fortel tidlegare direktør i Bunad og folkedraketrådet, Magny Smedsrud Karlberg.

Eg vil tru at det er fleire i Samnanger som har gamle perleevstolar, og mange fleire som har belte i denne teknikken.

#### *Kjelder:*

*Magny Smedsrud Karlberg, Norsk husflid nr. 1, 2004.*

*Norsk folkemuseum, By og bygd, 1966*

*Permar med registreringar på biblioteket i Samnanger.*

*Eigne registreringar*

*Hardanger folkemuseum, Utne*

*Osterøy museum*



*I oktober 2010 arrangerte Samnanger historielag kulturhistorisk kafé. Bente Kleivane Getz har starta opp med osteproduksjon på Gulleiksgarden på Tveit. Ho var med oss på kafeen og selde ost og osteprodukt. Ho valde å leggja namneseremonien for den eine osten sin til arrangementet vårt, og her er det ho har å fortelja om Nils Dyrhovden som har gjeve namn til osten hennar:*

## **”Sterke Nils’n” - Nils Dyrhovden (1907-1955)**

Av Bente Kleivane Getz

Nils Dyrhovden var ein ”sagnomsust” kraftkar frå ein liten fjellgard i Samnanger. Det var få som kunne måla seg med denne karen.

Som ein av mange søsken i ein stor barneflokk, måtte han tidleg læra seg å arbeida både på garden og på kraftanlegget i Samnanger-

vassdraget.

Utbygginga av Samnangervassdraget tok til i 2009 og var ei av dei tidlegaste kraftutbyggingane i Noreg. Nils`n var ein etterspurd smed. Smeden var ein viktig kar for å halda vedlike reiskapen som rallarane brukte.

Nils`n omkom i ei tragisk arbeidsulukke i 1955, ved Svartavassdammen ovanfor Kvitingen.

Den dag i dag lever historiane om denne store sterke karen vidare på folkemunne.

Det vert fortalt at ein gong hadde bøndene lenger nede i bygda sleppt storestuten på beite oppi fjellet, der kyrne til fjellbøndene gjekk. Kvinnfolka som skulle på stølen og mjølka var livredde for å treffe på stuten, som var mannevond. Etter at mora til Nils`n, ho Oleanna, fleire dagar på rad hadde vorte vitskremt av stuten, vart Nils`n forbanna. Han gav bøndene beskjed om å henta stuten sin. Det gjekk nokre dagar utan at noko skjedde. Då fekk Nils`n "styggasinnet" på seg og gjekk til møtes med stuten, som kom farande mot han. Han tok tak i horna på stuten, som ikkje akkurat var nokon "smågut", og fekk slengd han overende. Nils`n "sausbatt" fram- og bakføter på stuten og gjekk heim att og ringde bøndene og bad dei koma for å hente stuten sin.

Mange ville måla krefter med Nils`n, men få var dei som kunne måla seg med han.

På dansar på det lokale ungdomshuset var det alltid nokon som ville prøva seg. Ein gong fekk Nils`n erta på seg nokre karar då han var gniten på drammen. Han serverte dei nemleg i fingerbøl, på trolleskap. Ein flokk gjekk då på han og skulle ta han. Men karane vart lempa ein etter ein, i ræva og nakken og gjekk på hovudet utfor skrenten bak lokalet. Dei prøvde seg ikkje på ny.

Osten som bær Nils`n sitt namn er og ein "kraftkar" mellom ostar. Det er og få som kan måla seg med osten. Den er laga med 10 % sauemjolk og kumjolk. Det er brukt heimelaga lammeløype i osten, som den einaste ost laga med slik løype i Noreg.

Difor er osten til minne om Nils`n og den minner om Nils`n. Namnet er "Samnanger Sterke Nils`n".

## Rettingar

Leif Takvam har gjort oss merksam på eit par feil i årboka for 2009. Den første feilen skuldast at ei linje dessverre hadde ramla ut i Leif Takvam sin artikkel om Frøylandsdalens privatskole.

Om avslutninga på skulen skulle det stå:

”Ingen fikk begynne på skolen etter august 1928. Det var bare to elever igjen fra august 1933 til oktober 1934, og bare en elev igjen resten av skoleåret 1934/35 og hele skoleåret 1935/36.”

Den andre feilen både Leif Takvam og andre har gjort oss merksam på, er ein rein faktafeil. Taubaneulukka ved Svartavatnet skjedde i 1955, ikkje i 1950, som det stod i årboka for 2009.

*Red.*

# Årsmelding for Samnanger historielag 2010

Styret og nemnder

På årsmøtet 09 vart Margunn Lønnebakken vald til å halda fram som leiar for Historielaget for 1 år. Ho tok då til på sitt tredje år som leiar. Både Kjell Reistad og Magda Haugen tok attval for 2 nye år som styremedlemmer. Helge Hisdal og Anton Kåre Drønen vart valde for to år i 2009. Varamedlem Tor Wold og Britt Haukanes tok attval for eitt år som varamedlemmer.

Styret i konstituerte seg slik for 2010:

Margunn Lønnebakken, leiar

Helge Hisdal, nestleiar

Magda Haugen, skrivar

Kjell Reistad, kasserar

Anton Kåre Drønen, styremedlem.

Styret har hatt 6 styremøte og har handsama ca 35 saker. Alle styremøta har vorte haldne på Antons Kulturhistoriske senter på Frøland.

Årsmøtet valde elles desse personane til ulike verv:

Revisorar: Johannes Tyssealand, Knut N. Langeland

Vararevisor: Ada L. Haugen

Fondsneemnd: Tone Tyssealand Holmefjord, Bjarne Hauge og Helge Hisdal frå styret

Redaksjonsnemnd: Magda Haugen (redaktør), Svein O. Aadland, Nils Gåsdaal, Tor Wold.

Valnemnd: Ivar Bård Aadland, Øyvind Røen, Kirsten Dalane Kleivane



Medlemmer og arbeidsgrupper

Talet på medlemmer ved utgangen av var. Arbeidsgruppene som laget hadde i 2008, har halde fram også i 2009. (Kontaktpersonar i parentes):

Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)

Skulehistorie (Ada L. Haugen)

Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)

Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)

Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)

Gamle fotografi (Tor Wold)

Aktivitatar

I samband med årsmøtet 25.02.10 vart det halde eit kåseri av Dagfinn Malt. Han fortalde om sitt arbeid gjennom mange innhaldsrike år som medarbeidar i NRK-Hordaland. 16 personar møtte.

Historielaget har i 2010 hatt 1 tur med historisk innhald:

Tur frå Nordbygda Grendahus til Nordvik 29.08.10. Brit Haukanes gaida oss gjennom turen med mange emne undervegs: Brusfabrikken, gamleskulen / ungdomshuset, treskoverkstaden, Ugjerdet, meieriet, saga / hjulmakarverkstaden, ishuset og Thomas Nordvik sitt bruk i Nordvik. Lokale kjentfolk deltok med mykje kunnskap undervegs.

Som i 2009 styret har arbeidt med å forbetra heimesidene til historielaget. Haga Tekst er leigt inn for å hjelpa oss med det.

Årboka 2010 vil koma ut i desember 2010. I år har me valt å ha hovudvekt på kvardagsliv under 2. verdskrigen 1940-45.

Historielaget har arrangert ein kulturhistorisk kafé. Dette arrangementet fann stad 23.10.10 på Antons kulturhistoriske senter på Frøland. Til dette arrangementet hadde me invitert Bente Getz med osteprodukt, Solveig Røsseland med lefser og klapsekaker, og Rita Taule med lefser og flatbrød. Norvald Reistad som spelte trekkspel for oss. Bente K.

Getz hadde ein seremoni der ho døypte ein av ostane sine: Sterke-Nils'n

Styret vil senda ut informasjon til medlemmene i desember saman med Årboka for 2010 og innbetalingsblankett for medlemskontingent 2011.

Styret har vektlagt marknadsføring av Historielaget og dei ulike aktivitetane i laget. Dette har vorte gjort gjennom artiklar og annonser i lokalavisa Samningen og gjennom artiklar på heimesidene våre [www.samnanger-historielag.no](http://www.samnanger-historielag.no).

#### Samarbeid med andre

Styret har også i 2010 hatt eit godt samarbeid med Anton Drønen og Antons kulturhistoriske senter. Dette er eit positivt samarbeid som laget ynskjer å halda fram med.

Også i 2010 har Historielaget hatt eit godt samarbeid med Samnanger kommune og dette ynskjer styret å vidareutvikla i åra som kjem

#### Utfordringar

Aktivitetsnivået i laget gjer at mange personar har mange og arbeidskrevjande aktivitetar. Det er ynskjeleg at fleire av medlemmane tek aktivt del i dei ulike oppgåvene laget har. Det er særskild påkravd å få inn aktive medlemmer som kan engasjera seg med digitalisering av bilete og film. Sameleis er det ynskjeleg at fleire tek del i det krevjande arbeidet med årboka vår.


Særskild gledeleg er det at me i 2011 vil makta å slutføra filmprosjektet vårt: Ein film om kraftutbygginga i Samnanger som Tor Wold skal ha mykje av æra for gjennomføringa av. Me gler oss!

#### Oppsummering

Samnanger Historielag har hatt eit høgt aktivitetsnivå i 2010. Interessa for laget og aktivitetane har vore aukande. I Samnanger er det tydelegvis trong for den type aktivitetar som laget har. Medlemstalet har vore stabilt: 80 i 2009 og 78 i 2010. Styret ser fram til nye aktivitetar i 2011.

**Magda Haugen**  
**Skrivar**





Samnanger historielag